Kapittel 8 Variabelanalyse

8.0 Innleiing

I dette kapittelet vil eg ta føre meg kvar einskild av dei språklege variablane og diskutere dei i detalj. Eg vil for det første sjå på variantfordelinga hos dei unge og dei vaksne på høvesvis Røros og Tynset. Deretter vil eg også sjå på den individuelle variantfordelinga for å kunne seie noko om den inter- og intraindividuelle variasjonen for kvar av variablane. Eg vil også undersøkje om denne variasjonen kan forståast i lys av ulike sosiale dimensjonar som t.d. gruppetilhørsle og kulturell orientering. Dei sosiale forklaringane er rett nok ikkje eit hovudpunkt i denne delen av analysen, men er noko vi vil kome nærare attende til i kapittel 9 og 10. Eg vil likevel gi hint om, allereie i denne delen av analysen, kva for sosiale dimensjonar som ser ut til å vere verksame ved dei ulike språklege variablane.

Ved dei to fonologiske variablane S-PAL (postalveolar uttale av *sk*) og A-PAL (palatalisering av lange alveolarar og alveolarsamband) vil eg i tillegg til stad, alder og individuell bruk, også granske meir internspråklege forhold som kan tenkjast å ha innverknad på nivelleringa av desse trekka. Posisjon i ordet, frekvens og fonetisk kontekst er blant dei forholda eg vil sjå nærare på. Handsaminga av desse to variablane er derfor ein god del meir omfangsrik enn handsaminga av resten av variablane. Det gjeld særleg handsaminga av dei palatale alveolarane. Her har eg teke meg den fridomen å gå i djupna på mellomvarianten. Under dette punktet finn vi dermed ein relativ lang ekskurs som inkluderer ein akustisk-fonetisk analyse av dei ulike aktuelle lydkvalitetane.

I den siste delen av kapittelet vil eg sjå på om det finst visse einsidige restriksjonar mellom dei ulike språklege variablane på ordnivå, slik at nivellering av eit trekk med nødvendigheit vil føre med seg nivellering av eit anna trekk. Eg vil vidare samanlikne utviklinga på dei to plassane slik dei manifesterer seg gjennom dei språklege variablane som er studerte her.

8.1 Postalveolar uttale av *s* framfor *k*: S-PAL

På Røros blir *s* tradisjonelt uttalt som ein postalveolar frikativ, /ʃ/, når han står framfor *k*, både ordinitialt, -medialt og -finalt, og også i samansettingar eller i sandhi-posisjon (jf. kap. 6, pkt. 6.1.1). Variabelen gjeld berre for Røros, og er det mest særmerkte trekket for den tradisjonelle rørosdialekten. Det er også det språktrekket som hyppigast blir nemnt når rørosinformantane skal skildre dialekten sin. Dette er såleis rørosmålets "sjibbolett", men det går neppe så blodig føre seg på Røros som ved Jordans breidder:

> Gilead-mennene stengde vadestadene over Jordan for efraimittane. Kvar gong det kom ein efraimitt som hadde rømt, og ville sleppa over, spurde dei: "Er du frå Efraim?" Svara han då nei, sa dei til han: "Sei sjibbolet!" Men sa han "sibbolet", fordi han ikkje kunne seia ordet rett, så greip dei han og drap han der ved vadestadene over Jordan. Den gongen fall det førtito tusen mann av Efraims-ætta. (GT 1978: Dom 12,5-6).


I det vidare vil det både vere interessant å sjå nærare på korleis ulike språkinterne og språkeksterne forhold verkar inn på nivelleringa av rørossjibboletten. Eg vil først undersøkje om nivelleringa skjer etter noko bestemt mønster avhengig av posisjon i ordet, frekvens og fonetisk kontekst. Eg vil også undersøkje om uttalen av *sk* varierer mellom informantane og hos den enkelte informant, og om denne variasjonen kan forståast i lys av ulike sosiale dimensjonar som t.d. alder, gruppetilhørsle og kulturell orientering.

8.1.1 Variasjon i uttalen av *sk* etter alder og posisjon i ordet, Røros

Det samla talet på belegg for denne variabelen i rørosmaterialet er som vi kan sjå av tabell 8.1.1, 841 førekomstar. Av desse er 471 nivellerte (56 %) og 370 lokale variantar (44 %). Fordelinga på dei unge og dei vaksne informantane er, som vi ser, ganske slåande. Over to tredelar av belegga hos dei unge har den nivellerte forma /sk/, medan det motsette er tilfellet hos dei vaksne, der meir enn to tredelar av belegga har den tradisjonelle lokale forma /ʃk/ (jf. fig. 8.1.1).

Tabell 8.1.1 Uttale av *sk* etter alder, Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Kode	L1	N1	Totalt
Unge	(180) 30.8 %	(405) 69.2 %	**585**
Vaksne	(190) 74.2 %	(66) 25.8 %	**256**
Totalt	(370) 44 %	(471) 56 %	**841**



Figur 8.1.1 Uttale av *sk* etter alder, Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Konsonantsambandet *sk* blir som nemnt uttalt som /ʃk/ i alle posisjonar. Som vi kan sjå av tabell 8.1.3, er den tradisjonelle uttalen av *sk* mest utsett for nivellering når sambandet står medialt, med om lag 63 % nivellerte former. Men forskjellane er ikkje store. Både ordinitialt og -finalt ligg talet på nivellerte former på rundt 50 % (jf. tab. 8.1.2 og 8.1.4).

Tabell 8.1.2 Uttale av *sk* ordinitialt etter alder, Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Kode	L1	N1	Totalt
Unge	(96) 34.8 %	(180) 65.2 %	**276**
Vaksne	(94) 72.3 %	(36) 27.7 %	**130**
Totalt	(190) 46.8 %	(216) 53.2 %	**406**

Tabell 8.1.3 Uttale av *sk* ordmedialt etter alder, Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/


Kode	L1	N1	Totalt
Unge	(53) 24.9 %	(160) 75.1 %	**213**
Vaksne	(48) 77.4 %	(14) 22.6 %	**62**
Totalt	(101) 36.7 %	(174) 63.3 %	**275**

Tabell 8.1.4 Uttale av *sk* ordfinalt etter alder, Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Kode	L1	N1	Totalt
Unge	(31) 32.3 %	(65) 67.7 %	**96**
Vaksne	(48) 75 %	(16) 25 %	**64**
Totalt	(79) 49.4 %	(81) 50.6 %	**160**

Dersom vi ser på tala for dei vaksne informantane, går det fram at forskjellen mellom dei ulike posisjonane er minimal. Rundt ein fjerdedel av belegga blir nivellerte av dei vaksne uavhengig av om *sk* står i byrjinga, midt i eller i slutten av ordet. Det betyr at dei unge må vere ansvarlege for dei forskjellane vi ser i totaltala. Hos ungdomane blir *sk* nivellert mest

når det står midt i ordet. Heile tre fjerdedelar av førekomstane der *sk* står medialt, blir nivellerte av denne aldersgruppa. Ei mogleg forklaring på dette kan vere at *sk* i innlyd inkluderer samansette ord som *arbeidskar*, *fritidsklubb, slåsskamp* osb., altså tilfelle der *sk* står i sandhi-posisjon. Dersom vi ser på desse orda isolert, viser det seg at over 80 % av dei har nivellert uttale hos dei unge (jf. vedlegg 8.1.1 for fullstendig oversyn over alle belegg hos dei unge). Men nivelleringsprosenten hos dei unge er høg også når *sk* står først eller sist i ordet. Om lag to tredelar av førekomstane i desse posisjonane blir nivellerte i ungdomsgruppa. Utan omsyn til kvar i ordet *sk* førekjem, er altså nivelleringsprosenten relativt høg hos ungdomen. Ein kan dermed neppe trekkje vidløftige konklusjonar av at *sk* medialt relativt sett har den høgaste nivelleringsprosenten. Forskjellane er i alle høve etter måten små (jf. også fig. 8.1.2). Ein kji-kvadrattest som testar for homogenitet, dvs. om sannsynlegheita for nivellering er den same uavhengig av kva for posisjon *sk* opptrer i, viser også at forskjellane mellom dei ulike posisjonane *ikkje* er signifikante ved signifikansnivå = 0,05 (jf. vedlegg 8.1.3).[98] Om *sk* står ordinitial, -medialt eller -finalt, har altså liten innverknad på graden av nivellering. Både hos dei vaksne og dei unge blir *sk* nivellert om lag like mykje utan omsyn til kvar i ordet det står.



Figur 8.1.2 Uttale av *sk* etter posisjon i ordet og alder, Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

[98]Testobservatoren var $\chi 2=5,656$ og p-verdien=0,059. Dermed får vi *ikkje* forkasting av nullhypotesen om homogenitet. Forkasting skjer ved signifikansnivå=0,05. Men dersom vi er litt mindre "strenge" og går ut frå eit signifikansnivå=0,10, ville vi få forkasting av nullhypotesen. Det vil seie at posisjon i ordet *kan* ha ein viss innverknad på sannsynlegheita for nivellering.

8.1.2 Variasjon etter frekvens og posisjon i ordet

Det kan vidare vere interessant å sjå på om der er nokon forskjell i nivelleringsprosent alt etter kor *frekvent* eit ord er (jf. vedlegg 8.1.1 og 8.1.2 for fullstendig oversyn over alle belegga hos høvesvis unge og vaksne). Det mest frekvente ordet hos dei unge informantane der *sk* står ordinitialt, er *skal* med heile 129 belegg (jf. vedlegg 8.1.4). Mest tre fjerdedelar av førekomstane av dette ordet har nivellert uttale. Det nest mest frekvente ordet i denne posisjonen er s*kulle* med 50 belegg og ein nivelleringsprosent på rundt 40 %. Ulike variantar av *skole* (*skolen*, *skolene*, *skolefri* osb.) har 32 belegg – 19 av desse, eller rundt 60 %, førekjem med nivellert uttale.

Ulike variantar av *skate*, *skatar*, *skating* osb. har 18 belegg. Berre *eitt* av desse opptrer i den lokale varianten og følgjeleg 17 i den nivellerte varianten. Dette er ikkje så overraskande, sidan dette er etter måten nye importord knytt til ein utprega urban livsstil. Det er heller overraskande at eitt av belegga faktisk førekjem med den lokale uttalen /ʃk/. Sjølv om desse orda tilfeldigvis er relativt frekvente i mitt materiale, kan dei neppe seiast å vere høgfrekvente ord ålment. Det same gjeld ordet *skuter* og ulike samansetningar med *skuter,* som førekjem heile 14 gonger hos dei unge. Dette ordet er også eit relativt nytt importord, men i motsetnad til *skate* er *skuter* i større grad knytt til det lokale miljøet, særleg til bus-gjengen, og til utøving av ein lokal livsstil. Det kan kanskje forklare kvifor halvparten av desse orda har den tradisjonelle uttalen. Det er likevel interessant å merke seg at eit såpass nytt importord som *skuter* blir tilpassa den lokale uttalen, og at /ʃk/ dermed er ein produktivt fonologisk regel hos enkelte. Sidan både *skatar* og *skuter* er relativt frekvente i mitt materiale, men ikkje kan seiast å vere frekvente ord meir ålment, vil dei bli haldne utafor i denne samanhengen, og vil altså ikkje reknast med korkje mellom dei høg- eller lågfrekvente orda. Dei lågfrekvente orda der *sk* står ordinitialt, har alle 3 belegg eller mindre.

Det mest frekvente ordet der *sk* står medialt hos dei unge, er *ganske* med 95 belegg. Heile 78 av desse, dvs. fire femdelar, førekjem med nivellert uttale. *Vanskeleg* er det nest mest frekvente ordet, med 22 belegg. Om lag tre fjerdedelar av desse har nivellert uttale. *Diskotek* og *påske* har 4 belegg kvar – alle nivellerte, og *husker* har 5 belegg, også alle nivellerte. Både *diskotek*, *påske* og *husker* blir rekna saman med dei lågfrekvente orda. Resten av dei lågfrekvente orda der *sk* står i innlyd, har stort sett eitt eller to belegg kvar.

Faktisk og *typisk* er dei to mest frekvente orda der *sk* står finalt hos dei unge. Begge blir nivellerte i rundt tre fjerdedelar av tilfella. Utanom *engelsk* som har fire belegg, har dei lågfrekvente orda der *sk* står i utlyd, eitt eller to belegg.

Forskjellen mellom nivelleringsprosenten i høg- og lågfrekvente ord er størst når *sk* står først i ordet (jf. vedlegg 8.1.4). Om lag tre femdelar (63.8 %) av høgfrekvente ord med *sk* ordinitialt opptrer i nivellert form, medan heile fire femdelar (85.3 %) av dei lågfrekvente orda med *sk* i denne posisjonen har den lokale forma. Det svært høgfrekvente ordet *skal* må nok ta mykje av skulda, eller æra, for den høge nivelleringsprosenten her. Forskjellane er ikkje like store når *sk* står midt i eller sist i ordet, men også her ser vi at det er ein viss forskjell mellom frekvente og mindre frekvente ord (respektive 80.3 % nivellering mot 68.7 % i innlyd, og 77.6 % mot 52.6 % i utlyd). Ifølgje frekvensordboka er alle dei orda som er rekna blant dei høgfrekvente her, også relativt frekvente ord i skrift (jf. Vestbøstad 1989).


Det er i stor grad dei same orda som er mest frekvente også hos dei vaksne informantane (jf. vedlegg 8.1.5). Det gjeld både når *sk* står først, midt i og sist i ordet. Hos dei vaksne ser det likevel ut til å vere liten forskjell på nivelleringsprosenten i høg- og lågfrekvente ord. Både *sk*-initialt og *sk*-medialt blir nivellert i om lag ein fjerdedel av tilfella uavhengig av frekvens. Berre når *sk* står sist i ordet, kan vi sjå ein viss forskjell i nivelleringsprosent avhengig av frekvens. Men forskjellane er ikkje store her heller (31.3 % i høgfrekvente ord mot 18.8 % i lågfrekvente). Her er det ordet *faktisk* som må ta mykje av ansvaret, sidan det blir nivellert i halvparten av tilfella. Om lag ein fjerdedel av alle *sk*-samband både i høg- og lågfrekvente ord blir altså nivellerte hos dei vaksne informantane, uavhengig av posisjon. Dersom vi slår saman tala for høgfrekvente ord i alle posisjonar og lågfrekvente ord i alle posisjonar for respektive unge og vaksne, ser vi at dei unge har ein tendens til å nivellere *sk* i frekvente ord meir enn i lågfrekvente ord, medan det same ikkje er tilfelle hos dei vaksne informantane (jf. tab. 8.1.5, 8.1.6, fig. 8.1.3 nedafor). Hos dei unge blir høgfrekvente ord nivellerte i nesten tre fjerdedelar av tilfella, mot litt over to fjerdedelar i lågfrekvente ord. Hos dei vaksne blir *sk* i høg- og lågfrekvente ord nivellert om lag like mykje (jf. tab. 8.1.6, fig. 8.1.3 nedafor).

Tabell 8.1.5 Høgfrekvente kontra lågfrekvente ord. Samla tal for dei vaksne på Røros

Kode	L1	N1	Totalt
Høgfrekvente ord	(116) 72 %	(45) 28 %	**161**
Lågfrekvente ord	(74) 78 %	(21) 22 %	**95**
Totalt			**256**

Tabell 8.1.6 Høgfrekvente kontra lågfrekvente ord. Samla tal for dei unge på Røros

Kode	L1	N1	Totalt
Høgfrekvente ord	(112) 29.1 %	(273) 70.9 %	**385**
Lågfrekvente ord	(77) 45.8 %	(91) 54.2 %	**168**
Totalt			**553**



Figur 8.1.3 Uttale av *sk* etter frekvens og alder, Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Frekvens og posisjon har såleis lite å bety for nivelleringsgraden hos dei vaksne, men for dei unge, som generelt nivellerer dette trekket langt meir enn dei vaksne, gir frekvens eit tydeleg utslag. Hos dei unge blir rørossjibboletten jamt over nivellert hyppigare i høgfrekvente ord enn i lågfrekvente ord, uavhengig av om *sk* står først, sist eller midt i ordet. To kji-kvadrattestar for høvesvis unge og vaksne som testar for homogenitet, dvs. om sannsynlegheita for nivellering er den same i høg- og lågfrekvente ord, viser at forskjellen er signifikant hos dei unge informantane, men ikkje hos dei vaksne (jf. vedlegg 8.1.6).[99] Som Bakken (1995:63) peiker på, vil eit ord med høg frekvens i språkbruken raskare bli konvensjonalisert. Frekvens gir slik sett betre vilkår for at orda blir prega inn i leksikonet som einingar. Ut frå dei ulike tabellane og figurane ovafor har vi sett at den postalveolare uttalen av *s* framfor *k* forsvinn først ut av dei mest frekvente orda, og er noko meir resistent i lågfrekvente ord hos dei unge.[100]

[99] Ved kji-kvadrattesten for dei unge var testobservatoren $\chi 2=14{,}574$ og p-verdien=0,000. Dermed kan nullhypotesen om homogenitet forkastast. Forkasting av nullhypotesen skjer ved p-verdi < 0,05. For dei vaksne var testobservatoren $\chi 2=1{,}067$ og p-verdien=0,302. Nullhypotesen om homogenitet kan dermed *ikkje* forkastast.

[100] Ifølgje Bybee (2001) tyder det at frekvente ord blir endra *før* mindre frekvente ord på at det er ei artikulatorisk motivert endring. Men viss denne lydendringa hadde vore artikulatorisk motivert, skulle endringa etter hennar modell ha gått i motsett retning dvs. frå /sk/ til /ʃk/ fordi endringar i daglegtalen i dei

8.1.3 Variasjon etter fonetiske omgivnader

Det kan vidare vere interessant å sjekke om *sk* blir nivellert meir eller mindre alt etter kva for fonetisk kontekst konsonantsambandet opptrer i. Det vil seie kva for vokal eller konsonant som kjem før eller etter *sk*. Dei aktuelle fonetiske omgivnadene her er *sk* etter /i/, /ɑ/, /e/, /n/ og /l/, og *sk* før /ɑ/, /e/, /u/, /ʉ/ og /r/.[101]

Av tabell 8.1.7 nedafor går det fram at *sk* blir nivellert hyppigast etter /n/ (62.4 %) og sjeldnast etter /ɑ/ (40 %). Vi må likevel ta visse atterhald her. Enkelte ord er, som vi har sett, svært frekvente og kan på den måten vere "ansvarlege" for det mønsteret som viser seg. Kan hende vil det avteikne seg eit noko anna mønster dersom vi ser på dei lågfrekvente orda isolert. *Sk* opptrer aller hyppigast etter /i/ og /n/. Grunnen til dette er dels dei svært høgfrekvente orda *faktisk* med 62 belegg og *ganske* med 110 belegg, og dels at *isk* og *nsk* opptrer i mange ulike ord. Dersom vi held *faktisk* utafor, opptrer *isk* med 86 belegg fordelt på 43 ulike ord. Av desse belegga har 45.3 % den nivellerte forma /sk/ og 54.7 % den lokale forma /ʃk/. Dersom vi held *ganske* utafor, førekjem *nsk* med 79 belegg fordelt på 34 ulike ord. Av desse belegga har 48 % den nivellerte forma og 52 % den lokale forma. Når vi tek bort dei høgfrekvente orda *faktisk* og *ganske*, blir altså fordelinga mellom dei ulike vokalane og konsonantane temmeleg lik, med ein nivelleringsprosent på mellom 40 % og 50 %.

Kva for vokal eller konsonant som kjem før *sk* ser *ikkje* ut til å ha noko å bety for nivelleringsgraden korkje dersom vi held dei høgfrekvente orda utafor, eller om vi inkluderer dei. To kji-kvadrattestar som testar for homogenitet i høvesvis lågfrekvente ord isolert og alle orda samla, støttar dette synet. Testane viser nemleg at den fonetiske konteksten framfor *sk ikkje* gir signifikant utslag (jf. vedlegg 8.1.7).[102] Det vil seie at sannsynlegheita for nivellering er den same uavhengig av kva for vokal eller konsonant som står framfor *sk*.

---

fleste tilfelle vil vere assimilasjonar eller reduksjonar (jf. Bybee 2001:77f). Dermed har vi her endå eit argument for at overgangen frå /ʃk/ til /sk/ *ikkje* er ei språkinternt motivert endring, men ei kontaktendring. Dermed er også ulike internspråklege forklaringar mindre relevante her og dei sosiolingvistiske atskillig meir interessante og relevante.

[101] Det finst også nokre døme på *sk* etter /ʉ/, /u/, /y/, /d/, /r/ og /m/ og *sk* før /t/ og /l/, men sidan det berre er snakk om eit par belegg på kvar, er desse tilfella ikkje tekne med her. *Sk* i framlyd og i utlyd er heller ikkje teke med her sidan det har vore handsama tidlegare (jf. pkt. 8.1.1).

[102] Begge kji-kvadrattestane hadde fire fridomsgrader. For alle orda samla var testobservatoren $\chi 2=3{,}685$ og p-verdien 0,450. For dei lågfrekvente orda isolert var testobservatoren $\chi 2=0{,}411$ og p-verdien=0,982. Nullhypotesen om homogenitet kan dermed *ikkje* forkastast i nokon av tilfella. Forkasting av nullhypotesen skjer ved p-verdi < 0,05.

Tabell 8.1.7 Uttale av *sk* avhengig av fonetisk omgivnad *før sk*, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Kode	L1	N1	Totalt
/**i**/	(65) 44 %	(83) 56 %	**148**
/**e**/	(5) 50 %	(5) 50 %	**10**
/**ɑ**/	(6) 60 %	(4) 40 %	**10**
/**n**/	(71) 37.6 %	(118) 62.4 %	**189**
/**l**/	(7) 50 %	(7) 50 %	**14**
Totalt			**371**

Når vi derimot ser på dei fonetiske omgivnadene *etter sk*, ser det ut til at fonetisk omgivnad likevel kan ha noko å seie for nivelleringa av dette trekket. Tabell 8.1.8 nedafor viser at *sk* blir nivellert mest etterfølgt av /ɑ/ og /e/ og desidert minst før /ʉ/ og /r/. Vi må likevel ta det same atterhaldet her som ovafor. Høgfrekvente ord kan også her vere "ansvarlege" for det mønsteret som viser seg. Vi vil derfor sjå om vi finn eit anna mønster dersom vi ser på dei lågfrekvente orda isolert.

Tabell 8.1.8 Uttale av *sk* avhengig av fonetisk omgivnad *etter sk*, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/


Kode	L1	N1	Totalt
/**ɑ**/	(84) 33.2 %	(169) 66.8 %	**244**
/**e**/	(61) 33.7 %	(120) 66.3 %	**181**
/**u**/	(52) 47.3 %	(58) 52.7 %	**110**
/**ʉ**/	(67) 63.2 %	(39) 36.8 %	**106**
/**r**/	(22) 75.9 %	(7) 24.1 %	**29**
Totalt			**670**

Som vi såg ovafor, er ordet *skal* svært frekvent, med 180 belegg totalt. Dette ordet åleine står for heile tre fjerdedelar av belegga på *sk* framfor /ɑ/, og kan dermed vere grunnen til den høge nivelleringsprosenten. Men dersom vi fjernar dette enkeltordet, og ser på variantfordelinga ved resten av orda der *sk* blir etterfølgt av /ɑ/, viser det seg at nivelleringsprosenten blir endå *høgare* (N1 (56) 76.7 % og L1 (17) 23.3 %).

Orda *ganske* og *vanskelig,* med 138 belegg totalt, står for over tre fjerdedelar av belegga på *sk* framfor /e/. Dersom vi fjernar desse orda, får vi derimot ein vesentleg *lågare* nivelleringsprosent (N1 (23) 53.3 % og L1 (20) 46.5 %). Med sine 85 belegg står *skulle* for tre fjerdedelar av belegga på *sk* framfor /ʉ/. Dersom vi ser bort frå dette ordet, blir nivelleringsprosenten mykje *høgare* att (N1 (14) 66.7 % og L1 (7) 33.3 %). *Skole* står med sine 53 belegg for om lag halvparten av belegga på *sk* framfor /u/. Fjernar vi dette ordet, er nivelleringsprosenten uendra (N1 (30) 57.7 % og L1 (27) 47.3 %). Framfor /r/ opptrer

ikkje *sk* i nokon høgfrekvente ord, så her er tala dei same. Vi ser altså at det ikkje er nokon systematikk i kombinasjonen høgfrekvent pluss fonetisk omgivnad etter *sk*.

I figur 8.1.4 nedafor ser vi framstilt korleis det samla resultatet blir dersom vi fjernar dei høgfrekvente orda. Av figuren går det fram at nivelleringsprosenten er relativt høg, og nokre gonger til og med høgare, dersom vi tek bort dei høgfrekvente orda. Nivelleringa av *sk* framfor /ʉ/ aukar vesentleg, og avstanden i graden av nivellering av *sk* framfor /ɑ/ og /e/ aukar. Elles er forholdstala heilt like.




Figur 8.1.4 Nivellering av *sk* etter frekvens og fonetisk kontekst framfor *sk*, (N1 høg+låg) /sk/ framfor ulike vokalar og /r/ *i alle* ord og (N1 låg) /sk/ *berre* i lågfrekvente ord

To kji-kvadrattestar, ein for alle orda samla og ein berre for dei lågfrekvente orda, stadfestar at *sk* framfor /ɑ/ blir nivellert hyppigare enn framfor dei andre vokalane, medan *sk* framfor /r/ blir nivellert sjeldnare enn framfor vokalane. Dette gjeld både ved alle orda samla og ved dei lågfrekvente orda isolert.[103] Ein nullhypotese om homogenitet må dermed forkastast (jf. vedlegg 8.1.8). Dette kan tyde på at dei fonetiske omgivnadene *har* ein viss innverknad på kor resistent rørossjibboletten er, og at resistensen ikkje *berre* er leksikalsk avhengig.

Dersom vi ser på dei lågfrekvente orda hos dei unge isolert, blir likevel tala noko annleis (jf. fig. 8.1.5). Her er nivelleringsprosenten jamt over høgare før alle vokalane og *sk* blir nivellert desidert mest framfor /u/ og /ʉ/. Den lokale uttalen /ʃk/ er framleis mest

[103] Begge kji-kvadrattestane, som testa for homogenitet, hadde fire fridomsgrader. Testobservatoren for høg- og lågfrekvente ord samla var: $\chi 2=47{,}592$ og for dei lågfrekvente åleine: $\chi 2=25{,}868$. I begge tilfella var p-verdien=0,000. Tala gjeld for dei unge og dei vaksne informantane samla. Forkasting av nullhypotesen skjer ved p-verdi < 0,05.

resistent framfor /r/. Dei samla tala var her likevel for små til å kunne utføre ein kji-kvadrattest.



Figur 8.1.5 Lokal kontra nivellert uttale av *sk* i lågfrekvente ord hos dei unge på Røros, (L1 unge) /ʃk/ og (N1 unge) /sk/


Samla sett er /ʃk/ signifikant minst resistent framfor /ɑ/, men hos dei unge er trekket minst resistent framfor /u/ og /ʉ/ i lågfrekvente ord. Dermed blir det meir usikkert i kva grad dei fonetiske omgivnadene har noko å seie for overgangen frå /ʃk/ til /sk/. Det faktum at /ʃk/ er mest resistent framfor /r/, fell dessutan saman med at trekket er mest resistent i lågfrekvente ord. Som nemnt ovafor førekjem *sk* framfor /r/ utelukkande i lågfrekvente ord. Forklaringa på at trekket er mest resistent her, kan dermed like gjerne vere at det berre opptrer i lite frekvente ord, som at resistensen er avhengig av dei fonetiske omgivnadene.

8.1.4 Variasjon på individ- og gruppenivå

Dersom vi ser på fordelinga av den lokale varianten /ʃk/ og den nivellerte varianten /sk/ hos dei einskilde informantane, går det fram at det er relativt *lite* intraindividuell variasjon og dess større interindividuell variasjon når det gjeld bruken av dette språkdraget.[104] Det er nærmast slik at informantane anten har den lokale varianten, eller så har dei den ikkje. Det kan tyde på at dette trekket anten fungerer som ein gjennomført fonologisk regel hos den enkelte eller så er regelen så å seie fullstendig erstatta av ein ny regel. Dermed har heile

[104] Talet på belegg per informant varierer noko – Hogne har t.d. berre 7 belegg, medan Chris og Eli har heile 69 belegg kvar av dette språktrekket. For fullt oversyn over talet på belegg og variantfordelinga deira per informant, sjå vedlegg 8.1.1.9.


den føregåande diskusjonen, der eg såg på om frekvens, fonetisk omgivnad og posisjon i ordet kunne ha noko å seie for nivelleringa av dette trekket, gjerne mindre relevans i denne samanhengen. Dette er eit døme på at ein kan kome fram til skeive resultat dersom ein ser på heile grupper samla og ikkje på fordelinga hos det enkelte individ. For at desse internspråklege forholda skal vere av interesse, må ein vurdere dei hos individ som faktisk varierer i bruken av dette språktrekket. Av figur 8.1.6 nedafor kan vi sjå at tre av informantane har ein del intern variasjon i bruken av rørossjibboletten. Det er ungdomane Chris og Carola og den vaksne forretningsmannen Ragnar.



Figur 8.1.6 Uttale av *sk* hos unge og vaksne på Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Chris, som seier eksplisitt i intervjuet at han prøver å halde på dialekten så langt det går, bruker stort sett den lokale varianten, men har også innslag av den nivellerte (13 %). Det er ingen klare mønster for i kva for ord han bruker den nivellerte uttalen – det skjer både i høgfrekvente ord som *skal*, *ganske* og *faktisk* og i lågfrekvente ord, men gjeld kanskje særleg i samansette ord, som *ungdomskultur* og *samfunnskunnskap* (dvs. der *sk* står i sandhi-posisjon). Ingen av desse samansette orda har den lokale uttalen. Carola bruker den nivellerte varianten mest, men har den lokale uttalen av *sk* i ein fjerdedel av tilfella. Heller ikkje hos Carola er det mogleg å avdekkje tydelege mønster i vekslinga mellom lokal og nivellert uttale. Dei høgfrekvente orda *skal*, *skulle* og *skole* førekjem både i nivellert og tradisjonell form, det same gjeld ulike lågfrekvente ord. Men det er interessant at det lokale ordet *rørosisk,* som ho bruker fire gonger, berre førekjem med den lokale uttalen. Det gjeld også *kameratskap* og *naboskap*. Alle desse orda førekjem i samanhengar der Carola snakkar om ting ho likar og vurderer som positive sider ved rørossamfunnet. Ragnar er den av informantane som har størst intraindividuell variasjon, med ei 40/60-fordeling av respektive den nivellerte og den lokale varianten. Hos Ragnar er det også både høg- og

lågfrekvente ord som blir nivellerte, og elles ingen klare mønster i nivelleringa. Resten av informantane bruker stort sett gjennomført anten den lokale uttalen /ʃk/ eller den nivellerte uttalen /sk/ av rørossjibboletten. Dersom vi ser på bruken av den nivellerte varianten isolert, får vi ei klassisk s-kurve, med få informantar i midten og mange anten rundt 0 % eller rundt 100 % (jf. fig. 8.1.7 nedafor).




Figur 8.1.7 Bruk av den nivellerte varianten hos alle informantane på Røros, (N1) /sk/)

Dersom vi ser på dei vaksne informantane for seg, går det fram at fire av dei vaksne, Anna, Gunn, Eli og Stein, stort sett held seg til den lokale uttalen av variabelen. Ragnar varierer, som vi har sett, mykje, medan Tom så å seie fullstendig har gått over til den nivellerte varianten (jf. fig. 8.1.8 nedafor). I intervjuet seier Tom at han er klar over at han har forandra ein del på dialekten sin, og forklarar dette med at han har budd vekke i fleire år i samband med studiar og jobb:


> je = tru je kan snakke rørosing relativt godt [=] =e= visst je = skjerpe meg [[=]] men =e= gjennom å ha jobba = i Oslo 'spesielt trur je = =e= kanskje mest det året je 'vikarierte på på ei skole = så 'underviste je fire år på et gymn'as i xx (PLASS I NORD-TRØNDELAG) = og etter der altså så =e= vart 'dialekten min ødelagt = og det preges je jo tå ennå =e=

Sidan den postalveolare uttalen av *s* framfor *k* er eit svært lokalt trekk, er det ikkje overraskande at dette trekket har vorte råka av forandring hos Tom. Og det er interessant å merke seg at han ikkje har teke opp (att) bruken av dette trekket etter at han flytta heim til Røros (dersom han hadde det i utgangspunktet, då).



Figur 8.1.8 Uttale av *sk* hos dei vaksne på Røros, (L1) /ʃk/) og (N1) /sk/


Dersom vi ser på dei unge informantane for seg, går det tydeleg fram at det berre er ein liten gjeng med gutar som held på rørossjibboletten (jf. fig. 8.1.9 nedafor). Med unntak av Chris er dette gutar som går på yrkesfagleg studieretning og som tilhøyrer bus-gjengen. Dei kjem frå ikkje-akademiske familiar, er lokalt orienterte og ønskjer å busette seg på Røros.



Figur 8.1.9 Uttale av *sk* hos dei unge på Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Tilhørsle i ulike ungdomsgrupper ser ut til å vere særleg utslagsgivande når det gjeld dette trekket. Medan busane (Hogne, Tore, Finn og Trym) er svært stabile i bruken av den tradisjonelle uttalen, har sossen/skatarane (Magne, Bjørn, Trym og Sondre) kasta vrak på rørosuttalen. Det same gjeld i stor grad for dei skuleorienterte ungdomane. Både idrettsungdomen (Carola, Eirik, Linn og Bente) og dei kulturaktive ungdomane (Chris, Iris

og Ailin) bruker for det meste den nivellerte varianten av dette trekket (fig. 8.1.10 nedafor).



Figur 8.1.10 Uttale av *sk* etter gruppetilhørsle, Røros, (L1) /ʃk/ og (N1) /sk/

Grunnen til at gruppa skule/kultur skårar såpass høgt på den lokale uttalen som dei gjer, er at Chris høyrer heime i denne gruppa. Det kan verke som om det å ta vare på den lokale dialekten i stor grad er eit bevisst identitetsval for Chris, og ikkje noko som nødvendigvis er eit utslag av tradering frå foreldregenerasjonen (jf. kap. 10, pkt. 10.1.3.2). Sjølv om han *ikkje* planlegg ei framtid på Røros, er det viktig for han å halde fast ved dialekten. Han seier bl.a.:

> altså jo je tye det er litt vik- tye det er lite viktig å beholde kåmmå på bakgrunn = bakgrunn og sånne ting for altså sjøl om du = fær ut og ser ein -- ser nye kult'ura og = nye ting så =e= e det nok viktig at vi ikk glømme = glømme oppvekst og sånne ting for altså det er jo en veldig stor del tå din identi'tet da [[ ]] den du e da så nei det -- det e egentlig en ganske vanskeli -- vanskeli 'problemstilling men = nei je ska prøve å holle på 'dialekta så langt det går

For Chris inkluderer det "å holle på ´dialekta" etter alt å døme også rørossjibboletten. Dei to andre i gruppa skule/kultur, Iris og Ailin, bruker stort sett den nivellerte varianten. Sjølv om gruppetilhørsle på mange måtar summerer opp mange av dei andre sosiale variablane, kan det vere interessant å sjå litt nærare på korleis desse fordeler seg ved dette språktrekket. Vi vil kome grundigare inn på forholdet mellom dei ulike sosiale variablane i korrespondanseanalysen (jf. kap. 9).

Både kjønn, skuleretning, foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn, kulturell orientering og framtidsplan slår tydeleg ut i høve til bruk av rørossjibboletten (jf. vedlegg 8.1.10). Jentene på allmennfagleg studieretning har mest ingen innslag av den tradisjonelle varianten ved dette språktrekket. Gutane på allmennfag har ein noko større prosentdel av den lokale varianten, mens hos gutane på yrkesfagleg studieretning er det denne varianten som

dominerer.[105] Både hos dei som berre har ein av foreldra sine frå Røros og dei som kjem frå ein akademisk familie, er den nivellerte uttalen av *sk* mest eineråda nde. Kvar foreldra kjem frå og kva dei driv med, ser med andre ord ut til å vere svært avgjerande for ungdomane sin bruk av rørossjibboletten. Kulturell orientering og framtidsplan har også ein viss innverknad på variantfordelinga ved dette språktrekket (jf. vedlegg 8.1.10). Både hos lokalt og urbant orientert ungdom dominerer den nivellerte varianten, men han førekjem vesentleg hyppigare hos dei urbant orienterte ungdomane. Den nivellerte varianten dominerer også uavhengig av framtidsplan, men den lokale varianten førekjem relativt sett hyppigare hos dei som vil bli på Røros enn hos dei som vil flytte – anten for godt eller for ei stund. Andre viktige korrelat er uttrykte haldningar til heimstaden og til den lokale dialekten. Dei som er negativt innstilte til Røros og til rørosdialekten bruker utelukkande den nivellerte varianten (jf. vedlegg 8.1.11).

Dimensjonen sentrum/utkant er den einaste som ikkje slår ut som venta. Sentrums-ungdomen har faktisk ein noko større prosentdel av den tradisjonelle varianten ved dette trekket, enn dei som kjem frå utkantane av kommunen. Fleire av dei ungdomane som nivellerer dette trekket mest, som Iris, Magne og Sondre, bur i utkanten av kommunen. Med fleire informantar kunne kanskje resultatet ha vorte annleis. Ein mogleg grunn til at dimensjonen sentrum kontra utkant ikkje slår ut som venta, kan med andre ord vere at talet på informantar ikkje er stort nok.

8.1.5 Oppsummering av variabelen S-PAL

Vi ser altså at postalveolar uttale av *s* framfor *k* er eit språkdrag i sterk endring. Ungdom på Røros har for ein stor del gått bort frå den tradisjonelle uttalen, særleg urbant orienterte ungdomar. Berre dei mest lokalt orienterte eller dei som har eit klart medvit om å halde på dialekten, ser ut til å halde på dette trekket. Dette styrker hypotesen om at dette er ei kontaktendring og ikkje ei språkinternt motivert endring. Dersom endringa hadde vore språkinternt motivert, ville det vere rimeleg å vente at endringa var meir utbreidd hos busen enn hos skatarane (sidan "changes from below", ifølgje Labov, blir initiert blant dei mest lokalt integrerte språkbrukarane eller blant språkbrukarar i lågare sosiale lag). Den høge nivelleringsprosenten ved dette trekket svekker også nullhypotesen om at den geografiske utbreiinga av eit trekk ikkje har innverknad på kor stabilt/resistent trekket vil

[105] Gutar på yrkesfag og bus-gjengen er to grupper som er sterkt overlappande, men ikkje heilt samanfallande.

vere i ein språkleg regionaliseringsprosess (jf. kap. 1). Postalveolar uttale av *s* framfor *k* er, som nemnt fleire gonger, det mest lokalt avgrensa trekket av alle dei språklege variablane på Røros, og vi ser at det er relativt *lite* resistent. Det vil bli interessant å sjå om også andre *mindre* lokalt avgrensa språktrekk er like utsette for nivellering som rørossjibboletten.

Det er generelt svært høgt medvit kring dette språkdraget, ikkje berre på Røros, men også i nabobygdene og i nærregionen. Dette styrker også ideen om at dette er ei kontaktendring, eller "change from above" i Labovs terminologi (jf. kap.3 pkt. 3.1.1). Når folk utanfrå skal herme etter rørosingen, er det gjerne dette språktrekket som blir parodiert (og gjerne brukt i staden for den alveolare *s*-en *alle* stader, og ikkje berre framfor k). På det viset fungerer trekket som ein svært sterk markør for lokal tilhørsle og lokal identitet. Symptomatisk nok er det dei ungdomane som er mest lokalt orienterte og som er mest opptekne av lokale verdiar og lokale kulturuttrykk, som held på den tradisjonelle uttalen. Det er dessutan først og fremst *gutar* som held på den lokale uttalen av *sk*.

Når vi ser på alle belegga samla, ser høgfrekvente ord jamt over ut til å bli nivellerte hyppigare enn lågfrekvente ord hos ungdomen, men dersom vi ser på kva for ord som blir nivellerte intraindividuelt, er det ikkje mogleg å finne klare mønster. Det ser likevel ut til at den lokale uttalen relativt sett er minst resistent i høgfrekvente ord, samansette ord og i nye importord. Testar på alle belegga samla viser dessutan at trekket blir nivellert hyppigast framfor /ɑ/. Men sidan dette først og fremst må seiast å vere ei kontaktendring, og ikkje ei internt motivert språkendring, er ulike internspråklege forklaringar eller mønster gjerne mindre relevante her, sjølv om dei ikkje nødvendigvis er heilt utan interesse. Likevel er det klart at mønster og forklaringar som har sitt opphav i sosiale, kulturelle eller psykologiske forhold er atskilleg meir interessante og ikkje minst relevante her.

8.2 Palatalisering av lange alveolarar og alveolarsamband A-PAL

Tradisjonelt vart dei fleste tilfelle av gamalnorsk *ll, ld, lt, ls,nn, rn (>nn), nd, nt, ns, dd* og *tt* palataliserte postvokalisk både på Røros og Tynset (jf. skildringa av variabelen i kap. 3, pkt. 3.3.2). Realiseringa av dei ulike alveolarane og alveolarsambanda er no likevel svært vaklande med omsyn til palatalisering, særleg på Tynset. Tidligare studiar har vist at palatalisering av lange alveolarar mest heilt har forsvunne ut av unge tynsetingar sitt språk (jf. Bakås 1998). For Tynset sitt vedkomande er det dermed mest formålsteneleg å konsentrere analysen kring dei alveolarane som generelt sett har størst geografisk utbreiing, nemleg lang *n* og *l*. For begge plassane vil vi derfor sjå nærare på palatalisering av *nn*, *ll*, men også sambanda *nd*, *nt*, *ld* og *lt*. Sambanda *ns* og *ls* er ikkje tekne med, sidan dei har ei svært vaklande realisering begge plassane. Det er dessutan relativt få realiseringar av desse sambanda i materialet. I rørosmaterialet vil vi også sjå på realiseringa av *dd* og *tt* i bestemte stillingar. Hovudvekta av analysen vil likevel ligge på realiseringa av lang *n* og *l* både på Røros og Tynset.

Som vi vil sjå, er den palatale uttalen av lange alveolarar og alveolarsamband nokså ustabil også på Røros. Det er eit språktrekk mange nemner når dei blir bedne om å skildre dialekten sin, og som mange også markerer i skriftlege presentasjonar av dialekten. Det er med andre ord høgt sosialt medvit kring dette trekket på Røros, og det kan på den måten seiast å vere eit svært salient trekk for Røros sitt vedkomande. På Tynset derimot blir dette trekket knappast nemnt av nokon av informantane – korkje dei unge eller dei vaksne.

Slik vi var inne på i kap. 7, pkt. 7.2.2.2, er det tydeleg at fleire av dei unge røros-informantane bruker ein *l*- og ein *n*-kvalitet som korkje er reint palatal eller reint alveolar. Det første vi vil sjå på i analysen nedafor, er om dei *l*- og *n*-kvalitetane som har vorte koda som mellomvariantar på Røros, faktisk *er* målbart forskjellige frå dei alveolare og palatale uttalevariantane. I den vidare analysen vil vi for det første sjå på kor resistente dei palatale alveolarane er på Røros og kven som eventuelt bruker dei, og vidare om vi framleis finn dette språktrekket blant unge eller vaksne på Tynset. For det andre vil vi sjå på om dei ulike palatale alveolarane og alveolarsambanda utviklar seg likt, eller om nokre av dei er meir resistente enn andre. Tradisjonelt er det størst vakling når det gjeld palatal uttale av *dd* og *tt* (jf. Skjekkeland 1997:106). Det er derfor å vente at nivelleringa av desse alveolarane har kome lengst, og at palatalisering av *ll, ld, lt* og *nn, nd, nt* relativt sett er meir resistent,

men det gjenstår altså å sjå. Kvar av alveolarane og alveolarsambanda har vorte handsama for seg slik at det er mogleg å oppdage eventuelle ulike tendensar i materialet. For det tredje er det også interessant å undersøkje om palataliteten held seg betre i visse ord, eller om han forsvinn meir jamt ut av ordstoffet. Det vil seie om nivelleringa skjer etter noko bestemt mønster, t.d. ved at trekket forsvinn først i høgfrekvente ord og sist i lågfrekvente, eller at det er meir resistent i visse fonetiske omgivnader enn i andre.

8.2.1 Mellomvarianten av L-PAL og N-PAL – ein ekskurs

Det er tydeleg at fleire av rørosinformantane bruker ein *n*- og ein *l*-kvalitet som korkje er reint palatal eller reint alveolar, og produktet fungerer truleg som eit kompromiss mellom dei to. Dette stemmer overeins med utviklinga i fleire byar og tettstader i Nord-Noreg, særleg Tromsø, Narvik og Vadsø, der ein har observert at dei lange palatalane gradvis har utvikla ein meir "retroflektert" uttale (jf. Hanssen 1990:153f, Mæhlum 1992:250ff). Brit Mæhlum (loc. cit.) fann dette fenomenet også i si gransking av barn på Svalbard, særleg med omsyn til lang *l*, og i noko meir avgrensa grad lang *n*.

I ei gransking av talemålet til ungdomar i Nedre Melhus utafor Trondheim fann også Vold Ulset (2002:63ff) ei realisering av lang *l* som korkje er palatal eller alveolar. Ulset meinte likevel at denne uttalen ikkje var retrofleks, og kom etter målingar fram til å kalle denne for ein *palatalisert alveolar lateral*.[106] Vold Ulset rapporterer ingen tilsvarande kompromissvariant mellom palatal og alveolar *n*. Vold Ulset, som sjølv er frå Nedre Melhus, målte for det første artikulasjonsstad for si eiga realisering av den palataliserte *l*-kvaliteten og kom fram til at uttalen var laminal.[107] For det andre utførte ho akustiske analysar ved hjelp av eit lydspektrogram, av si eiga realisering av dei palatale, palataliserte og alveolare lateralane. Ho kom fram til at det var signifikant akustisk forskjell mellom dei tre lateralane (op. cit.:65).

Spørsmålet her er først og fremst om dei *l*- og *n*-kvalitetane som har vorte koda som mellomvariantar på Røros, faktisk *er* målbart forskjellige frå dei alveolare og palatale uttalevariantane. For å finne ut av dette har eg utført akustiske målingar av delar av materialet via Praat, eit lydhandsamingsprogram som er utvikla for å gjere fonetiske

[106] Palatalisert betyr altså at den palatale artikulasjonen er sekundær (jf. Vold Ulset 2002:63).
[107] Vold Ulset gjorde dette ved å pumpe ei blanding av kakao og kolstøv inn i munnen og deretter realisere den palataliserte *l*-lyden. Det gjekk då fram at tungespissen hadde vore i kontakt med tannryggen, medan det ikkje hadde vore kontakt mellom midtre del av tunga og ganen. Ein meir avansert måte å utføre ein slik artikulasjonstest på er å bruke ein såkalla elektropalatograf (jf. Simonsen & Moen 2002).

målingar datamaskinelt.[108] Sidan talet på belegg for lang *n* og lang *l* er på over 3000, har det ikkje vore mogleg å gå gjennom og teste heile materialet. Eg har i staden teke stikkprøver frå kvar av dei unge informantane for å måle om det akustisk sett faktisk er mogleg å finne ein klar forskjell mellom det eg har oppfatta og koda som mellomformer, lokale former og standardformer.

For å måle dette har eg brukt eit såkalla lydspektrogram. I eit spektrogram kan ein mellom anna måle formantverdiane til ulike lydar. Ein formant er grovt sagt den overtonen eller den gruppa av overtonar som karakteriserer ein bestemt lyd. Det er luftvibrasjonane i taleorgana som produserer desse overtonane som avteiknar seg som formantar i eit lyd-spektrogram. Alle vokalar, og også mange konsonantar, kan beskrivast presist ved å måle formantfrekvensane (jf. Ladefoged 2001:39ff). Dei tre første formantane er viktigast for å skilje mellom ulike språklydar, medan resten av formantane først og fremst er interessante for å skilje mellom ulike stemmekvalitetar. Sidan nokre språkbrukarar har store hovud og dermed eit stort resonansrom som produserer relativt sett låge formantfrekvensar, medan andre har mindre hovud og mindre resonansrom som produserer relativt sett høge formantfrekvensar, er det viktig å sjå på formantane sine *gjennomsnittsverdiar* i skildringa av ein språklyd. Verdiane blir målt i Hz.

Det er mest vanleg å måle formantverdiar for vokalar, sidan desse avteiknar seg tydelegast i spektrogrammet. Men det er også mogleg å skilje mellom konsonantar på denne måten, sjølv om det kan by på noko større problem. For *l* og *n* sitt vedkomande skulle dette likevel vere etter måten greitt, sidan lateralane og nasalane høyrer til den konsonantgruppa som liknar mest på vokalane, dvs. sonorantane. Dersom vi samanliknar lateralane og nasalane med vokalane, ser vi at den palatale *l*- og *n*-uttalen har ein kvalitet som ligg relativt nær /i/, medan den alveolare *l*- og *n*-uttalen ligg nærare /ɑ/. For å skilje mellom ulike vokalar er det særleg forma og frekvensen på andreformanten som er interessant. Formantverdiane for vokalane følgjer plasseringa til vokalane i vokalfirkanten, slik at låge vokalar har ein relativt sett lågare andreformant enn høge vokalar. Formantverdien for /i/ er altså vesentleg høgare enn formantverdien for /ɑ/. På same vis skal formantverdien for den palatale lateralen og nasalen vere vesentleg høgare enn verdien for den alveolare *l*- og *n*-uttalen.

> The distinguishing features of palatal sounds are the low first formant and the high second formant [..]. These two formants are in much the same region as the higher second formants in a high front

[108] Programmet er utvikla av Paul Boersma og David Weenink ved Institute of Phonetic Sciences, University of Amsterdam og kan finnast på følgjande adresse: http://www.fon.hum.uva.nl/praat/praatsecret.html

> vowel **i**, which is not surprising as the tongue is raised and in the front of the mouth in all these sounds (Ladefoged 2001:148).

8.2.1.1 Dei ulike l-kvalitetane

For å måle forskjellen mellom dei ulike *l*-kvalitetane har eg plukka ut minimum to belegg frå kvar av dei unge rørosinformantane. Nokre informantar varierer mykje og er representerte med alle tre *l*-lydane, medan andre berre har ein av variantane. Tolv av dei femten ungdomane har likevel belegg på alle *l*-lydane (jf. pkt. 8.2.4). For å få like mange belegg på kvar av *l*-lydane har eg plukka ut ekstra belegg blant dei informantane som har alle dei tre *l*-kvalitetane representert. Sidan eg gjekk ut frå at det kunne vere ein viss forskjell mellom formantverdiane for kvinner og menn, har eg handsama jentene og gutane separat. Sidan det også kunne tenkjast å vere forskjell i formantverdiane for dei ulike *l*-kvalitetane alt etter om dei kjem etter høge vokalar som /i/, /y/ og /e/ eller etter låge vokalar som /æ/, /ɑ/ og /o/, har eg også handsama desse kvar for seg.[109] Dette gir til saman 20 belegg på den palatale *l*-kvaliteten, 20 belegg på det som er koda som mellomvariant og 20 belegg på det som er koda som alveolar lateral (jf. tab. 8.2.1).[110] I dei aller fleste tilfella står *l*-en intervokalisk eller i utlyd framfor pause eller framfor vokal i påfølgande ord, men eg har også med nokre få belegg der *l*-en står framfor *d* eller *t* som i *alder*, *aldri* og *alt* (jf. vedlegg 8.2.1 for oversyn over belegga som er brukte). I desse tilfella kan det vere noko vanskelegare å avgjere akkurat kvar ein skal måle *l*-en. Eg har generelt prøvd å måle formantverdiane for *l*-en så midt i lateralen som mogleg. I somme tilfelle kan det likevel vere vanskeleg å få heilt nøyaktige målingar. Ein lyt derfor ta talmaterialet nedafor med ei lita klype salt. Tala gir likevel visse indikasjonar og viser tendensar, og kan på den måten vere nyttige.

Av tabell 8.2.1 ser vi at gjennomsnittstala for gutar og jenter er temmeleg like både for den alveolare og den palatale lateralen (jf. vedlegg 8.2.2 for oversyn over rådata). Størst frekvensforskjell mellom kjønna finn vi ved mellomvarianten. Her ligg jentene på ein litt

---

[109] Bakgrunnen for dette er at frekvensverdien for andreformanten for høge fremre vokalar som /i/, /y/ og /e/ ligg på rundt 2000 Hz, medan frekvensverdien for låge fremre/bakre vokalar som /æ/, /a/ og /ɑ/ ligg på rundt 1300 Hz. Bakre mellomhøge og høge vokalar som /u/ og /o/ ligg endå litt lågare, på ca. 900 Hz (jf. Ladefoged 2001:42).

[110] I oslomålet finst det to *l*-fonem /l/ og /l̪/ som står i distinktiv opposisjon til kvarandre etter /ɑ, ɑː, o, oː / (jf. Endresen 2000:242f). Fonemet /l/ har allofonen [l̻] (apikal alveolar) hos nokre personar og [l̺] (apikal postalveolar) hos andre, men blant yngre folk er den førstnemnde allofonen den vanlegaste. Fonemet /l̪/ har allofonen [l̪] (laminal alveolar). Det som er koda som alveolare lateralar her, omfattar både alveolarar som ville ha vore laminale i oslomålet og variantar som ville ha vore apikale. Når eg refererer til den "alveolare standardvarianten" inkluderer det altså både den laminale og den apikale alveolaren.

høgare frekvens enn gutane. Vi ser også at det er i mellomkategorien at forskjellen mellom høge og låge vokalar er tydelegast. Andreformanten har ein noko høgare frekvens bak høge vokalar, særleg hos jentene (1673 Hz mot 1424 Hz bak låge vokalar). Det at mellomvarianten inneheld meir variasjon enn dei to andre *l*-kvalitetane, er i og for seg som venta, gitt at dette ein kontinuerleg variabel. Mellomvarianten er gjerne ikkje ein fast storleik, men ein variant som plasserer seg på ulike punkt langs skalaen mellom den palatale og den alveolare uttalen. Nokre av mellomformene ligg kan hende nærare den palatale uttalen, og er såleis lik det Vold Ulset (2002) kalla for ein palatalisert alveolar lateral [lʲ], medan andre mellomformer ligg nærare den alveolare uttalen, og er meir lik ein apikal-postalveolar lateral [l̻] (meir om dette nedafor). Det er med andre ord snakk om glidande overgangar her. Dermed er det kan hende ikkje mogleg, og kanskje heller ikkje ønskeleg, å fastsetje akkurat kva for ein *l*-kvalitet mellomvarianten meir presist er.

Tabell 8.2.1 Stikkprøver av dei ulike *l*-kvalitetane hos dei unge rørosinformantane. Gjennomsnitts-tal for første-, andre- og tredjeformanten (tal på belegg i parantes). Verdiane er målt i Hz. N=60


Kjønn	**Jenter**	**Gutar**	**Totalt**
Formantar	**F1, F2, F3**	**F1, F2, F3**	**F1, F2, F3**
Alveolar lateral			
bak høge vokalar	(5) 406, 1100, 2745	(5) 342, 1139, 2536	
bak låge vokalar	(5) 462, 1050, 2945	(5) 396, 925, 2859	
Samanlagt gj.sn.	**(10) 434, 1075, 2845**	**(10) 369, 1032, 2697**	**(20) 401, 1053, 2771**
Mellomvariant			
bak høge vokalar	(4) 516, 1673, 2794	(5) 352, 1413, 2497	
bak låge vokalar	(6) 444, 1424, 2957	(5) 323, 1319, 2633	
Samanlagt gj.sn.	**(10) 480, 1548, 2875**	**(10) 337, 1366, 2565**	**(20) 408, 1457, 2720**
Palatal lateral			
bak høge vokalar	(5) 477, 1848, 2938	(4), 370, 1993, 3003	
bak låge vokalar	(5), 401, 1928, 2726	(6) 340, 1837, 2849	
Samanlagt gj.sn.	**(10) 439, 1888, 2832**	**(10) 355, 1915, 2926**	**(20) 397, 1901, 2879**

Den palataliserte alveolaren hos Vold Ulset (2002:65) hadde ein gjennomsnittsverdi på 1942 Hz. For stikkprøvene blant rørosungdomane ligg gjennomsnittsverdien vesentleg lågare, på 1457 Hz (jf. tab. 8.2.1 og 8.2.2). Sjølv om vi openbert her har å gjere med eit kontinuum, tyder likevel gjennomsnittsverdien for mellomvarianten blant rørosungdomane på at han *ikkje* er identisk med den mellomvarianten Vold Ulset fann. No må det også

leggjast til at Vold Ulset brukte seg sjølv som informant for målingane, medan eg har teke stikkprøver av bruken av lang *l* i intervjusamtalar med 15 ulike individ. Dette inneber sjølvsagt at både variasjonen og reliabiliteten blir større. I tabell 8.2.2 nedafor ser vi dei gjennomsnittlege frekvensverdiane for dei tre første formantane samla for gutane og jentene. Slik det går fram av tabellen, finn vi dei mest interessante forskjellane mellom dei tre lateralane i andreformanten. Gjennomsnittsverdien for mellomvarianten ligg her så å seie nøyaktig midt imellom verdiane for dei to andre *l*-uttalane. Vi ser med andre ord ein tydeleg tendens til at det er ein artikulasjonsforskjell mellom dei tre lateralane. I figur 8.2.1 nedafor ser vi ei grafisk framstilling av dei tre *l*-kvalitetane sine gjennomsnittsverdiar for dei tre første formantane.

Tabell 8.2.2 Samla gjennomsnittlege formantverdiar (i Hz) for dei tre *l*-kvalitetane N=60


	1. formant	2. formant	3. formant
Alveolar lateral	401	1053	2771
Mellomvariant	408	1457	2720
Palatal lateral	397	1901	2879




Figur 8.2.1 Gjennomsnittsverdiar for første-, andre- og tredjeformant for dei tre *l*-kvalitetane hos gutar og jenter på Røros (N=60)

/l̪/ [l̪] alveolar	[ʎ] palatal [lʲ] palatalisert	**laminal**
/l/ [l̺] alveolar	[l̻] postalveolar	**apikal**
alveolar	**postalveolar**	


Det går tydeleg fram både av tabell 8.2.2 og figur 8.2.1 at det er ein klar forskjell mellom dei tre *l*-kategoriane. Dei gjennomsnittlege hertzverdiane for andreformanten samlar seg tydeleg rundt tre ulike punkt på skalaen. Dei akustiske målingane gir dermed støtte til at det som er koda som ein mellomvariant, også akustisk og artikulatorisk sett faktisk *er* ein mellomvariant mellom ein reint palatal og ein reint alveolar lateral. For å vise forskjellen mellom dei tre *l*-lydane har eg plukka ut tre tydelege eksempel på høvesvis ein laminal alveolar lateral, ein mellomvariant og ein palatal lateral (jf. figurane nedafor).



Figur 8.2.2 Spektrogram av ein alveolar lateral (laminal i oslomålet)



Figur 8.2.3 Spektrogram av ein palatal lateral



Figur 8.2.4 Spektrogram av ein mellomvariant

Mellomvarianten og den laminale alveolaren skil seg frå kvarandre både ved forma og høgda på dei tre første formantane. Første- og andreformantane før den laminale alveolaren ligg etter måten lågt og er nokså rette. Tredjeformanten ligg forholdsvis høgt, men er også nokså rett (jf. fig. 8.2.2). Andreformanten før mellomvarianten ligg noko høgare enn for den alveolare varianten, og peikar svakt oppover, medan førsteformanten peikar svakt nedover. Tredjeformanten før lateralen peikar svakt nedover mot den oppoverbøygde


andreformanten (jf. fig. 8.2.4). Den nedoverbøygde tredjeformanten kan tyde på at mellomvarianten har ein *apikal* og ikkje ein laminal artikulasjon (jf. Simonsen og Moen 2002:218f). Den palatale lateralen skil seg frå dei to hine *l*-kvalitetane ved at andreformanten før lateralen ligg etter måten høgt og peikar klart oppover, medan førsteformanten peikar nedover. Tredjeformanten før konsonanten ser ut til å peike svakt oppover (jf. fig. 8.2.3). Dei tydelege forskjellane mellom dei tre spektrogramma gir derfor støtte til at det som er koda som ein mellomvariant, også akustisk og artikulatorisk sett *er* ein mellomvariant mellom ein reint palatal og ein reint alveolar lateral.

8.2.1.2 Dei tre n-kvalitetane


Det neste spørsmålet er om det som har vorte koda som ein mellomvariant av lang *n*, også viser seg å vere det akustisk sett. Som vokalane og lateralane skal også nasalane kunne la seg karakterisere ved hjelp av formantfrekvensar, men formantane er ikkje så tydelege som ved lateralane, noko som gjer det vanskelegare å skilje mellom dei ulike nasalane (jf. Ladefoged 2001:53f). Forsøk på å gjere tilsvarande målingar som for lateralane, viste seg også å by på større problem. Det var først og fremst svært vanskeleg å avgjere kvar formantverdiane for *n*-en skulle målast. Spektrogrammet gav til tider svært grumsete bilete av formantane. Dessutan varierte formantfrekvensane i somme tilfelle så mykje at berre ørsmå forskyvingar i kvar målinga vart utført, kunne føre til store forskjellar i frekvens. Faren for meir eller mindre vilkårlege tal er derfor stor, og det var dermed lite formålsteneleg å gå vidare med målingar her. Det totale talet på belegg på mellomvarianten er dessutan vesentleg lågare for *n* enn det som var tilfelle for *l*. Seks av dei femten informantane har ingen belegg på mellomvarianten og ytterlegare to har berre eitt belegg kvar (jf. pkt. 8.2.7). Eg har derfor berre teke nokre få stikkprøver av dei mest tydelege døma på høvesvis den alveolare nasalen, mellomforma og den palatale nasalen for å vise korleis formantane i dei tre variantane avteiknar seg i eit spektrogram.[111] I figurane 8.2.5, 8.2.6 og 8.2.7 nedafor ser vi døme på dei tre *n*-kvalitetane.

/n/ laminal alveolar	[ɲ] palatal
	[ɳ] apikal postalveolar


[111] I oslomålet er hovudallofonen for den alveolare nasalen laminal.



Figur 8.2.5 Spektrogram av ein alveolar nasal



Figur 8.2.6 Spektrogram av ein palatal nasal



Figur 8.2.7 Spektrogram av ein mellomvariant

Forskjellane mellom mellomvarianten, den palatale og den alveolare uttalen av lang *n* går særleg fram av andre- og tredjeformanten før nasalen. Førsteformanten er temmeleg lik for alle dei tre *n*-kvalitetane, sjølv om han ser ut til å svinge noko meir nedover før den palatale nasalen. Tredjeformanten før den alveolare nasalen ligg noko lågare enn før den palatale nasalen (jf. fig. 8.2.5). Andreformanten før nasalen er ikkje så sterk for den alveolare uttalen, men mykje tydelegare ved den palatale nasalen. Her peikar andreformanten svært tydeleg oppover og tredjeformanten svakt nedover (jf. fig. 8.2.6). Andreformanten peikar også oppover framfor mellomvarianten, men ikkje så bratt som framfor den palatale nasalen. Tredjeformanten framfor mellomvarianten peikar på si side noko brattare nedover enn han gjer framfor den palatale nasalen (jf. fig. 8.2.7). Spektrogramma gir delvis støtte til hypotesen om at vi her har å gjere med tre ulike *n*-kvalitetar. Den alveolare og den palatale *n*-uttalen har svært tydelege spektrogram med klare forskjellar. Spektrogrammet for mellomvarianten skil seg også frå dei to hine, men her er forskjellane noko mindre tydelege. Forskjellane mellom dei tre spektrogramma indikerer likevel at det er snakk om tre ulike *n*-kvalitetar, og sannsynleggjer at det som har vorte oppfatta og koda som ein mellomvariant, også akustisk og artikulatorisk sett faktisk *er* ein mellomvariant mellom ein reint palatal og ein reint alveolar nasal.

8.2.1.3 Oppsummering av l- og n-kvalitetane

Som vi har sett, er det mogleg å skilje mellom tre åtskilde *l*-kvalitetar og tre åtskilde *n*-kvalitetar. Mellomvarianten av *l* opptrer likevel meir frekvent, er perseptuelt lettare å oppfatte og er også lettare å måle akustisk enn mellomvarianten av *n*. Eit anna spørsmål er om desse mellomvariantane er "retroflekterte" uttalevariantar slik ein meiner dei er i Nord-Noreg og på Svalbard, eller om det er meir laminale uttalevariantar slik Vold Ulset (2002) fann for lang *l* i Nedre Melhus.[112] Gjennomsnittsverdien for mellomvarianten av *l* ligg, som vi såg ovafor, vesentleg lågare blant rørosungdomane enn det Vold Ulset kom fram til (1457 Hz mot 1942 Hz). Dette tyder på at mellomvarianten blant rørosungdomane *ikkje* er identisk med den mellomvarianten Vold Ulset fann. Spektrogrammet av mellomvarianten av *l* tyder også på at uttalen er apikal og ikkje laminal, sidan tredjeformanten før lateralen peikar nedover (jf. Simonsen og Moen 2002:218f). Begge desse forholda tyder på at mellomvarianten blant rørosungdomane best kan skildrast som ein *apikal postalveolar lateral*. Men her vil det truleg vere glidande overgangar. Hos nokre informantar er mellomvarianten kan hende meir mot ein laminal postalveolar variant, tilsvarande den palataliserte lateralen Vold Ulset (2002) skildra, og hos andre er han kan hende meir mot ein apikal postalveolar eller til og med apikal alveolar variant.[113] Spektrogramma tyder likevel på at uttalen snarare er *apikal* enn laminal. Spektrogrammet av mellomvarianten av *n* peikar i same retning. Trass i ein viss inter- og intraindividuell variasjon vil eg i det vidare kalle mellomvarianten av *l* for ein apikal postalveolar lateral og av *n* for ein *apikal postalveolar nasal*.

Slik vi var inne på ovafor, blir dei apikale postalveolarane /ʈ ɖ ɭ ɳ/ gjerne kalla "retroflekse" lydar, dvs at tungespissen er bøygd oppover eller bakover under

---

[112] Dei opplysningane ein har frå Nord-Noreg og Svalbard er vel å merke ikkje baserte på nøyaktige målingar, men på perseptuell intuisjon. Desse observasjonane er dermed meir usikre.

[113] I oslomålet varierer *l*-kvaliteten i dei posisjonane som er aktuelle her (dvs. etter korte vokalar), mellom laminal alveolar som i *alle*, og apikal alveolar som i *fylle* (og i nokre høve apikal postalveolar). Grovt sagt førekjem den laminale varianten etter korte bakre vokalar som /ɑ/ og /o/ og den apikale etter korte fremre vokalar som /y/ og /i/. For skildring av distribusjonen av dei ulike *l*-kvalitetane i oslomålet sjå Endresen 1991:84 og Endresen 2000:247). Ifølgje Jahr (1981:329f,334) er den apikale postalveolare lateralen [ɭ] på frammarsj i Oslo bymål, og trengjer inn i omgivnader der den apikale alveolare lateralen og den laminale alveolare lateralen var rådande før. Men Endresen (2000:243) meiner at den apikale alveolaren er den mest ekspansive i moderne oslomål. Ifølgje Endresen (loc. cit.) ser den apikale alveolaren ut til å vere den vanlegaste allofonen blant yngre oslofolk. For at vi skal kunne operere med ein mellomvariant, må det sjølvsagt vere forskjell mellom denne og respektive standardvarianten og den lokale varianten. Den lokale varianten er i alle høve palatal, medan standardvarianten altså varierer mellom å vere lamino-alveolar eller apiko-alveolar alt etter kva for vokal han står etter. For at vi skal kunne snakke om ein mellomvariant i omgivnader der vi finn den apikale alveolaren i oslomålet, må denne her vere postalveolar sidan den alveolare vil vere samanfallande med standardvarianten.

artikulasjonen. Simonsen & Moen (2002) og Moen & Simonsen (1998) viser likevel at det er stor variasjon mellom ulike språkbrukarar med omsyn til kvar desse såkalla retroflekse lydane blir produserte i munnhola. Enkelte av informantane deira retroflekterte ikkje apikalane i det heile, men hadde rett tungespiss i høve til tungeplanet, medan andre hadde ein meir retroflektert artikulasjon. Uttalen av dei ulike apikalane var likevel lik hos kvar av dei ulike informantane i undersøkinga deira. Dette betyr altså at det ikkje er eit nødvendig samsvar mellom den faktiske artikulasjonen på den eine sida og det akustiske biletet på den andre. Det inneber igjen at ein ikkje umiddelbart kan slutte frå det akustiske biletet til kvar i munnen lyden blir artikulert. I det vidare vil eg derfor ikkje bruke nemninga "retrofleks" om mellomvarianten. For nøyaktige målingar av artikulasjon må ein ta i bruk andre metodar som f.eks. ein elektropalatograf. Det har det ikkje vore høve til i denne omgang, og det er dessutan av mindre interesse her. Dei akustiske forskjellane, og det at vi faktisk oppfattar forskjellen mellom dei tre lydkvalitetane av lang *l* og lang *n,* er det mest sentrale for mitt formål.

Sjølv oppfattar eg mellomvariantane av *l* og *n* som klart avstikkande i forhold til både den palatale og den alveolare uttalen. Eg oppfattar likevel ikkje mellomvarianten av *n* som like forskjellig frå den palatale *n*-en som mellomvarianten av *l* frå den palatale *l*-en. Det same gjeld kollegaer som har lytta til desse mellomvariantane. Men sjølv om mellomforma blir persipert som "rar", "avstikkande" eller liknande av mottakaren, kan forma like fullt fungere som ei mellomform for produsenten. Det hadde vore svært interessant å undersøkje korleis folk på Røros oppfattar desse mellomvariantane, og om dei opplever at det er markerte forskjellar mellom dei ulike *l*- og *n*-kvalitetane. Dette har det dessverre ikkje vore høve til i denne omgangen, men kollegaer og kjenningar frå Trøndelag som har lytta til dei ulike *l*- og *n*-kvalitetane, har ikkje vore i tvil om at det er forskjell mellom dei ulike variantane. Nokre skildra likevel mellomvarianten som ein litt avslipt palatal – noko som støttar ideen om at han fungerer som eit kompromiss mellom den tradisjonelle uttalen og ein standarduttale.

8.2.2 Variasjon i uttalen av *ll, ld, lt* på Røros og Tynset etter alder: L-PAL[114]

Slik det går fram av tabellane 8.2.3 og 8.2.4 nedafor, er det stor forskjell mellom Røros og Tynset når det gjeld bruken av palatal *l* [ʎ] (t.d. *ball* ba[ʎː], *kveld* kve[ʎː], *spesielt* spesie[ʎ̥c]). Både unge og vaksne tynsetingar bruker i all hovudsak ein alveolar uttale av gno. *ll, ld* og *lt*. [115] På Røros, derimot, bruker både vaksne og unge den palatale uttalen i langt større utstrekning.


Tabell 8.2.3 Uttale av *ll*, *ld* og *lt* etter alder, Tynset, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(6) 1.1 %	(539) 98.9 %	**545**
Vaksne	(4) 1.8 %	(216) 98.2 %	**220**
Totalt			**765**

Tabell 8.2.4 Uttale av *ll*, *ld* og *lt* etter alder, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Kode	L3	M	S2	Totalt
Unge	(348) 43.9 %	(296) 37.4 %	(148) 18.7 %	**792**
Vaksne	(288) 72 %	(33) 8.2 %	(79) 19.8 %	**400**
Totalt				**1192**

Både på Røros og Tynset finn vi tradisjonelt fire *l*-fonem: /l/, /l̻/, /ʎ/ og /ʎ̥/.[116] Dei tre første er laterale approksimantar, medan det fjerde er ein lateral frikativ eller ein ustemt palatal.



/l/ har normalt allofonen [l̺] (laminal alveolar) som i *sal* /sɑːl/; /l̻/ har allofonen [l̻] (apikal postalveolar) som i *farlig* /fɑːl̻i/, /ʎ/ har allofonen [ʎ] (laminal postalveolar eller palatal) som i *ball* /bɑʎː/ og /ʎ̥/ har allofonen [ʎ̥] (ustemt, laminal postalveolar lateral frikativ) som i *alt* /ɑʎ̥c/. Dei tre første *l*-fonema finst tradisjonelt i store delar av Trøndelag og i Nord-Noreg, men dette systemet ser ut til å vere i rask endring mange stader. I Tromsø bymål har det

[114] For full oversikt over alle belegga, sjå vedlegg 8.2.3 for Røros og 8.2.4 for Tynset.
[115] Uttalen av [l], den 'tynne' lateralen, kan variere mellom dental og alveolar, men sidan dette ikkje er ein viktig diskusjon i denne samanhengen, har eg valt å kalle denne lyden for alveolar. I oslomålet finn vi som nemnt både ein apikal alveolar lateral som i *løype* og ein laminal alveolar lateral som i *bål* og *ball*. Det eg i den vidare handsaminga kallar for den alveolare standardvarianten, inkluderer her begge desse *l*-kvalitetane.
[116] I trondheimsmålet finn vi tradisjonelt også desse fire *l*-fonema (jf. Endresen 2000:242).

t.d. skjedd eit samanfall mellom dei tre laterale approksimantane, slik at yngre folk i dag har *eitt* fonem /l/ i staden for /l ɭ ʎ/. Dette fonemet, /l/, har normalt den apikale alveolare hovudallofonen [l̺] (jf. Endresen 2000:252). Også i yngre oslomål ser det ut til at denne allofonen er mest ekspansiv, og at han spreier seg på kostnad av den laminale *l*-kvaliteten. Dei ulike endringsretningane er illustrerte i boksen ovafor.

Eg har ikkje undersøkt kva for eit av dei alveolare *l*-fonema som tek over for den tradisjonelle palatale uttalen på Tynset – det vil truleg variere frå ord til ord og frå informant til informant. Men det er i alle fall heilt tydeleg at ein alveolar lateral har erstatta den tradisjonelle palatale *l*-en på Tynset.


På Røros, derimot, står den palatale *l*-uttalen langt sterkare, sjølv om vi finn visse endringar også her. Dei vaksne rørosinformantane bruker for det meste den palatale varianten (71.5 %), medan ungdomen varierer mellom palatal, alveolar og ein tredje uttale av lang *l*. Slik det gjekk fram av diskusjonen under punkt 8.2.1, er det tydeleg at fleire av rørosinformantane bruker ein *l*-kvalitet som korkje er reint palatal eller reint alveolar og som truleg fungerer som eit kompromiss mellom dei to. Med atterhald om ein viss inter- og intraindiviuell variasjon let denne mellomvarianten let seg truleg best skildre som ein apikal postalveolar lateral [ɭ], som f.eks. i *perle* [pæːɭə].[117]

Hos dei unge rørosinformantane førekjem mellomvarianten av *l* i heile 35.6 % av tilfella. Også hos dei vaksne rørosinformantane finn vi innslag av mellomvarianten, men i langt færre tilfelle (jf. tab. 8.2.4 ovafor). Dei unge rørosinformantane varierer mykje mellom dei tre uttalevariantane. Om denne variasjonen primært er inter- eller intra-individuell, vil vi kome attende til nedafor under punkt 8.2.4.

Som vi såg av tabell 8.2.3 ovafor, er palatal uttale av opphavleg *ll, ld og lt* ein saga blott blant unge tynsetingar. Trekket er også i ein utsett posisjon blant unge rørosingar. Forholdet mellom Røros og Tynset går enno tydelegare fram av figur 8.2.8 nedafor. Her ser vi at den palatale uttalen av *l* så å seie er heilt fråverande både hos unge og vaksne tynsetingar. Dei vaksne på Røros, derimot, bruker den palatale varianten i heile 72 % av

[117] Innafor det austnorske dialektområdet, er det berre i Austfold at ein tradisjonelt finn denne fonetiske kvaliteten etter både korte og lange bakre vokalar t.d. *ball* [bɑɭː], *bål* [bɔːɭ] (jf. Jahr 1981:334). Jahr meiner at [ɭ] neppe vil fortrenge den laminale alveolare lateralen i trykksterk staving etter [ɑ] og [ɔ] som i *ball* og *bål* i oslomåla, fordi bruk av den apikale postalveolare lateralen i desse posisjonane nettopp blir assosiert med austlandske lågstatusdialektar t.d. i søndre Austfold, og gjerne blir tolka som ein uvant *l*-lyd ("Austfold-*l*"). Det er her likevel ikkje snakk om ein eigen *l*-lyd, men berre ein annan distribusjon av denne lyden enn det som er vanleg i oslomåla.

tilfella. Hos dei unge er den palatale uttalen ikkje så utbreidd. Dei bruker ein av dei nivellerte variantane i rundt 66 % av tilfella. Det er interessant å leggje merke til at mellomvarianten faktisk skårar vesentleg høgare hos ungdomen (37.4 %) enn den alveolare standardvarianten (18.7 %). Det er også interessant at dei vaksne informantane har noko fleire førekomstar av den alveolare standardvarianten enn ungdomane. Dei unge rørosinformantane har på si side langt fleire mellomformer enn dei vaksne.



Figur 8.2.8 Uttale av *ll*, *ld* og *lt* etter stad og alder, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

8.2.3 Variasjon etter alveolarsamband, frekvens og fonetiske omgivnader, Røros

Sidan palatal uttale av historisk *ll*, *ld* og *lt* mest ikkje er å finne på Tynset, har det lita meining å gå vidare med tynsetmaterialet på dette punktet. På Røros, derimot, er den inter- og intraindividuelle variasjonen mellom palatal, alveolar og ein meir postalveolar uttale av *l* relativt stor både blant unge og vaksne. Det kan derfor vere interessant bl.a. å sjå på om dei ulike alveolarsambanda *ll*, *ld* og *lt* oppfører seg likt, eller om den palatale uttalen er meir resistent i nokre samband enn i andre.[118]

Av tabell 8.2.5 og figur 8.2.9 nedafor går det tydeleg fram at den palatale uttalen av *l* er langt meir resistent ved alveolarsambandet *lt* enn ved dei to andre sambanda. Både dei unge og dei vaksne informantane har rundt 90 % palatal uttale av *lt*. Dei to andre sambanda, *ll* og *ld*, er langt mindre resistente både hos dei vaksne og dei unge

[118] Eg har valt å handsame opphavleg *ll* og *ld* kvar for seg, sjølv om begge synkront sett ofte er lang *l*, som i *kveld* og *held*. Men i ord som *aldri* og *eldre* er *d*-uttalen intakt. Alle desse orda blir vel å merke skrivne med *d* i begge målformene. I dei tilfella der eg bruker nemninga "lang *l*", inkluderer dette både *ll* og *ld*.


informantane. Rørosungdomen bruker i gjennomsnitt palatal uttale av historisk *ld* i 37.4 % av tilfella og av dobbel *l* i 33.3 % av tilfella. Også hos dei vaksne informantane er talet på palatale former langt mindre ved lang *l* enn ved *lt*. Sambanda *ll* og *ld* førekjem begge med palatal uttale i om lag 68 % av tilfella hos dei vaksne.

Tabell 8.2.5 Uttale av kvart av alveolarsambanda *ll, ld og lt* etter alder, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Kode	**L3**	**M**	**S2**	**Totalt**
Vaksne *lt*	(63) 91.3 %		(6) 8.7 %	**69**
Vaksne *ld*	(53) 68.8 %	(1) 1.30 %	(23) 29.9 %	**77**
Vaksne *ll*	(172) 67.7 %	(32) 12.60 %	(50) 19.7 %	**254**
Unge *lt*	(124) 89.2 %		(15) 10.80 %	**139**
Unge *ld*	(61) 37.4 %	(44) 27 %	(58) 35.60 %	**163**
Unge *ll*	(163) 33.3 %	(252) 51.4 %	(75) 15.30 %	**490**
Totalt				**1192**

Den palatale *l*-uttalen framfor *t* er vel å merke forskjellig frå palatalen ved lang *l*. Framfor *t* er palatalen kort og ustemt [ʎ̥], medan han er lang og stemt ved lang *l* [ʎː]. Det er kan hende lettare å oppfatte den korte ustemte *l*-en framfor *t* som palatal [ʎ̥c]. Dette kan vere ei potensiell forklaring eller ei potensiell feilkjelde. Likevel var det ikkje tvil korkje hos meg eller dei andre som var inne og koda materialet, at *l*-en framfor *t* "høyrdest" palatal ut. Som eg har argumentert for også tidlegare, er persepsjon, dvs. korleis folk faktisk oppfattar dei ulike lydane i denne samanhengen, uhyre viktig (jf. kap. 7 pkt. 7.2.2.2).

Eit anna potensielt usikkerheitsmoment her er at lang *l* står for over fire femtedelar av belegga (984 av totalt 1192 belegg), medan *lt* berre belagt med ein knapp femtedel (208 førekomstar). Dette er likevel såpass mange førekomstar at det ikkje skulle vere noko stort problem. Dessutan er resultata for *lt* såpass klare og eintydige at det er rimeleg å gå ut frå at den palatale uttalen ved *lt er* forholdsvis resistent. Det er også interessant å merke seg at mellomvarianten førekjem berre ved lang *l* og ikkje ved *lt*. Dette heng nok også saman med at den palatale *l*-en framfor *t* er ustemt.



Figur 8.2.9 Uttale av kvart av alveolarsambanda *ll, ld* og *lt* etter alder, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar


8.2.3.1 Variasjon etter frekvens

Ein annan interessant innfallsvinkel er å sjå på om *frekvens* har noko å seie for bruken av lokal eller nivellert uttale av *ll, ld* og *lt*.[119] Og vidare om dei *fonetiske* omgivnadene har noko å seie i kombinasjon med frekvens. Det viser seg at dei unge har særleg mange førekomstar av mellomforma i høgfrekvente ord med dobbel *l* (56.8 %) (jf. fig. 8.2.10 og vedlegg 8.2.5). Dei svært høgfrekvente orda *alle*, *eller* og *fall* (*i alle fall, i hvert fall* osb.) medverkar særleg til dette resultatet. Når det gjeld gno. *ld,* er det så å seie ingen forskjell mellom dei høg- og lågfrekvente orda. Fordelinga mellom dei ulike uttalevariantane er her temmeleg jamn. Ved alveolarsambandet *lt* er det, som vi såg ovafor, ingen førekomstar av mellomvarianten (jf. fig. 8.2.9). Den palatale uttalen held seg svært godt her både i høg- og lågfrekvente ord. Adjektivet *helt* står for svært mange av belegga på *lt* (111 av totalt 208 belegg for alle informantane samanlagt). I godt over 80 % av tilfella er den ustemte *l*-en i *helt* tolka som palatal både hos dei unge og dei vaksne.[120]

---

[119] Sjå vedlegg 8.2.5 og 8.2.6 for oversyn over bruken av palatal (L3), alveolar (S2) og apikal postalveolar (M) uttale av *ll, ld* og *lt* i høg- og lågfrekvente ord for høvesvis unge og vaksne.

[120] Det er likevel eit spørsmål om *l*-en i denne posisjonen har vore palatal tradisjonelt sett. Det avgjerande her er om den føregåande vokalen blir tolka som kort eller lang [heˌɕc] eller [he:lt]. Rørosmålet har tradisjonelt monoftongering av *ei* (jf. pkt. 8.1.3), slik at vi får *helt* og ikkje *heilt.* Dersom vokalen er kort, betyr det at vi får samanfall mellom subst. *helt* og adj. *helt*. Ifølgje Dahl (1981:311) er adjektivet *helt* homofont med substantivet (ein) *helt* i Namsos bymål. Her har diftongen i adjektivet *heilt* vorte redusert til kort [e], og dermed har lateralen og nøytrumsmorfemet vorte palataliserte [heˌɕc]. Sidan såpass mange både av dei vaksne og dei unge har palatal uttale her, er det god grunn til å tru at det same er tilfelle for Røros, og at *l*-en i adjektivet *helt* altså har vore palatal også tradisjonelt sett.



Figur 8.2.10 Uttale av kvart av alveolarsambanda *ll, ld* og *lt* etter frekvens hos unge på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar


Hos dei vaksne er den palatale uttalen aller mest gjennomført ved alveolarsambandet *lt*, men også sambanda *ll* og *ld* har ei klar overvekt av den lokale uttalen (ca. 70 %) (jf. vedlegg 8.2.6). Den palatale uttalen held seg like godt i høg- og i lågfrekvente ord. Innslaget av mellomformer er temmeleg sparsamt hos dei vaksne, og førekjem så å seie utelukkande i høgfrekvente ord med dobbel *l*. Det er særleg i det høgfrekvente ordet *alle* at vi her finn belegg på mellomvarianten.

Tabell 8.2.6 Høgfrekvente kontra lågfrekvente ord. Samla tal for dei vaksne på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar, (S2) alveolar og (N2) postalveolar+alveolar

Kode	L3	M	S2	N2	Totalt
Høgfrekvente ord	(208) 71.2 %	(33) 11.3 %	(51) 17.5 %	28.8 %	**292**
Lågfrekvente ord	(80) 74 %		(28) 26 %	26 %	**108**
Totalt					**400**

Tabell 8.2.7 Høgfrekvente kontra lågfrekvente ord. Samla tal for dei unge på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar, (S2) alveolar og (N2) postalveolar+alveolar

Kode	L3	M	S2	N2	Totalt
Høgfrekvente ord	(258) 41.9 %	(261) 42.4 %	(97) 15.7 %	58.1 %	**616**
Lågfrekvente ord	(90) 51.1 %	(35) 19.9 %	(51) 29 %	48.9 %	**176**
Totalt					**792**



Figur 8.2.11 Uttale av *ll, ld* og *lt* etter frekvens og alder, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Dersom vi ser på dei samla tala for høg- og lågfrekvente ord hos dei vaksne og dei unge informantane, går det fram at den palatale uttalen er omtrent like resistent i høg- og lågfrekvente ord hos dei vaksne, medan den tradisjonelle uttalen held seg best i lågfrekvente ord hos dei unge (jf. tab. 8.2.6, 8.2.7 og fig. 8.2.11 ovafor). Høgfrekvente ord blir nivellerte (N2) i 58.1 % av tilfella hos dei unge informantane, medan lågfrekvente ord blir nivellerte i 48.9 % av tilfella. Som vi såg ovafor, førekjem mellomforma berre ved lang *l*. Hos dei unge finn vi mellomforma både i høg- og lågfrekvente ord, men ho er klart hyppigast i høgfrekvente ord (42.4 % i høgfrekvente ord mot 19.9 % i lågfrekvente). Hos dei vaksne, som totalt sett har svært få innslag av mellomvarianten, førekjem mellomvarianten *berre* i høgfrekvente ord. For dei unge informantane viser to kji-kvadrattestar at det er signifikant forskjell mellom nivelleringsgraden i høg- og lågfrekvente ord både når ein held S2 og M åtskild og når ein slår dei to kategoriane saman til N2 (jf. vedlegg 8.2.7). Det vil seie at den palatale uttalen er signifikant mindre resistent i høg- enn i lågfrekvente ord. Hos dei vaksne, derimot, viser kji-kvadrattestane at det *ikkje* er signifikant forskjell mellom nivelleringsgraden i høg- og lågfrekvente ord (jf. vedlegg 8.2.8). Ein nullhypotese om homogenitet kan dermed forkastast for dei unge, men ikkje for dei vaksne.[121] (Det same var tilfelle for nivelleringa av *sk* jf. pkt. 8.1.2).

[121] Kji-kvadrattestane testa for homogenitet, dvs. om sannsynlegheita for nivellering er like stor i høgfrekvente som i lågfrekvente ord. For dei unge fann vi følgjande verdiar: for S2 og M åtskild p-verdi=0,000, $\chi 2$=34,006 og for N2 p-verdi=0,029, $\chi 2$=4,758. For dei vaksne var tala: for N2 p-verdi=0,574, $\chi 2$=0,316. Forkasting av nullhypotesen om homogenitet skjer ved p-verdi < 0,05.

8.2.3.2 Fonetisk kontekst

Det er vidare interessant å sjå om den palatale uttalen blir nivellert hyppigare etter visse vokalar enn etter andre, og ikkje minst om mellomforma førekjem oftare etter visse vokalar enn etter andre. Sidan mellomforma berre opptrer ved lang *l* og ikkje ved alveolar-sambandet *lt*, vil eg konsentrere meg om historisk *ll* og *ld* her. Eg vil dessutan konsentrere meg om dei unge rørosinformantane, sidan variasjonen mellom dei ulike uttalevariantane er størst i denne gruppa.

Av tabell 8.2.8 ser vi at den palatale uttalen er mest resistent etter [ʉ] og minst resistent etter [i].[122] Mellomforma førekjem hyppigast etter dei korte låge urunda vokalane [ɑ] og [æ]. Som vi såg ovafor, førekjem dessutan mellomforma oftast i høgfrekvente ord (jf. fig. 8.2.11). Mellomforma er særleg frekvent i dei høgfrekvente orda *alle* [ɑlˑə], *fall* [fɑlˑ], *heller* [hælˑər]/[hælˑ] og *eller* [ælˑər]/[ælˑ] (jf. vedlegg 8.2.5). Den alveolare standardforma førekjem oftast etter dei korte fremre vokalane [i] og [y], medan mellom-forma så å seie ikkje førekjem etter desse vokalane. Ungdomane går med andre ord direkte over til den apikale alveolare uttalen etter desse fremre vokalane. Talet på belegg her er vel å merke ikkje særskilt høgt, så ein lyt ta dette resultatet med ei klype salt. Det er likevel ikkje urimeleg at informantane går over til standardvarianten nettopp i desse posisjonane. I oslomålet er *l* etter [i] og [y] apiko-alveolar, og ikkje laminal. Som tidlegare nemnt kan mellomvarianten nokre gonger variere mellom ein apikal postalveolar og ein apikal alveolar *l*-kvalitet (jf. pkt. 7.2.2.3).[123] Her kan det med andre ord vere tale om eit samanfall mellom standardvarianten og mellomvarianten, noko som forklarar kvifor ungdomen går over til den alveolare standardforma etter [i] og [y]. Hos dei vaksne informantane førekjem mellomforma berre i høgfrekvente ord og dukkar først og fremst opp i ordet *alle* – altså etter [ɑ] (jf. vedlegg 8.2.6). Dette tyder på at det er mest grunnlag for å snakke om ein mellomvariant etter [ɑ] og [æ].

[122] Sidan talet på belegg i fleire tilfelle er mindre enn fem per celle (jf. tab. 8.2.8 nedafor), har det ikkje vore mogleg å køyre signifikanstestar på fonetisk kontekst.
[123] Den apikal-alveolare lateralen er tradisjonelt ikkje vanleg i rørosmålet. Dersom mellomvarianten skulle gå mot denne *l*-kvaliteten, vil det kunne bety ei utviding av *l*-systemet i rørosdialekten. Samtidig blir sjølvsagt systemet redusert ved at den palatale lateralen forsvinn.

Tabell 8.2.8 Uttale av *ll og ld* etter fonetisk omgivnad hos unge på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Kode	L3	M	S2	Totalt
[ɑ]	(86) 31.7 %	(164) 60.5 %	(21) 7.8 %	**271**
[æ]	(76) 31.3 %	(113) 46.5 %	(54) 22.2 %	**243**
[ɔ]	(27) 47.4 %	(9) 15.8 %	(21) 36.8 %	**57**
[i]	(4) 13.8 %	(2) 6.9 %	(23) 79.3 %	**29**
[ʉ]	(22) 75.9 %	(5) 17.2 %	(2) 6.9 %	**29**
[ø]	(5) 41.7 %	(3) 25 %	(4) 33.3 %	**12**
[y]	(4) 36.4 %	0	(7) 63.6 %	**11**
Totalt				**652**

Overgangen frå palatal til postalveolar eller alveolar uttale av lange lateralar fører ikkje til ei "forenkling" av uttalen, og uttalen blir heller ikkje kortare. Dermed er det ingenting i sjølve den fonetiske substansen som skulle tale for ei utvikling frå palatal til postalveolar eller alveolar uttale. [lː] og [ɭː] er altså korkje enklare eller kortare å uttale enn [ʎː], men uttalen er derimot meir "standardisert". Det ein potensielt "vinn" på å uttale dei palatale lateralane som postalveolare eller alveolare lateralar, er såleis først og fremst knytt til sosiale og ikkje artikulatoriske forhold. Bakgrunnen for endringa er mest sannsynleg kontakt, og forklaringane på endringa er såleis først og fremst å finne i sosiokulturelle forhold.


8.2.4 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Sidan palatal uttale av *l* knappast finst i tynsetmålet lenger, vil vi konsentrere oss om variasjonen i bruken av dette språktrekket blant unge og vaksne rørosingar.[124] Som vi såg av figur 8.2.8 ovafor, er det stor variasjon i uttalen av gno. *ll, ld* og *lt,* særleg blant dei unge rørosinformantane, men òg i ein viss grad blant dei vaksne. Av figur 8.2.12 nedafor ser vi at fire av dei vaksne informantane har ein del innslag både av den alveolare standarduttalen av *l* og av den apikale postalveolare mellomvarianten. Det gjeld særleg Tom, som har ei klar overvekt av den alveolare uttalen (66 %). Han er faktisk den av alle rørosinformantane som har flest førekomstar av den alveolare standarduttalen (jf. fig. 8.2.12).

Når det gjeld bruk av mellomvarianten, ser vi at dette først og fremst er eit fenomen som blir tydeleg hos ungdomen. Dei unge informantane har, som vi såg ovafor, i gjennomsnitt fleire førekomstar av mellomvarianten enn av den alveolare standard-


[124] Talet på belegg hos dei vaksne og dei unge informantane varierer ein del – frå 15 på det minste og 92 på det meste. For oversyn over talet på belegg og variantfordelinga deira per informant sjå vedlegg 8.2.9.

varianten (jf. fig. 8.2.8). Sjølv blant dei fem informantane som held mest på den lokale uttalen, Hogne, Trym, Finn, Tore og Eirik, finn vi innslag av mellomvarianten – særleg hos Eirik. Dei fem gutane er alle lokalt orienterte og positive både til heimstaden og dialekten. Med unntak av Eirik høyrer dei heime i bus-gjengen. Eirik har meir til felles med skule/idrettsgjengen.




Figur 8.2.12 Uttale av *ll, ld* og *lt* hos dei vaksne på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Som vi vore inne på tidlegare, plasserer jentene seg i dei sosiale midtgruppene. Dei høyrer anten heime i skule/idretts-gruppa eller i skule/kultur-gruppa (jf. kap. 7, pkt. 7.1.3). Av figur 8.2.13 nedafor går det fram at jentene også plasserer seg nokolunde midt på når det gjeld bruk av palatal uttale av *l*. Ailin, Camilla, Linn og Bente har mellom 30 % og 50 % lokale former. Den einaste jenta som skil seg noko ut, er Iris, dottera til Tom, som bruker vesentleg fleire nivellerte variantar enn dei andre jentene. Faren sin språkbruk kan her vere med på å kaste lys over språkbruken til Iris. Han har, som vi såg ovafor, relativt avgrensa innslag av den palatale varianten av lang *l og lt*, og dess fleire av den alveolare standardvarianten. Iris vel likevel ikkje den alveolare uttalen, slik faren gjer, men den apikale postalveolare mellomvarianten. Medan Tom har alveolar uttale i 59 % av tilfella, har Iris mellomvarianten i 63 % av tilfella. Saman med Sondre er Iris er faktisk den av alle rørosungdomane som har størst innslag av mellomvarianten (jf. fig. 8.2.13).



Figur 8.2.13 Uttale av *ll, ld* og *lt* hos dei unge på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Av figur 8.2.14 nedafor ser vi at bruken av mellomvarianten først skyt verkeleg fart hos ungdomen. Dette tyder på at den postalveolare mellomvarianten av *l* er eit forholdsvis nytt fenomen. Blant ungdomane er det først og fremst jentene og soss/skatar-gutane som bruker mellomvarianten. Gutane i bus-gjengen held seg stort sett til den tradisjonelle palatale uttalen av *ll*, *ld* og *lt*.




Figur 8.2.14 Nivellert uttale av *ll, ld* og *lt* hos kvar av informantane på Røros, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Dersom vi ser på den individuelle fordelinga av dei nivellerte variantane, dvs. standard-varianten og mellomvarianten, avteiknar det seg *ikkje* ei klassisk s-kurve, men ei slak s-liknande kurve (jf. fig. 8.2.15 nedafor). Det betyr at vi har ganske stor både inter- og

intraindividuell variasjon i bruken av dette trekket. Stor intraindividuell variasjon tyder på at dette ikkje er eit trekk ein anten har eller ikkje har, men som mange har ein del av – anten ein stor, middels eller mindre del. Dette trekket oppfører seg altså noko annleis enn t.d. rørossjibboletten /ʃk/, som ser ut til å vere eit trekk ein anten bruker eller ikkje bruker (jf. pkt. 8.1.3).

Sju av informantane har under 20 % nivellerte former av *ll*, *ld* og *lt*. Fem av dei er tradisjonsorienterte gutar som hovudsakleg høyrer heime i bus-gjengen og to er vaksne. I den motsette enden finn vi seks informantar som har over 80 % nivellerte former. Felles for desse er at dei alle er svært urbant orienterte. Det er dei fire soss/skatar-gutane, Iris og far hennar, Tom. Dei resterande åtte informantane har mellom 20 % og 80 % nivellerte former. Vi finn tre av dei vaksne i denne gruppa: Ragnar, Eli og Anna. Desse tre har mellom 20 % og 35 % nivellerte former. Dei fem andre er såkalla "mainstream"-ungdomar, hovudsakleg jenter som høyrer til blant dei idretts- eller kulturinteresserte. Hos desse ligg talet på nivellerte former på mellom 50 % og 80 %. Innafor denne midtgruppa har altså dei vaksne relativt sett færre nivellerte former enn ungdomane, men dersom vi ser på heile gruppa samla, har faktisk fleire av dei unge informantane ein større prosentdel tradisjonelle former enn dei vaksne. Det faktum at fire av dei seks vaksne informantane har over 20 % nivellerte former, medan dei unge busane har langt færre nivellerte former, kan tyde på at sosiokulturell orientering og gruppetilhørsle betyr endå meir enn alder for bruken av dette språktrekket (jf. korrespondanseanalysen kap. 9, pkt. 9.2.2 og 9.2.3).




Figur 8.2.15 Nivellert uttale av *ll, ld* og *lt* hos kvar av informantane på Røros (N2=S2+M)

Dersom vi ser på gruppefordelinga hos ungdomen, viser det seg eit svært tydeleg mønster (jf. fig. 8.2.16 nedafor). Som vi allereie har vore inne på, er det gutane i bus-gjengen som held mest på den tradisjonelle uttalen av *ll, ld* og *lt*, medan gutane i soss/skatar-gjengen har fjerna seg mest frå den palatale uttalen. Det er også blant soss/skatar-gutane at vi finn størst innslag av den alveolare standardvarianten (39.3 %) og av mellomvarianten (46.7 %). Også i dei to mellomgruppene er bruken av mellomvarianten relativt høg. Alle ungdomane i desse to gruppene, med unntak av Eirik (jf. fig. 8.2.14 ovafor), bruker mellomvarianten i mellom 35 % og 65 % av tilfella.

Dersom vi ser på dei andre sosiale kategoriane, går det fram at både foreldre-bakgrunn, sosial bakgrunn, kulturell orientering og framtidsplan har innverknad på bruken av dette språktrekket (jf. vedlegg 8.2.10). Lokalt orienterte ungdomar, som har begge foreldre frå Røros, som kjem frå ein ikkje-akademisk familie og som gjerne vil bli på Røros, skårar klart høgast når det gjeld bruk av palatal uttale av *ll, ld* og *lt*. Kjønn og studieretning ser også ut til å spele ei viss rolle. Jentene og gutane på allmennfagleg studieretning nivellerer dette trekket omtrent like mykje, men jentene har langt fleire førekomstar av mellomforma. Allmennfaggutane har derimot flest førekomstar av standardforma. Gutane på yrkesfag bruker på si side den palatale uttalen mest.

Dei som er positivt innstilte til heimplassen og til dialekten, bruker den tradisjonelle palatale uttalen klart mest. Dei som derimot er meir negativt innstilte til Røros og røros-dialekten, har relativt sett flest både mellomformer og standardformer (jf. vedlegg 8.2.11)



Figur 8.2.16 Uttale av *ll, ld* og *lt* etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

8.2.5 Variasjon i uttalen av *nn, nd,* og *nt* på Røros og Tynset etter alder: N-PAL[125]

Av dei to tabellane nedafor, 8.2.9 og 8.2.10, ser vi at det er stor forskjell mellom Røros og Tynset når det gjeld bruken av palatal *n* [ɲ] (t.d. *mann* ma[ɲː], *bjørn* bjø[ɲː], *synd* sy[ɲː], *vinter* vi[ɲc]er, *han* ha[ɲː]). Både unge og vaksne tynsetingar bruker den alveolare uttalen av *nn, nd* og *nt* i mest alle tilfella.[126] På Røros, derimot, bruker unge og vaksne i gjennomsnitt den tradisjonelle palatale uttalen i vel halvparten av tilfella. Dersom vi samanliknar ungdomen på Røros og Tynset, ser vi at rørosungdomen varierer mellom palatal (L3), alveolar (S2) og ein tredje uttale (M) av lang *n*, medan tynsetungdomen så å seie utelukkande bruker den alveolare uttalen. Det er tydeleg at fleire av informantane bruker ei form som korkje er reint palatal eller reint laminal alveolar. Denne mellomvarianten kan truleg best skildrast fonetisk som ein apikal postalveolar nasal [ɳ], som f.eks. i *gjerne* gje[ɳ]e (jf. diskusjonen ovafor, pkt. 8.2.1).

Kompromissvarianten mellom ein reint palatal og ein reint alveolar uttale av *n* er langt mindre utbreidd hos rørosungdomen enn mellomvarianten av *l* (jf. pkt. 8.2.2). Hos dei unge rørosinformantane førekjem mellomvarianten av *l* i heile 35.6 % av tilfella (jf. tab. 8.2.4 under pkt. 8.2.2), medan mellomvarianten av *n* berre førekjem i 12.2 % av tilfella (jf. tab. 8.2.10). Den palatale uttalen av *n* held seg etter måten godt blant dei unge på Røros (med heile 45.5 %), men som vi ser, er der ein heil del variasjon (om denne variasjonen primært er inter- eller intraindividuell, vil vi kome attende til i pkt. 8.2.7).

Tabell 8.2.9 Uttale av *nn*, *nd* og *nt* etter alder, Tynset, (L3) palatal og (S2) alveolar

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(4) 0.7 %	(576) 99.3 %	**580**
Vaksne	(25) 9.2 %	(246) 90.8 %	**271**
Totalt			**851**


[125] For full oversikt over alle belegga, sjå vedlegg 8.2.12 for Røros og 8.2.13 for Tynset

[126] Uttalen av /n/ som i *ny* kan variere mellom dental og alveolar, men sidan dette ikkje er ein viktig diskusjon i denne samanhengen, har eg valt å kalle denne lyden for alveolar. I sørlandske og vestnorske dialektar er uttalen av /n/ oftast apiko-alveolar, men i austnorske dialektar, som er det mest aktuelle her, er uttalen i regelen lamino-alveolar (jf. Endresen 1991:65f). Både på Røros og Tynset har vi tradisjonelt fire *n*-fonem /n/ (dental/laminal alveolar) som i *ny* [n̪y], /ɳ/ (apikal postalveolar) som i *gjerne* gje[ɳ]e, /ɲ/ (palatal) som i *mann* ma[ɲː] og /ŋ/ (dorso-velar) som i *manko* ma[ŋk]o. Dei tre førstnemnde er dei som er involverte i variasjon her, og er dermed dei som er aktuelle i denne samanhengen.

Tabell 8.2.10 Uttale av *nn*, *nd* og *nt* etter alder, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Kode	L3	M	S2	Totalt
Unge	(612) 45.5 %	(164) 12.2 %	(568) 42.3 %	**1344**
Vaksne	(396) 63.8 %	(17) 2.7 %	(208) 33.5 %	**621**
Totalt				**1965**

Den slåande forskjellen mellom dei to plassane går endå tydelegare fram av figur 8.2.17 nedafor. Som vi kan sjå, har palatal uttale av lang *n* gått heilt ut av bruk blant dei unge på Tynset, og heller ikkje vaksne tynsetingar har nemneverdig mange innslag av dette trekket. På Røros ser vi at talet på palatale former er ein god del mindre hos dei unge (45.5 %) enn hos dei vaksne (63.8 %). Vi ser også at talet på mellomformer, dvs. apikal-postalveolar uttale, er vesentleg større hos ungdomen (12.2 % mot 2.7 %).




Figur 8.2.17 Uttale av *nn, nd* og *nt* etter stad og alder, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

8.2.6 Variasjon etter alveolarsamband, frekvens og fonetiske omgivnader, Røros

Sidan palatal uttale av *n* mest ikkje er å finne på Tynset, har det lita meining å gå vidare med tynsetmaterialet på dette punktet. På Røros, derimot, er variasjonen mellom palatal, alveolar og ein meir apikal postalveolar uttale av *n* relativt stor både blant unge og vaksne – både inter- og intraindivuduelt. Det kan derfor vere interessant bl.a. å sjå på om dei ulike alveolarsambanda oppfører seg likt, eller om den palatale uttalen er meir resistent i nokre samband enn i andre.

I figur 8.2.9 nedafor ser vi fordelinga av opphavleg *nn*, *nd*, *nt*. [127] Av figuren går det fram at den palatale uttalen av *n* relativt sett er mest resistent ved gno. *nd* hos dei unge. Pussig nok er situasjonen motsett hos dei vaksne informantane. Hos dei er den palatale uttalen minst resistent ved opphavleg *nd*. Talet på lokale former av *nd* er faktisk ørlite grann større hos dei unge rørosinformantane, med litt over 60 %, enn hos dei vaksne informantane, som bruker den lokale uttalen av *nd* i litt under 60 % av tilfella. Hos dei vaksne er den palatale uttalen mest resistent ved *nn* og *nt*. Talet på mellomformer er jamt over høgare hos dei unge enn hos dei vaksne, og er aller høgast ved *nt*.



Figur 8.2.18 Uttale av kvart av alveolarsambanda *nn, nd*, og *nt* etter alder, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

8.2.6.1 Variasjon etter frekvens

Ein annan interessant innfallsvinkel er å sjå på om *frekvens* har noko å seie for bruken av lokal eller nivellert uttale av *nn, nd* og *nt*, og vidare om dei *fonetiske omgivnadene* har noko å seie i kombinasjon med frekvens.[128] Hos dei unge informantane varierer talet på palatal uttale av *n* i høgfrekvente ord mellom ca. 39 % og 70 % avhengig av om dei førekjem ved *nn*, *nd*, *nt* (jf. vedlegg 8.2.14). Dei unge har færrast tilfelle av den lokale forma ved dobbel *n*. Dei mest frekvente orda hos dei unge er *sant* (95 belegg), der over 60 % har palatal uttale, og småorda *men*, *han*, *kan, enn* og *den* (høvesvis 290, 95, 63, 50 og 49

[127] Opphavleg *nn* og *nd* blir handsama kvar for seg, sjølv om dei synkront sett ofte er lang *n* i dialekten (t.d. i ord som *stund, hundre* og *hende*). I ord som *bestandig* og *forandre* er likevel *d*-uttalen intakt. Alle desse orda førekjem vel å merke med *d* i skrift. I nokre tilfelle blir nemninga lang *n* brukt – dette inkluderer då både *nn* og *nd*.

[128] Sjå vedlegg 8.2.14 og 8.2.15 for oversikt over bruken av palatal, alveolar og postalveolar uttale ved kvart av alveolarsambanda *nn, nd* og *nt* etter ordfrekvens for høvesvis unge og vaksne.

belegg). Desse høgfrekvente småorda, der lang *n* står i utlyd, har i gjennomsnitt palatal uttale i rundt 40 % av tilfella, og er dermed dei orda som blir nivellerte aller hyppigast hos dei unge. Eller sagt på ein annan måte, desse orda er minst resistente for forandring, og førekjem oftast med anten alveolar eller apikal postalveolar uttale. Hos dei vaksne informantane ligg talet på lokale former i høgfrekvente ord på mellom 60 % og 70 % både i sambanda *nn* og *nt* (jf. vedlegg 8.2.15). Berre i sambandet *nd* er talet på lokale former noko lågare (32.5 %). I lågfrekvente ord førekjem likevel *nd* med palatal uttale i rundt 70 % av tilfella. Det enkeltordet der den palatale uttalen ser ut til å vere minst resistent både hos unge og vaksne, er konjunksjonen *men,* som blir nivellert i rundt 70 % av tilfella hos dei unge og i 50 % av tilfella hos dei vaksne. Det *kan* tyde på at uttalen av lang *n* i dette ordet også tradisjonelt har vore noko varierande, og at den palatale uttalen no er på veg ut.

Slik det går fram av tabellane 8.2.11, 8.2.12 og figur 8.2.10 nedafor, er det prosentvis relativt liten forskjell mellom bruk av palatal *n* i høg- og lågfrekvente ord hos dei unge informantane (høvesvis 44.1 % og 51.3 %). Hos dei vaksne informantane er forskjellen litt større med over 70 % lokale former i lågfrekvente ord og knappe 60 % i høgfrekvente ord. Den palatale *n*-en blir med andre ord nivellert noko hyppigare i høgfrekvente ord enn i lågfrekvente ord hos dei vaksne (respektive 40.5 % og 28.5 % dersom vi reknar med mellomformene, N2), medan fordelinga hos dei unge er noko jamnare (høvesvis 55.9 % og 48.7 %, N2). Kji-kvadrattestar som testar for homogenitet viser likevel at bruken av dei tre ulike uttalevariantane *er* signifikant forskjellig i høg- og lågfrekvente ord både hos dei unge og dei vaksne rørosinformantane. Forskjellane er også signifikante dersom vi slår saman standardforma og mellomforma. Frekvens gir altså eit signifikant utslag i forhold til nivelleringsgrad i begge aldersgruppene (jf. vedlegg 8.2.16 og 8.2.17).[129]

Tabell 8.2.11 Høgfrekvente kontra lågfrekvente ord. Samla tal for dei vaksne på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar, (S2) alveolar og (N2) postalveolar+alveolar

Kode	L3	M	S2	N2	Totalt
Høgfrekvente ord	(242) 59.5 %	(14) 3.5 %	(151) 37 %	40.5 %	**407**
Lågfrekvente ord	(153) 71.5 %	(3) 1.4 %	(58) 27.1 %	28.5 %	**214**
Totalt					**621**


[129] For dei unge fann vi følgjande verdiar: for S2 og M åtskild p-verdi=0,004, testobservator $\chi 2$=11,073 og for N2 p-verdi=0,033, testobservator $\chi 2$=4,534. For dei vaksne var tala: for S2 og M åtskild for p-verdi=0,009, testobservator $\chi 2$=9,488 og for N2 p=0,003, $\chi 2$=8,777. Forkasting ved p-verdi < 0,05.

Tabell 8.2.12 Høgfrekvente kontra lågfrekvente ord. Samla tal for dei unge på Røros, L3) palatal, (M) postalveolar, (S2) alveolar og (N2) postalveolar+alveolar

Kode	L3	M	S2	N2	Totalt
Høgfrekvente ord	(473) 44.1 %	(146) 13.6 %	(454) 42.3 %	55.9 %	**1073**
Lågfrekvente ord	(139) 51.3 %	(18) 6.6 %	(114) 42.1 %	48.7 %	**271**
Totalt					**1344**

Den mest interessante forskjellen mellom aldersgruppene gjeld kan hende bruken av mellomforma. Dei unge informantane, som bruker denne forma mest, ser ut til å bruke den postalveolare uttalen av *n* oftast i høgfrekvente ord. Men det er uvisst kor mykje ein kan leggje i dette, sidan forskjellane er forholdsvis små. Det er likevel interessant av dei unge bruker mellomforma langt hyppigare enn dei vaksne, der denne forma knapt nok førekjem (12.2 % mot 2.7 %). Bruken av ein meir postalveolar uttale av lang *n* ser altså, på same måte som den postalveolare uttalen av lang *l,* ut til å vere ei utvikling av relativt ny dato.

For å oppsummere så langt, så er det ikkje mogleg å peike på nokre heilt eintydige mønster i materialet for korleis palatal *n* forsvinn ut av ordstoffet. Vi har likevel sett at høgfrekvente ord er signifikant mindre resistente enn lågfrekvente ord både hos dei unge og dei vaksne rørosinformantane. Hos dei unge informantane er den palatale uttalen av *n* aller minst resistent i høgfrekvente småord som *men*, *enn*, *den*, *han* osb., og mest resistent i sambandet *nd*.



Figur 8.2.19 Uttale av *nn, nd* og *nt* etter frekvens og alder, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar


8.2.6.2 Fonetisk kontekst

Ein annan interessant innfallsvinkel er å sjå på om den fonetiske konteksten, nærare bestemt den føregåande vokalen, har noko å seie for kor resistent den palatale uttalen er. Sidan vi finn størst variasjon mellom palatal, alveolar og ein meir postalveolar uttale av

lang *n* og *nt* hos dei unge informantane (jf. tab. 8.2.10 ovafor), vil eg konsentrere meg om denne gruppa. Av tabell 8.2.13 og figur 8.2.20 nedafor ser vi at den palatale uttalen av *n* er mest resistent etter [ʉ], [ɑ] og [i], og minst resistent etter [ɛ/æ][130] og [y].

Tabell 8.2.13 Uttale av *nn, nd* og *nt* etter fonetisk kontekst, unge på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Kode	L3	M	S2	Totalt
[ɑ]	(230) 53.3 %	(68) 15.7 %	(134) 31 %	**432**
[ɛ/æ]	(199) 36 %	(54) 9.8 %	(299) 54.2 %	**552**
[i]	(88) 50.6 %	(24) 13.8 %	(62) 35.6 %	**174**
[ʉ]	(79) 59.4 %	(7) 5.3 %	(47) 35.3 %	**133**
[y]	(16) 30.2 %	(10) 18.8 %	(27) 51 %	**53**
Totalt				**1344**



Figur 8.2.20 Uttale *nn, nd* og *nt* etter fonetisk kontekst hos unge på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Lang *n* og *nt* førekjem relativt hyppig både etter [ɑ] og [ɛ/æ] (høvesvis 432 og 552 belegg). Talet på belegg er langt meir avgrensa for dei andre vokalane, og er særleg lågt ved [y]. Det er derfor meir usikkert kva ein kan trekkje ut av tala ved desse vokalane. Dermed er det gjerne mest interessant å sjå på fordelinga av den palatale, alveolare og apikale postalveolare varianten etter [ɑ] og [ɛ/æ]. Som vi ser av figur 8.2.20 ovafor, er situasjonen for lang *n* og *nt* etter [ɑ] og [ɛ/æ] så å seie motsett. Etter [ɑ] førekjem den palatale uttalen i

[130] Den tradisjonelle uttalen er i regelen mest mot [æ] i ord som *hende*, *men* og *enn*. Hos dei unge informantane er nok vokalen likevel både litt høgare og litt meir fremre [ɛ] – og er slik sett meir lik "standarduttalen". Sjølv om vokalkvaliteten varierer noko mellom [æ] og [ɛ] både frå ord til ord og frå informant til informant, har eg valt å handsame desse samla.

litt over halvparten av tilfella, medan den nivellerte alveolare uttalen førekjem i godt over femti prosent av tilfella etter [ɛ/æ]. Ein homogenitetstest viser at den palatale *n*-en er signifikant *meir* resistent etter [ɑ] enn dei andre vokalane, og signifikant *mindre* resistent etter [ɛ/æ] enn etter dei øvrige vokalane (jf. vedlegg 8.2.18). Dei største avvika frå nullhypotesen fann vi ved [ɑ] og [ɛ/æ]. Ein nullhypotese om homogenitet kan dermed forkastast. Dette betyr at den fonetiske konteksten har noko å seie for kor resistent den palatale uttalen av lang *n* og *nt* er.[131]

Som vi såg ovafor, er den palatale *n*-en noko meir utsett for nivellering i høg- enn lågfrekvente ord. Det høgfrekvente ordet *andre* blir tradisjonelt ikkje uttalt med palatal *n* på Røros, og er derfor ikkje teke med som belegg ovafor. Likevel er det interessant å sjå at over 40 % av førekomstane av dette ordet anten har palatal eller postalveolar uttale hos dei unge informantane (jf. tab. 8.2.14). Dette kan vere ein indikasjon på at den palatale uttalen *spreier seg* til ord som har palatal uttale andre plassar i Trøndelag, og at det dermed er døme på ei regional utvikling. Ei anna forklaring er at dette ordet også tradisjonelt sett har hatt ei noko vaklande realisering med omsyn til palatalitet i rørosmålet. Denne forklaringa er kanskje vel så plausibel sidan også dei vaksne informantane har førekomstar av dette ordet *med* palatal uttale. Talet på belegg er likevel svært sparsamt her, så det er vanskeleg å seie noko visst.

Tabell 8.2.14 Uttale av pronomenet *andre* etter alder, Røros**,** (L3) alveolar og (R1) palatal


Kode	L3	R1	Totalt
andre/unge	(42) 57.7 %	(30) 42.3 %	**72**
andre/vaksne	(11) 68.8 %	(5) 31.2 %	**16**
Totalt			**88**

8.2.7 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Førekomstar med palatal uttale av *n* er, som vi har sett, svært sparsame både hos unge og vaksne tynsetingar. Berre ein av ungdomane på Tynset, Varg, har nokre få tilfelle av palatal uttale av *n*. Varg er frå sentrum, går på yrkesfagleg studieretning og har planar om å busette seg på Tynset. Når det gjeld dei vaksne tynsetingane, er det berre to av dei som har førekomst av palatal *n*. Det er Alva, som er frå Tylldalen og Njål, som er frå sentrum (jf. vedlegg 8.2.19).

[131] Kji-kvadrattesten hadde fire fridomsgrader. Testobservatoren var $\chi 2=76{,}199$ og p.-verdien=0,000. Vi får dermed forkasting av nullhypotesen. Forkasting ved p-verdi < 0,05.

På Røros er variasjonen atskillig større både mellom informantane og hos den einskilde informant (dvs. både inter- og intraindividuelt).[132] Av figur 8.2.21 nedafor ser vi at variasjonen blant dei vaksne informantane er relativt stor. Fleire av dei vaksne vekslar mellom alveolar og palatal uttale av *n*, og ein av dei, Tom, har til og med overvekt av den alveolare uttalen. Han er generelt den av dei vaksne informantane som har størst innslag av nivellerte former, og er dermed den som har fjerna seg mest frå den lokale rørosdialekten (jf. pkt. 8.16). Som vi såg under punkt 8.1.3, seier Tom sjølv at dialekten hans har vorte "øydelagt" av lang tids opphald utafor kommunen.




Figur 8.2.21 Uttale av *nn, nd* og *nt* hos vaksne på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Berre Gunn er så å seie heilt stødig i bruken av palatale nasalar. Dei hine vaksne har større eller mindre innslag av alveolar uttale, men førekomsten av mellomvarianten, dvs. apikal postalveolar uttale, er svært sjeldan hos dei vaksne. Dette er eit fenomen som først dukkar opp hos ungdomane. Når det gjeld bruk av mellomvarianten, ser vi altså det same mønsteret for *n* som for *l*. Både dei unge og dei vaksne har likevel fleire innslag av mellomvarianten av *l*, enn dei har av *n*; i gjennomsnitt 37.4 % av *l* mot 12.2 % av *n* hos dei unge, og 8.2 % av *l* mot 2.7 % av *n* hos dei vaksne (jf. pkt. 8.2.2 og 8.2.5 ovafor). Den apikale postalveolare uttalen er svært tydeleg hos enkelte informantar, men er ikkje å finne hos alle. Denne mellomforma er såleis ikkje eit generelt trekk, men ei form enkelte vel. Dei

[132] Talet på belegg varierer nokså mykje – Trym har færrast belegg med sine 35 førekomstar, medan Carola med sine 135 belegg har flest. For fullt oversyn over talet på belegg og variantfordelinga per informant sjå vedlegg 8.2.20.

tre gutane som har færrast lokale former, Sondre, Truls og Bjørn, har t.d. ikkje særleg innslag av mellomvarianten, men har gått så å seie heilt over til alveolar uttale av *n* (jf. fig. 8.2.22 nedafor). Desse tre gutane er alle svært urbant orienterte, vil helst flytte frå Røros og høyrer til blant sossen eller skatarane.


Dei fem gutane Trym, Finn, Tore, Eirik og Hogne har alle ei klar overvekt av den tradisjonelle lokale varianten av lang *n* (jf. fig. 8.2.22). Det same har Linn, Carola og Bente, men her er innslaga av alveolar og postalveolar uttale atskillig større. Dei fem gutane er alle lokalt orienterte, vil gjerne busette seg på Røros, og, med unntak av Eirik, høyrer dei med i bus-gjengen. Eirik og dei tre jentene høyrer alle med i idrettsgjengen.



Figur 8.2.22 Uttale av *nn, nd* og *nt* hos unge på Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Dersom vi ser på fordelinga etter gruppetilhørsle, kjem det fram eit svært tydeleg mønster (jf. fig. 8.2.23 nedafor). Busen og idrettsgjengen er dei som held mest på den lokale palatale uttalen, medan dei kulturaktive og sossen har eit mykje større innslag av alveolar eller postalveolar uttale. Bruken av den alveolare standardforma er desidert størst hos sossen, medan bruken av den postalveolare mellomforma er omtrent lik hos skule/kultur og soss/skatar-gjengen. Fleire av dei andre sosiale kategoriane gir også tydelege utslag. Foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn, kulturell orientering og framtidsplan er alle klare sosiale korrelat ved dette trekket (jf. vedlegg 8.2.21). Hos lokalt orienterte ungdomar med ikkje-akademisk familiebakgrunn og som kunne tenkje seg å busette seg på Røros, dominerer den tradisjonelle palatale uttalen. Hos urbant orienterte ungdomar med akademisk familiebakgrunn og som vil flytte frå Røros dominerer den alveolare standard-


uttalen. Mellomvarianten blir brukt mest av jentene og av dei som seier at dei kunne tenkje seg å flytte attende til Røros. Studieretning ser også ut til å spele ei viss rolle. Gutar på yrkesfagleg studieretning bruker i hovudsak den tradisjonelle palatale varianten, medan gutar på allmennfagleg studieretning oftast bruker den alveolare standardvarianten. Sentrum kontra utkant gir på si side det motsette resultatet av det ein skulle vente. Sentrumsungdomen har langt fleire førekomstar av den tradisjonelle varianten enn ungdom frå utkantane av kommunen. Grunnen til dette er nok først og fremst at nokre av dei informantane som nivellerer dette trekket aller mest, som t.d. Iris og Magne og Sondre, kjem frå grendene rundt Røros.



Figur 8.2.23 Uttale av *nn, nd* og *nt* etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) palatal, (M) postalveolar og (S2) alveolar

Uttrykte haldningar til Røros og til rørosdialekten har også innverknad på bruken av dette trekket (jf. vedlegg 8.2.22). Dei som er negativt innstilte til heimplassen og til dialekten, bruker så å seie utelukkande den alveolare standardvarianten. Hos dei som er positivt eller nøytralt innstilte, varierer uttalen av dette trekket noko meir, men hos dei som er positive til Røros og til rørosdialekten, dominerer den palatale uttalevarianten.

Bruken av den postalveolare mellomvarianten er svært varierande. Magne, Iris og Ailin har alle tydelege postalveolare nasalar. Hos Magne er dette den mest dominerande varianten, med nesten 60 %. Vi finn også mellomvarianten hos Carola, Hogne og Bente, men han er mest frekvent og blir uttalt tydelegast hos dei tre førstnemnde. Forholdet mellom den alveolare standarduttalen og den postalveolare mellomvarianten går endå klarare fram av figur 8.2.24 nedafor.




Figur 8.2.24 Nivellert uttale av *nn, nd* og *nt* hos kvar av informantane på Røros, (S2) alveolar og (M) postalveolar

Her ser vi eit oversyn over både unge og vaksne sin bruk av dei to nivellerte variantane. Det går klart fram av figuren at mellomvarianten slett ikkje er det prioriterte valet. Tvert om går dei fleste over til den alveolare standardvarianten. Dette er ikkje minst interessant og relevant i forhold til diskusjonen kring standardisering eller regionalisering. Det at ein slik mellomvariant i det heile finst, er eit teikn på at i alle fall enkelte har behov for ei slik regional mellomløysing. Det faktum at liknande mellomvariantar også finst andre stader i Trøndelag (jf. Vold Ulset 2002), og at han finst som avløysarform for palatal uttale også andre stader i landet (jf. Hanssen 1990:144), *kan* tyde på at slike mellomformer er på frammarsj. Førebels er likevel hovudtendensen blant rørosungdomen at den alveolare standardvarianten tek over.

Dersom vi ser på den individuelle fordelinga av dei nivellerte variantane, dvs. den alveolare varianten og den postalveolare mellomvarianten, avteiknar det seg inga klassisk s-kurve, med konsentrasjon av informantar i byrjinga og slutten av kurva og få midt på (jf. fig. 8.2.25). Slik tilfellet var også for lang *l* og *lt*, har vi derimot ei slak s-liknande kurve der informantane fordeler seg nokså jamt frå 0 til 98 % nivellerte former. Dette er altså ikkje eit trekk informantane anten bruker eller ikkje bruker, men eit trekk som mange har ein større eller mindre prosentdel av. Heile ni av informantane har mellom 20 % og 80 % nivellerte former, medan sju har under 20 % og fem over 80 % nivellerte former. Det betyr at mange av informantane varierer mykje mellom den lokale forma med palatal uttale og

dei nivellerte formene med alveolar eller postalveolar uttale. Denne store intra-individuelle variasjonen tyder igjen på at trekket forsvinn *gradvis* ut av informantane sitt språk.

Blant dei sju som har under 20 % nivellerte former, finn vi to vaksne informantar, Gunn og Ragnar, dei fire bus-gutane, Trym, Finn, Tore og Hogne, og den lokalt orienterte idrettsguten Eirik. Resten av dei vaksne informantane ligg på mellom 25 og 80 % nivellerte former (jf. også fig. 8.2.21 nedafor). I denne midtgruppa, der variasjonen altså er størst, finn vi også dei fire jentene Linn, Carola, Bente og Ailin og den kulturinteresserte guten Chris. Fire av dei fem informantane som har over 80 % nivellerte former, høyrer heime i soss/skatar-gjengen, Magne, Sondre, Truls og Bjørn. Den femte informanten er Iris, dottera til Tom. Tom har sjølv heile 80 % nivellerte former av dette trekket. Iris har endå færre lokale former av dette trekket enn far sin. Ho er dessutan ei jente som i stor grad orienterer seg vekk frå Røros, sjølv om ho er positiv til heimstaden sin. Det er ikkje urimeleg å tru at faren sin manglande bruk av den lokale forma er ein viktig faktor for å forstå det høge prosenttalet av nivellerte former hos Iris.



Figur 8.2.25 Nivellert uttale av *nn, nd* og *nt* hos alle informantane på Røros, (N2=S2+M)

8.2.8 Variasjon i uttalen av *dd* og *tt* etter alder på Røros[133]

Slik det går fram av tabell 8.2.15 nedafor, er den palatale uttalen av *dd* relativt resistent både hos dei vaksne og dei unge rørosinformantane. Totalt sett bruker alle informantane

[133] For fullt oversyn over kva for ord som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.2.23 for *dd* på Røros og 8.2.24 for *tt* på Røros.


den palatale uttalen av *dd* i rundt 66 % av tilfella. Det er interessant å legge merke til at tala er mest heilt like for dei vaksne og dei unge. Hos rørosungdomen står den palatale uttalen noko mindre støtt ved *tt* (jf. tab. 8.2.16). Her er fordelinga 50/50 mellom den palatale og den alveolare uttalen, medan dei vaksne bruker den palatale uttalen noko oftare (65.5 %). Det totale talet på belegg for dei to alveolarsambanda er vel å merke relativt avgrensa (*dd* 175 og *tt* 129). I figur 8.2.26 nedafor ser vi ei grafisk framstilling av fordelinga av den palatale og alveolare uttalen av *dd* og *tt* hos vaksne og unge på Røros.

Tabell 8.2.15 Uttale av *dd* etter alder, Røros, (L3) palatal og (S2) alveolar

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(67) 66.3 %	(34) 33.7 %	**101**
Vaksne	(49) 66.2 %	(25) 33.8 %	**74**
Totalt			**175**

Tabell 8.2.16 Uttale av *tt* etter alder, Røros, (L3) palatal og (S2) alveolar

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(37) 50 %	(37) 50 %	**74**
Vaksne	(36) 65.5 %	(19) 34.5 %	**55**
Totalt			**129**




Figur 8.2.26 Uttale av *dd* og *tt* etter alder, Røros, (L3) palatal og (S2) alveolar

8.2.9 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros


Fem av dei seks vaksne informantane på Røros bruker mest berre den palatale uttalen av *dd*, medan Tom heilt har gått over til den alveolare uttalen (jf. fig. 8.2.27 nedafor). Det er med andre ord på grunn av Tom, som også elles skil seg ut frå resten av vaksengruppa, at dei vaksne som gruppe står med over 30 % standarformer av *dd* (jf. fig. 8.2.26 ovafor). Også Ragnar har eitt tilfelle av standardforma ved denne variabelen. Talet på belegg ligg

mellom 4 og 24 per informant (jf. vedlegg 8.2.25 for oversyn over fordelinga av belegg per informant).

Hos dei unge informantane ser vi ein god del meir variasjon – både inter- og intra-individuelt. Fire av dei unge har berre den palatale uttalen, fem varierer og fem har utelukkande den alveolare uttalen (jf. fig. 8.2.28 nedafor). Talet på belegg er vel å merke svært avgrensa. Det betyr sjølvsagt at ein ikkje kan leggje altfor mykje i talmaterialet her. Ein av informantane, Truls, har ingen belegg på dobbel *d* i det heile. Hogne har berre eitt belegg, Trym og Sondre har to belegg kvar og Eirik tre belegg. Elles varierer talet på belegg mellom 4 og 21 belegg per informant (jf. vedlegg 8.2.25).



Figur 8.2.27 Uttale av *dd* hos dei vaksne på Røros, (L3) palatal og (S2) alveolar




Figur 8.2.28 Uttale av *dd* hos dei unge på Røros, (L3) palatal og (S2) alveolar


Når det gjeld bruken av palatal kontra alveolar uttale av lang *t* hos dei vaksne på Røros, ser vi at fire av dei seks vaksne stort sett held seg til den tradisjonelle uttalen (jf. fig. 8.2.29 nedafor). Tre av dei har innslag av den alveolare uttalen, og to av dei, Eli og Tom, har

faktisk overvekt av denne uttalevarianten av *tt*. Talet på belegg ligg mellom 5 og 14 per informant (for oversyn over fordelinga av belegg per informant sjå vedlegg 8.2.26).

Sju av dei unge informantane har berre den alveolare uttalen av lang *t*. Fire varierer, medan tre i hovudsak har den tradisjonelle palatale uttalen (jf. fig. 8.2.30 nedafor). Også her er talet på belegg relativt avgrensa.[134] Vi bør med andre ord vere varsame, også her, med å tolke for mykje inn i talmaterialet. Det syner om ikkje anna, likevel ein tendens.



Figur 8.2.29 Uttale av *tt* hos dei vaksne på Røros, (L3) palatal og (S2) alveolar




Figur 8.2.30 Uttale av *tt* hos dei unge på Røros, (L3) palatal og (S2) alveolar


Når det gjeld kven av informantane som held på den tradisjonelle uttalen, kven som varierer og kven som har teke opp den alveolare standarduttalen av *dd* og *tt*, finn vi stort sett det same mønsteret som vi har sett ved dei andre alveolarsambanda. Bus-gutane held

[134] Ein av informantane, Trym, har ingen belegg i det heile. Sondre har berre eitt belegg, medan Truls og Eirik berre har to belegg kvar. Elles varierer talet på belegg mellom 4 og 17 per informant (jf. vedlegg 8.2.26).

stort sett på den palatale uttalen, jentene plasserer seg jamt utover, medan og soss/skatar-gutane i hovudsak bruker den alveolare uttalevarianten (jf. fig. 8.2.31 og 8.2.32 nedafor). Den intraindividuelle variasjonen er størst i dei to mellomgruppene skule/idrett og skule/kultur. Talet på belegg er relativt lågt, særleg i soss/skatar-gruppa (jf. vedlegg 8.2.27 og 8.2.28).



Figur 8.2.31 Uttale av *dd* etter gruppetilhørsle, Røros (L3) palatal og (S2) alveolar



Figur 8.2.32 Uttale av *tt* etter gruppetilhørsle, Røros (L3) palatal og (S2) alveolar

Som vi såg ovafor, vantar enkelte av soss/skatar-gutane belegg, eller har svært få. Sjølv om vi ikkje har så mange førekomstar å basere oss på, kan vi likevel konkludere med at det er ein klar tendens her, som ved dei andre alveolarane, til at bus-gutane held mest på den palatale uttalen, medan soss/skatar-gutane og skule/kultur-gjengen stort sett bruker ein nivellert uttalevariant (her er det vel å merke berre ein variant og ingen mellomformer). Også når det gjeld dei andre sosiale kategoriane, finn vi omtrent det same resultatet her som ved dei andre alveolarane. Standardvarianten dominerer hos gutar på allmennfagleg

studieretning, hos dei som berre har ein av foreldra frå Røros, hos dei som kjem frå ein akademisk familie, hos urbant orienterte ungdomar og hos dei som er negative til Røros og til rørosdialekten (jf. vedlegg 8.2.29 og 8.2.30). Motsett dominerer den palatale uttalen av *dd* og *tt* hos lokalt orienterte ungdomar, hos dei som har begge foreldre frå Røros, hos dei som vil bli på Røros og hos dei som er positive eller nøytrale til heimstaden og heimstadsdialekten.

8.2.10 Oppsummering av variabelen A-PAL

Som vi har sett ovafor, er palatal uttale av lange alveolarar og alveolarsamband ein saga blott for Tynset sitt vedkomande. Både vaksne og unge bruker berre den alveolare uttalen av lang *n, nt* og lang *l, lt*. På Røros derimot, er den palatale uttalen mykje meir resistent blant dei vaksne, men også blant dei unge – i alle fall i visse ungdomsgrupper. Men også her skjer det endringar. Ikkje minst interessant er det at mange unge bruker ein kompromissvariant mellom den palatale og den alveolare uttalen. Dette stemmer overeins med utviklinga i fleire byar og tettstader i Nord-Noreg, særleg Tromsø, Narvik og Vadsø, der ein har observert at dei lange palatalane gradvis har utvikla ein meir "retroflektert" uttale (jf. Hanssen 1990:153f, Mæhlum 1992:250ff). Brit Mæhlum (loc. cit.) fann også dette fenomenet i si gransking av barn på Svalbard, særleg med omsyn til lang *l*, og i noko meir avgrensa grad lang *n*, men slett ikkje ved lang *t* og *d*. Eg har heller ikkje funne denne postalveolare uttalen ved lang *t* og *d* på Røros, men både ved lang *n* og *l*. Mæhlum fann særleg ei "retrofleks" realisering av lang *l* etter dei korte bakre vokalane /ɑ/ og /ɔ/ (op. cit.:258f). Mæhlum fann også denne "retroflekse" *l*-kvaliteten etter *lange* bakre vokalar, som i *Sv[aːl]bard*. Når det gjaldt "retrofleks" uttale av lang *n*, fann ho dette etter både bakre og fremre vokalkvalitetar. Dette stemmer overeins med den distribusjonen av postalveolar *l* og *n*-artikulasjon eg har funne blant rørosinformantane i mitt materiale. Eg har likevel også funne apikal postalveolar uttale av lang *l* etter den meir fremre korte vokalen /æ/ som i *heller* [hæl̻ːər]/[hæl̻ː] og *eller* [æl̻ːər]/[æl̻ː]. Mellomvarianten er særleg framtredande ved lang *l*, og først og fremst hos dei unge informantane. Her førekjem den apiko-postalveolare mellomvarianten i heile 37.4 % av tilfella. Ved lang *n* finn vi også eksempel på ein liknande mellomvariant, men denne varianten førekjem korkje så hyppig (12.2 % av tilfella hos dei unge) eller er artikulatorisk og akustisk så tydeleg som mellom-varianten ved lang *l* (jf. pkt. 8.2.1). Mellomvarianten ved både *l* og *n* dukkar altså særleg opp hos ungdomen, noko som tyder på at dette er eit relativt nytt fenomen på Røros.

Vi har sett at den palatale uttalen av lang *l, lt* og lang *n, nt* er mest resistent i lågfrekvente ord. Vi har også sett at den palatale uttalen er mest resistent ved *lt* og *nd* og minst resistent ved *ll* og i høgfrekvente småord der *n* står i utlyd, som *han*, *men, enn* osb. Det er dessutan ein tendens til at den palatale uttalen av både lang *l, lt* og lang *n, nt* er mest resistent etter låge bakre vokalar og minst resistent etter høge fremre. Mellomvarianten av lang *l* førekjem særleg hyppig etter /ɑ/ og /æ/. Det er på den måten mest grunnlag for å snakke om ein mellomvariant etter desse vokalane. Mellomforma av lang *n,* som førekjem langt sjeldnare enn mellomvarianten av *l*, er mest frekvent etter /ɑ/ og /y/. Mellomforma førekjem slett ikkje ved alveolarsambandet *lt*, medan ho relativt sett er mest frekvent ved alveolarsambandet *nt*.

Vi har altså sett at *både* frekvens og fonetiske omgivnader har ein *viss* innverknad på kor resistent den palatale uttalen er. Men "gevinsten" ved å gå over frå ein palatal til ein postalveolar eller alveolar uttale er først og fremst sosial og ikkje artikulatorisk, og forklaringane på endringane er først og fremst sosiokulturelle og ikkje internspråklege.


Dersom vi ser på dei *samla* tala for alle dei lange alveolarane og alveolarsambanda for unge og vaksne på Røros, går det fram at den palatale uttalen blir brukt i under halvparten av tilfella hos ungdomen, medan dei vaksne bruker den tradisjonelle uttalen i to tredjedelar av tilfella (jf. tab. 8.2.17). Sjølv om den palatale uttalen på ingen måte er ute av bruk, er det altså klare endringar på gang.

Tabell 8.2.17 Uttale av lange alveolarar og alveolarsamband etter alder, Røros, (L3) palatal og (S2+ M=N2) nivellert


Kode	L3	N2	Totalt
Unge	(1064) 46 %	(1247) 54 %	**2311**
Vaksne	(769) 67 %	(381) 33 %	**1150**
Totalt			**3461**

Med atterhald om det låge talet på belegg for *dd* og *tt*, ser det ut til at den palatale uttalen held seg relativt sett betre ved desse lange alveolarane enn ved *l*- og *n*-sambanda hos dei unge informantane på Røros (jf. fig. 8.2.33 nedafor). Tradisjonelt har det vore størst vakling når det gjeld palatal uttale av *dd* og *tt* i rørosdialekten (jf. Reitan 1932). Dei lange alveolarane og alveolarsambanda av *l* og *n* har dessutan, historisk sett, ein vidare geografiske distribusjon enn *dd* og *tt*. Eg gjekk derfor i utgangspunktet ut ifrå at den palatale uttalen ville vere relativt sett meir resistent ved lang *l* og lang *n*, og at nivelleringa av *dd* og *tt* ville ha kome lengst. Dersom ein skal stole på talmaterialet i denne granskinga,

held ikkje dette heilt stikk. Men dette resultatet *kan* også vere eit utslag av det låge talet på belegg for *dd* og *tt*, så her lyt ein vere noko varsam med konklusjonane.



Figur 8.2.33 Uttale av alle dei lange alveolarane og alveolarsambanda hos unge på Røros, (L3) palatal og (N2) postalveolar+alveolar



Figur 8.2.34 Nivellert uttale av alle dei lange alveolarane og alveolarsambanda hos unge på Røros, (N2=S2+M)

Dersom vi ser på bruken av nivellert uttale for heile variabelen samla hos dei unge på Røros (2311 belegg totalt), ser vi at det avteiknar seg ei slak s-kurve (jf. fig. 8.2.34 ovafor). Fem av ungdomane bruker den nivellerte uttalen i under 20 % av tilfella – her finn vi bus-gutane og ein gut frå gruppa skule/idrett. Fem har relativt stor intraindividuell variasjon og ligg mellom 40 % og 60 % nivellert uttale. Blant desse finn vi fire jenter og ein gut – alle

heimehøyrande i ei av mellomgruppene. Dei fem siste informantane ligg på over 80 % bruk av den nivellerte uttalen. Fire av desse er soss/skatar-gutar, medan den siste er Iris, dottera til Tom, som forresten er den einaste av dei vaksne informantane som har overvekt av den nivellerte uttalen ved denne variabelen.

Vi ser med andre ord at det er stor forskjell mellom ungdomane med omsyn til kor mykje dei bruker den tradisjonelle uttalen. Nokre av ungdomane varierer også mykje i sin eigen tale. Alt i alt held den palatale uttalen seg relativt godt, i alle fall i visse miljø. I kva grad ein vel ein lokal eller ein nivellert uttale av dei lange alveolarane og alveolar-sambanda, er i stor grad avhengig av *kven* ein er og kva for ei *gruppe* ein identifiserer seg med. Grovt sagt held lokalt orienterte gutar på den palatale uttalen, urbant orienterte gutar vel ein nivellert uttale, medan jentene varierer mellom dei ulike uttalevariantane.

8.3 Monoftongering: MON

Både rørosmålet og tynsetmålet har tradisjonelt diftongforenkling av *ei* og *øy* framfor kort konsonant. På Tynset vart også *au* tradisjonelt forenkla (jf. kap. 6, pkt. 6.1.3). Monoftongering av *øy* og *au* framfor kort konsonant der desse formene skil seg frå standardtalemålet er så å seie ikkje belagt i materialet. Eg har derfor valt å konsentrere meg om forenkling av *ei*. *Ei* har i regelen vorte til [eː] som i *rese* [reːsə], *sten* [steːn] og *heme* [heːmə]. Monoftongeringa er meir gjennomgåande på Tynset enn på Røros. Nokre ord, som t.d. *breitt* og *greitt* har tradisjonelt monoftong på Tynset, men ikkje på Røros. Det er på den måten litt ulikt kva som blir rekna som belegg på dei to plassane (jf. vedlegg 8.3). Variabelen omfattar både dei tilfella av monoftongering der røros- og tynsetmålet skil seg frå standardtalemålet, dvs. former som *arb[eː], r[eː]se* og *h[eː]me*, og former som finst med diftong i folkeleg oslomål (eller den urbane standarden) (typen *veit/vet, dreiv/drev, seint/sent, skreiv/skrev, reint/rent*). For å halde desse ulike formene frå kvarandre har dei fått ulike kodar: L2 (former som berre finst med monoftong lokalt), L5 (former som finst med monoftong i konservativt oslomål), S2 (diftongering av former som ikkje finst med monoftong i oslomålet) og N1 (diftongering av former som finst med diftong i folkeleg oslomål) (jf. kap. 7, pkt. 7.2.1.3).

8.3.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset

Som ser av tabell 8.3.1 nedafor, er L5/N1-formene langt meir frekvente enn L2/S2-formene. L5/N1 formene står totalt for om lag tre fjerdedelar av belegga både på Røros og Tynset (329 av totalt 436 belegg på Røros og 226 av totalt 319 på Tynset).[135] L2/S2-formene er berre belagt med høvesvis 107 og 93 belegg på Røros og Tynset. Det mest interessante er likevel å sjå på dei formene som har monoftong lokalt, men ikkje i standardtalemålet, dvs. på L2/S2-formene. Som vi ser av tabellane nedafor, er det mest ingen variasjon når det gjeld L5-formene. Dei førekjem i all hovudsak med monoftong som i det konservative oslomålet. Her ser det altså ikkje ut til at det folkelege oslomålet eller den radikale standarden har noko gjennomslag. Både på Røros og Tynset held dei unge på former som *vet, lek, lete* og *sent* i staden for *veit, leik, leite* og *seint* (sjå vedlegg 8.3.1 og 8.3.2 for fullt oversyn over kva for ord som er rekna som belegg).

Tabell 8.3.1 Monoftongering av *ei* etter stad, (L2/L5) monoftong og (S2/N1) diftong

Kode	L2	L5	S2	N1	Totalt
Røros	(74) 17 %	(325) 74.5 %	(33) 7.5 %	(4) 1 %	**436**
Tynset	(46) 14.4 %	(222) 69.6 %	(47) 14.7 %	(4) 1.3 %	**319**
Totalt					**755**

Tabell 8.3.2 Monoftongering av *ei* etter alder, Tynset, (L2/L5) monoftong og (S2/N1) diftong

Kode	L2	L5	S2	N1	Totalt
Unge	(25) 11.4 %	(153) 69.6 %	(40) 18 %	(2) 1 %	**220**
Vaksne	(21) 21.3 %	(69) 69.7 %	(7) 7 %	(2) 2 %	**99**
Totalt					**319**

Tabell 8.3.3 Monoftongering av *ei* etter alder, Røros, (L2/L5) monoftong og (S2/N1) diftong

Kode	L2	L5	S2	N1	Totalt
Unge	(41) 14.2 %	(217) 75.4 %	(27) 9.4 %	(3) 1 %	**288**
Vaksne	(33) 22.3 %	(108) 73 %	(6) 4 %	(1) 0.7 %	**148**
Totalt					**436**

Slik det går fram av tabellane ovafor, er det størst variasjon blant dei formene som berre har monoftong lokalt, og ikkje i standardtalemålet, dvs. ord av typen *heme* og *rese* (L2/S2-formene). Det er derfor mest interessant å sjå nærare på desse formene. Av tabell 8.3.4 går det fram at dei unge på Tynset føretrekkjer diftong i desse orda i over 60 % av tilfella,


[135] Ordet *vet/veit* medverkar særleg til det høge talet på belegg her, med 191 av totalt 226 L5/N1-former på Tynset, og 278 av 329 L5/N1 former på Røros. Ordet opptrer mest berre med monoftong. Det førekjem berre tre gonger med diftong og då i tynsetmaterialet.

medan dei unge på Røros har den motsette fordelinga – dvs. føretrekkjer monoftong i 60 % av tilfella.

Tabell 8.3.4 Monoftongering av *ei* i ord av typen *heme og rese* etter stad og alder, (L2) monoftong og (S2) diftong/anna form

Kode	L2	S2	Totalt
Røros unge	(41) 60.3 %	(27) 39.7 %	**68**
Røros vaksne	(33) 84.6 %	(6) 15.4 %	**39**
Tynset unge	(25) 38.5 %	(40) 61.5 %	**65**
Tynset vaksne	(21) 75 %	(7) 25 %	**28**
Totalt			**200**

Nivelleringa av dette trekket har med andre ord kome noko lenger blant unge på Tynset enn unge på Røros. Dette trass i at monoftongering tradisjonelt sett har vore meir gjennomført på Tynset enn på Røros. I figur 8.3.1 ser vi ei grafisk framstilling av korleis den tradisjonelle og den nivellerte uttalen fordeler seg blant unge og vaksne på Røros og Tynset.




Figur 8.3.1 Uttale av *ei* i ord av typen *heme* og *rese* etter stad og alder, (L2) monoftong og (S2) diftong/anna form

8.3.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Av figur 8.3.2 nedafor ser vi at dei unge rørosinformantane varierer både inter- og intra-individuelt i bruken av monoftong i ord som anten har diftong eller ei heilt anna form i standardtalemålet og i skriftleg bokmål (t.d. *reise*, men *hjemme*). Ni av dei femten røros-ungdomane bruker monoftong i over tre fjerdedelar av tilfella, medan fire bruker berre den


nivellerte uttalen av desse orda.[136] Alt i alt er talet på belegg svært mykje lågare for denne variabelen enn det som f.eks. var tilfelle med dei to føregåande variablane, som begge var fonologiske variablar. Denne delen av variabelen (dvs. L2/S2-delen) gjeld eit gitt sett leksikalske einingar. På den måten kan ein seie at variabelen i høg grad er leksikalisert, og altså ikkje dreier seg om fonologiske reglar som blir følgde eller ikkje. Trekket blir opplevd som svært avvikande i forhold til standarduttalen, og er såleis eit markert trekk, som mange av informantane er merksame på. Dette er t.d. eitt av dei trekka som blir markert i skriftleg presentasjon av dialekten både på Røros og Tynset. Nokre få førekomstar av det aktuelle trekket vil derfor ha stor vekt. Men sidan talmaterialet er såpass svakt for ein del av informantane, skal vi vere varsame med å trekkje konklusjonar. Språktrekket ser alt i alt likevel ut til å vere relativt stabilt hos dei fleste av dei unge informantane på Røros.



Figur 8.3.2 Uttale av *ei* i ord av typen *heme* og *rese* hos unge på Røros, (L2) monoftong og (S2) diftong/anna form

Dersom vi ser på korleis variabelen opptrer gruppevis, avteiknar det same biletet som tidlegare seg – nemleg at bus-gutane og dei lokalt orienterte held på trekket, medan jentene og soss/skatar-gutane varierer eller bruker den nivellerte varianten (jf. fig. 8.3.3 nedafor). Talet på belegg er vel å merke relativt lågt for soss/skatar-gutane (jf. vedlegg 8.3.4).

[136] Talet på belegg varierer vel å merke ein god del (jf. vedlegg 8.3.3 for oversyn over talet på belegg og variantfordelinga per informant). Nokre av informantane har relativt få belegg, medan andre har fleire førekomstar av dei aktuelle orda. Hogne, Trym og Sondre har t.d. berre eit par belegg kvar, medan Finn har heile 13 belegg.




Figur 8.3.3 Uttale av *ei* i ord av typen *heme* og *rese* etter gruppetilhørsle, Røros, (L2) monoftong og (S2) diftong/anna form

Dersom vi ser på nokre av dei andre sosiale kategoriane, går det fram at jentene er dei som bruker den lokale uttalen minst (jf. vedlegg 8.3.5). Kjønn ser med andre ord ut til å kunne vere ein relevant sosial kategori ved denne variabelen. Familiebakgrunn, sosial bakgrunn, framtidsplan og ikkje minst lokal kontra urban orientering gir også tydelege utslag. Den einaste sosiale kategorien som slår ut motsett av det ein skulle vente, er ungdom i sentrum kontra ungdom frå utkantane av kommunen. Sentrumsungdomen har meir av den tradisjonelle uttalen enn utkantungdomen.

8.3.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset


Av figur 8.3.4 nedafor ser vi at åtte av dei tolv unge informantane på Tynset føretrekkjer den nivellerte uttalen i ord av typen *heme* og *rese*. Berre tre av ungdomane føretrekkjer den tradisjonelle uttalen.[137] Vidtrekkande konklusjonar er dermed ikkje på sin plass her heller. Visse tendensar kan likevel lesast ut av materialet.

[137] Både Ane og Bo har over fem belegg kvar, men Arne har berre to belegg. Laila har ingen belegg på slike ord i det heile. Talet på belegg er generelt lågt (jf. vedlegg 8.3.6 for fullt oversyn over talet på belegg og variantfordelinga per informant) .



Figur 8.3.4 Uttale av *ei* i ord av typen *heme* og *rese* hos unge på Tynset, (L2) monoftong og (S2) diftong/anna form

På gruppenivå finn vi eit likande mønster på Tynset som på Røros, men her går skiljet mellom dei mest lokalt orienterte, dvs. rånarane på den eine sida, og resten av informantane på den andre (jf. fig. 8.3.5 nedafor). Talet på belegg for soss/skatar-gjengen er svært lågt her (jf. vedlegg 8.3.7).



Figur 8.3.5 Uttale av *ei* i ord av typen *heme* og *rese* etter gruppetilhørsle, Tynset, (L2) monoftong og (S2) diftong/anna form

Andre sosiale kategoriar enn gruppetilhørsle gir også tydelege utslag (jf. vedlegg 8.3.8) Lokal orientering, yrkesfag kontra allmennfag, sentrum kontra utkant og framtidsplan er blant dei mest sentrale sosiale korrelata for bruken av dette språktrekket blant tynset-ungdomen. Kjønn ser derimot ikkje ut til å spele så stor rolle. Det gjer heller ikkje

foreldrebakgrunn. Dei som har begge foreldre frå Tynset, bruker faktisk den lokale forma mindre enn dei som berre har ein eller ingen forelder frå Tynset.

8.3.4 Oppsummering av variabelen MON

Som vi såg under punkt 8.3.1 er monoftongen [eː] i ord som også har monoftong i konservativt oslomål (L5/N1), svært stabil. Dei unge på Røros og Tynset ser ikkje ut til å ta etter det meir folkelege oslomålet her, og går såleis *ikkje* over til former som *veit*, *dreiv, blei* osb. Ord som ikkje har monoftong korkje i folkeleg eller konservativt oslomål, men diftong eller ei heilt anna form (t.d. *reise*, eller *hjemme*), ser derimot ut til å vere noko meir ustabile – særleg på Tynset (jf. fig. 8.3.1 ovafor). Dei vaksne på begge plassane bruker i hovudsak den tradisjonelle forma. Mange av dei unge på Røros held også på den tradisjonelle uttalen, medan bruken blant dei unge på Tynset er noko meir vaklande. Talet på belegg er vel å merke relativt lågt, noko som gjer det vanskeleg å trekkje definitive slutningar. Materialet viser likevel visse tendensar.

Gruppetilhørsle, lokal orientering og framtidsplan er tre sosiale dimensjonar som tydeleg er viktige for bruken av dette språktrekket både blant ungdom på Røros og Tynset. På Røros har i tillegg foreldrebakgrunn ein del å seie. På Tynset, derimot, ser det ut til at kvar foreldra kjem frå, ikkje er så viktig. Ungdom som har begge foreldra sine frå Tynset, bruker faktisk den nivellerte varianten oftare enn dei som ikkje har foreldre frå plassen i det heile. Distinksjonen sentrum/utkant ser, i alle fall for denne variabelen, ut til å vere viktigare på Tynset enn på Røros. Det blir interessant å sjå om dette er eit generelt trekk eller om det berre gjeld einskilde variablar.

8.4 Nektingsadverbial: NEG

I rørosmålet finn vi to former av nektingsadverbialet alt avhengig av om det står trykksvakt eller trykksterkt – høvesvis *ittj* [icː] og *ikke* [ikːə]. I tradisjonelt tynsetmål, derimot, har forma *itte* [icːə] vore brukt åleine både i trykksterk og trykksvak posisjon (jf. kap. 6, pkt. 6.1.4). For Røros sitt vedkomande vil det først og fremst vere interessant å sjå på om forma *ikke* spreier seg også i trykksvak stilling til fordel for forma *ittj*. På Tynset er det interessant å undersøkje om forma *itte* framleis blir brukt, eller om standardforma *ikke* har teke over. På Røros har den tradisjonelle forma i trykksvak posisjon, *ittj* [icː], fått koden

L2, og den tradisjonelle forma i trykksterk posisjon, *ikke* [ikːə], koden L5. Bruk av *ikke* [ikːə] i trykksvak posisjon har fått koden S2. På Tynset har den tradisjonelle forma *itte* [icːə] fått koden L3, medan koden S2 gjeld *ikke* [ikːə] i trykksvak og trykksvak posisjon (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.4).

8.4.1 Variasjon etter alder, Røros og Tynset

Slik det går fram av tabellane 8.4.1 og 8.4.2 og figur 8.4.1 nedafor, har bruken av nektingsadverbialet endra seg dramatisk på Tynset, medan han er relativt stabil på Røros. På Tynset har *ikke* fortrengt den tradisjonelle forma fullstendig hos dei unge informantane. Også dei vaksne bruker standardforma i over 70 % av tilfella. Det betyr at dette ikkje er noka ny endring, men ein prosess som har vore i gang ei stund. Det vi ser her, er truleg sluttføringa av overgangen frå den lokale forma *itte* til standardforma *ikke*.


Standardforma *ikke* har også ekspandert noko på Røros. Rørosungdomen nyttar denne forma i kring ein femtedel av tilfella. I trykksterk stilling har forma *ikke* teke over på eit tidlegare stadium. Tradisjonelt fann vi forma *inte* i trykksterk stilling i rørosmålet (jf. kap. 6, pkt. 6.1.4). Men berre to av dei vaksne informantane har nokre få førekomstar av denne forma i trykksterk stilling. *Ikke* i trykksterk stilling blir derfor rekna som ein lokal variant for rørosmålet. Det betyr at standardforma allereie har skaffa seg innpass i rørosdialekten, og ein kunne dermed vente at ho kanskje ville spreie seg vidare til trykksvak stilling òg. Det ser likevel ikkje ut til å vere tilfellet. Førebels bruker ungdomane i hovudsak den lokale forma av nektingsadverbialet.

Tabell 8.4.1 Nektingsadverbialet etter alder, Tynset, (L3) [icːə] og (S2) [ikːə]

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	0	(482) 100 %	**482**
Vaksne	(50) 29.8 %	(118) 71.2 %	**168**
Totalt			**650**

Tabell 8.4.2 Nektingsadverbialet etter alder, Røros, (L2) [icː], (L5) [ikːə] og S2 [ikːə]

Kode	L2	L5	S2	Totalt
Unge	(437) 71.9 %	(45) 7.4 %	(126) 20.7 %	**608**
Vaksne	(230) 83.6 %	(30) 10.9 %	(15) 5.5 %	**275**
Totalt				**883**



Figur 8.4.1 Nektingsadverbial etter stad og alder, (L2) [ic:] (trykksvakt), (L5) [ik:ə] (trykksterkt), (S2) [ik:ə] på Røros og (L3) [ic:ə] og (S2) [ik:ə] på Tynset

Det er dessutan interessant å merke seg at samantrekte former som *hakke* (har ikke), *vikke* (vil ikke), *kanke* (kan ikke), *trukke* (trur ikke) osb. er svært vanlege på Tynset, medan dei mest ikkje førekjem på Røros. Dei ungdomane som bruker *ikke* i trykksvak stilling på Røros, uttalar med andre ord oftast heile nektingsadverbialet, og trekkjer det ikkje saman med det føregåande verbet. På Tynset, derimot, er samantrekning nærmast hovudregelen. Slik vi var inne på i kap. 7 pkt. 7.2.2.5, har desse samantrekte formene vorte koda som standardformer (S2) og blir dermed rekna som førekomst av nektingsadverbialet *ikke*.

8.4.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros og Tynset

Sidan den tradisjonelle varianten av nektingsadverbialet ser ut til å vere ein saga blott på Tynset, vil vi først og fremst sjå nærare på den individuelle og gruppevise variasjonen på Røros. Det kan likevel vere av interesse å sjå på korleis bruken av den lokale varianten fordeler seg på dei fire vaksne tynsetinformantane. Av tabell 8.4.3 ser vi at ein av informantane står for mest alle førekomstane av den lokale varianten. Alva, som er frå utkanten av kommunen, bruker *itte* i alle tilfella.[138]

Tabell 8.4.3 Nektingsadverbialet hos vaksne på Tynset, (L3) [ic:ə] og (S2) [ik:ə]

[138] Talet på belegg for dei unge og dei vaksne tynsetinformantane varierer mellom 13 og 50 per informant (jf. vedlegg 8.1.4.1). Søket var avgrensa til maks 50 per informant (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.4).

Kode	L3	S2	Totalt
Alva	(48) 100 %	0	**48**
Ask	(2) 5.7 %	(33) 94.3 %	**35**
Njål	0	(47) 100 %	**47**
Oskar	0	(38) 100 %	**38**
Totalt			**168**

Dei tre mennene frå Stasjonsbyen, derimot, bruker så å seie utelukkande standardvarianten. Det tyder at ein nok har brukt denne varianten temmeleg lenge i sentrum. Kjem ein eit lite stykke utafor sentrumskjernen, er likevel situasjonen ein annan. Her har nok den tradisjonelle uttalen halde seg vesentleg lengre, slik Alva er eit døme på. Men sidan ingen av jentene eller den eine guten frå utkanten (dvs. Åsne, Ane, Mia og Arne) har ein einaste førekomst av *itte*, er forma med stor sannsynlegheit på veg ut også her. Ane, som er frå utkanten av kommunen og som er blant dei med flest lokale trekk i språket sitt, seier om språket til søskena sine (jf. pkt. 8.5 og kap. 10, pkt. 10.2.1.1):

Unn: syskena dine då er dei sånn som deg eller?
Ane: =e= ja a X (SØSTER) ho er femten år ho er sånn som har begynt og skull' a prata enda = hæll ei sei *ikke* men X har begynte og skal ha sagt *itte* og sånn no så ho (UFF) men X (BROR) han er = ti år = han er litt mer sånn finere han si *but'ikken* og *kal'enderen* i stelle for *'butikken* og *'kalenderen* [(LATTER)] så han har begynt og lagt seg til det

Slik det går fram i sitatet, bruker Ane sjølv pronomenforma *ikke*. Ho opplever det tydeleg som litt "sært" at søstera har byrja å seie "*itte*". Det Ane seier her, tyder på at begge formene eksisterer som potensielle alternativ for utkantungdomen, men at hovudtrenden også blant desse ungdomane er at *ikke* dominerer. Åsne, ei anna av jentene frå utkanten seier følgjande om sin eigen bruk av nektingsadverbialet (jf. også kap. 10, pkt. 10.2.2.1):

Unn: kva er det foreldra dine ville rette deg på?
Åsne: = det er det med *ikke* og *itte* [det er veldig] sånn døm er veldig påpasselige med at jæ sier *itte* heme
Unn: [mm] mm
Åsne: men det at jæ har vært så mye på Tynset så er jæ blitt så vant med å prate mye penere enn det jæ gjør til vanlig
Unn: mm
Åsne: men jæ trur at når folk er i-- eller altså når de er med forskjellige forskjellige folk så retter døm språket talespråket sitt etter døm døm er med [[=]] for at jæ merker sånn at når jæ er med-- for eksempel når jæ er med deg så prater jæ mye finere enn det jæ gjør til vanlig = når jæ er med foreldra mine så legg jeg om med en gang sånn [autom'atisk]

Det Åsne seier her, er nok illustrerande for den situasjonen mange frå utkantane av Tynset kommune er i. Ungdomane kjem inn til tynsetbyen når dei skal byrje på ungdomskulen. Då er presset til å legge om til sentrumsmål temmeleg massivt. Samtidig er kravet frå foreldra og folk i heimbygda at dei skal halde på dialekten. Denne konflikten løyser nok fleire enn Åsne ved at dei får eit heimespråk og eit utespråk. I intervjusituasjonen, som gjekk føre seg

i Tynset sentrum, i samband med skulen og med ein framand intervjuar, er tydelegvis "uterepertoaret" det som kjennest mest naturleg å bruke. Åsne seier eksplisitt at ho snakkar "finere" når ho er saman med meg enn ho ville ha gjort elles (jf. diskusjonen kring dette i kap. 7, pkt. 7.1.2). Det er også interessant å merke seg at Åsne seier at ho har vorte van med å snakke "mye penere" enn det ho gjer "til vanlig". Det vanlege, og det ho opplever som det mest "naturlege" for henne, er med andre ord å bruke den lokale forma *itte*. På spørsmål om kvifor ho syns det er viktig å halde på dialekten seier Åsne vidare:

Unn mm kva er det som er viktig med det da? ((Å HALDE PÅ DIALEKTEN))
Åsne 'tradisjon
(...)
Åsne: det at =e= altså det (DIALEKTEN) er 'tradisjon det at du ikke må liksom miste = miste det vi er født med for å si det sånn [(LATTER)] det er jo sånn vi *skal* snakke så det det er jo litt synd viss det blir borte
Unn: [mm] ja men føler du det og at du egentlig burde ha snakka slik [heile tida?]
Åsne: [ja ja] men det synes jæ er vanskelig
Unn: ja er du samtidig litt sånn-- litt flau over den måten å snakke på eller?
Åsne: ja det er jo mange som synes det er rart = rart viss vi si for eksempel *skauen* og sånn så er jo det liksom litt rart da så tar dæm etter meg og hermer og = så det er mange som ikke = ikke synes det er så fint da for å si det sånn
Unn: mm men er det noko som du kan huske at du tok noko sånn valg på eller var det berre noko som skjedde sånn gradvis eller?
Åsne: det er noe som skjer gradvis


I dette utdraget ser vi tydeleg konflikten mellom tradisjon og kravet frå familien på den eine sida, og "det moderne" og forventningane frå jamaldringar på tynsetbyen på den andre (jf. grundigare diskusjon av dette i kap. 10, pkt, 10.2.2.1). Så langt om Tynset.

På Røros er, som vi såg ovafor, bruken av den lokale forma langt meir stabil.[139] Blant dei vaksne rørosinformantane er den tradisjonelle forma mest einerådande. Berre ein av dei vaksne, Tom, har nokre førekomstar av *ikke* i trykklett stilling. Han held seg likevel til den tradisjonelle forma i over tre fjerdedelar av tilfella. Sidan variasjonen er såpass marginal hos dei vaksne, og dessutan berre gjeld ein person, er det mest interessant å gå vidare og sjå på fordelinga hos ungdomen.

Av figur 8.4.2 nedafor ser vi at dei aller fleste ungdomane bruker den tradisjonelle forma *itte* i trykklett stilling. Seks av informantane har ingen innslag av *ikke* i denne posisjonen, og seks har under 20 % av standardvarianten. Det betyr at berre tre av informantane står for det meste av variasjonen i totaltala for nektingsadverbialet blant rørosungdomen. Dei tre er Bjørn, Iris og Magne. Bjørn har ingen førekomstar av *itte* i trykksvak stilling, men bruker utelukkande standardforma *ikke*. Iris har også flest


[139] Talet på belegg hos dei unge og dei vaksne rørosinformantane ligg på mellom 15 og 50 belegg (jf. vedlegg 8.1.4.2). Søket var avgrensa oppover til maks 50 per informant (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.4).

førekomstar av standardforma, men ho har òg innslag av den lokale varianten i litt under ein femtedel av tilfella. Magne har om lag ei 50/50-fordeling mellom *itte* og *ikke* i trykksvak stilling. Han er på den måten den av informantane som har størst intraindividuell variasjon. Det ser med andre ord ut til at ungdomane anten vel den tradisjonelle uttalen eller standarduttalen. Berre Magne og Iris har veksling mellom dei to variantane som eit karakteristisk trekk.



Figur 8.4.2 Nektingsadverbial hos unge på Røros, (L2) [ic:] (trykksvakt), (L5) [ik:ə] (trykksterkt), (S2) [ik:ə]

Når det gjeld den gruppevise fordelinga i bruken av nektingsadverbialet i trykksvak stilling, ser vi at alle bus-gutane utelukkande bruker den lokale forma (jf. fig. 8.4.3 nedafor). Alle jentene med unntak av Iris har også ei klar overvekt av den lokale varianten. Det same gjeld to av soss/skatar-gutane, Truls og Sondre. Men skatarguten Magne varierer og skatarguten Bjørn bruker berre standardforma. Kva er det så som skil desse tre, altså Iris, Magne og Bjørn, frå resten av informantane? Både Bjørn og Magne har til forskjell frå dei to andre soss/skatar-gutane mødrer frå det sentrale austlandsområdet. Alle soss/skatar-gutane er svært urbant orienterte, men Magne og Bjørn har meir familie i osloområdet og har gjerne såleis meir og tettare kontakt med Oslo enn dei to hine gutane. Dette kan kanskje kaste lys over kvifor standardforma av nektingsadverbialet er eit så vidt aktuelt alternativ for desse to gutane. Iris har mor frå Trondheim og far frå Røros – Tom, som også har teke i bruk *ikke* i trykksvak posisjon.



Figur 8.4.3 Nektingsadverbial etter gruppetilhørsle, Røros, (L2) [ic:] (trykksvakt), (L5) [ik:ə] (trykk-sterkt), (S2) [ik:ə]

Det er utan tvil temmeleg markert å bruke *ikke* i staden for *itt* i trykksvak posisjon på Røros. Nektingsadverbialet er eit svært frekvent og dessutan også svært salient leksem. Skifte frå ei form til ei anna blir såleis svært merkbart og set tydeleg farge på språket til vedkomande. Intervjusituasjonen kan sjølvsagt også tenkast å ha spelt ei rolle her. Hos Bjørn, Iris, Magne, og også hos Ailin, finn vi *ikke* i posisjonar der ein ikkje skulle vente det, som t.d. i meir eller mindre faste uttrykk som "*itt sant*". Her førekjem både "*ikke sant*", "*ke sant*" og "*itt sant*". Både Iris og Magne vekslar openbert mellom ulike former. Bjørn, derimot, har ingen førekomstar av den lokale forma *itt.* Av det kan ein sjølvsagt ikkje slutte at han slett ikkje har denne forma i repertoaret sitt, men det kan i alle fall tyde på at dette ikkje er ei veldig aktuell form for Bjørn. Det verka ikkje som om Bjørn tok intervjusituasjonen noko meir alvorleg eller høgtidleg enn dei andre informantane. Han verka roleg, avslappa og vel tilpass. Eg har derfor lite tru på at ein kan "skulde på" intervjusituasjonen her. Forholdet er nok snarare at Bjørn rett og slett føretrekkjer standardforma av nektingsadverbialet framfor den lokale forma.

8.4.3 Oppsummering av variabelen NEG

På tynsetbyen ser det ut til at *ikke* for lengst har fortrengt den tradisjonelle forma *itte*. Ungdomar frå utkantane av kommunen ser også ut til å føretrekkje standardforma framfor den lokale forma – i alle fall i interaksjon med ungdom frå Stasjonsbyen. Også i intervjusituasjonen er det denne forma som blir brukt. Som vi såg ovafor i intervjuutdraga med Åsne, er eitt alternativ for utkantungdomane å veksle mellom *ikke* og *itte* i ulike

situasjonar. Sjølv bruker Åsne *itte* heime saman med familien og *ikke* når ho er på Stasjonsbyen. På Røros, derimot, er det den lokale forma *itt* som dominerer. Dei aller fleste ungdomane bruker mest berre denne forma i trykksvak stilling. I trykksterk posisjon har *ikke* for lengst teke over frå den tradisjonelle forma *ente*. Berre tre av rørosungdomane har vesentleg innslag av standardforma *ikke* i trykksvak stilling. Den lokale forma av nektingsadverbialet i trykksvak stilling ser med andre ord ut til å vere eit etter måten stabilt språktrekk i rørosdialekten.

8.5 Trykkplassering i importord: TRYKK

Både røros- og tynsetmålet følgjer tradisjonelt austnorsk trykkplassering med hovudtrykk på førstestaving i ord med framandt opphav (jf. kap. 6 pkt. 6.1.5). I osloområdet finn vi også utstrekt bruk av trykk på førstestaving i ord av denne typen. I det følgjande vil vi likevel referere til ei slik trykkplassering som lokal eller tradisjonell, og trykk på siste eller nest siste staving som standard. Det vil vere interessant å sjå om den negative vurderinga av førsteleddstrykk som vi finn i Oslo, også er å finne på Røros og Tynset, og om trekket dermed er i ferd med å forsvinne, eller om dette er eit trekk som held seg. Trekket har brei regional støtte og blir også brukt i bymål. Det er såleis ikkje eit spesielt lokalt eller ruralt markerande trekk, men det er, som vi har sett, knytt til eit sosialt stigma i oslomålet (jf. pkt. 6.1.5).

8.5.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset[140]

Slik det går fram av tabellane 8.5.1 og 8.5.2 og figur 8.5.1, er trykkplassering på førstestaving i importord eit trekk som held seg etter måten godt både på Røros og Tynset. Vi ser samtidig at det er ein del variasjon både blant unge og vaksne. På Røros er den prosentvise delen av den lokale uttalen faktisk lågare hos dei vaksne enn hos ungdomen. Som vi skal sjå nedafor, skuldast dette at enkelte av informantane mest ikkje nyttar den tradisjonelle trykkplasseringa i desse orda i det heile. På Tynset har dei vaksne i gjennomsnitt ein noko høgare prosentdel av den lokale varianten enn dei unge, men forskjellane er relativt små. Samla sett bruker unge og vaksne den lokale uttalen i rundt tre fjerdedelar av tilfella både på Røros og Tynset.


[140] For fullt oversyn over kva for ord som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.5.1 for Røros og 8.5.2 for Tynset.

Tabell 8.5.1 Trykkplassering i importord etter alder, Røros, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(528) 76.7 %	(160) 23.3 %	**688**
Vaksne	(235) 66.8 %	(117) 33.2 %	**352**
Totalt			**1040**

Tabell 8.5.2 Trykkplassering i importord etter alder, Tynset, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(242) 69.1 %	(108) 30.9 %	**350**
Vaksne	(113) 81.3 %	(26) 18.7 %	**139**
Totalt			**489**




Figur 8.5.1 Trykkplassering i importord etter stad og alder, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar

8.5.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros


Figur 8.5.2 nedafor viser at det særleg er *ein* av dei vaksne informantane på Røros som medverkar til at den gjennomsnittlege prosenten av den lokale uttalen blir såpass låg hos dei vaksne. Tom bruker standarduttalen i ord av framandt opphav i over 86 % av tilfella. Tom er dessutan den av informantane som har aller flest belegg av dette språktrekket (113 belegg).[141] Hos dei unge informantane er det særleg Iris, dottera til Tom, som nyttar standarduttalen av dette språkdraget. Ho har mest ingen førekomstar av den lokale uttalen (jf. fig. 8.5.3 nedafor). Også hos ein fire-fem av dei andre informantane finn vi ein del intraindividuell variasjon, men den lokale forma dominerer klart. Ingen av dei andre

[141] Talet på belegg hos dei vaksne varierer mykje – frå 13 til 113 belegg per informant (jf. vedlegg 8.5.3). Tom medverkar på den måten mykje til dei samla tala ved denne variabelen. Ragnar, Eli og Stein har også nokre få førekomstar av standarduttalen, men alle desse nyttar den lokale uttalen i godt over 80 % av tilfella.

informantane har mindre enn 60 % av den lokale forma. Vi ser med andre ord at det særleg er Iris som skil seg ut frå resten av rørosungdomane.[142]



Figur 8.5.2 Trykkplassering i importord hos vaksne på Røros, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar




Figur 8.5.3 Trykkplassering i importord hos unge på Røros, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar

Dersom vi ser på den gruppevise fordelinga når det gjeld bruken av dette trekket, går det fram at busen, som vanleg, har flest førekomstar av den lokale uttalen, medan mellomgruppa skule/kultur har færrast (jf. fig. 8.5.4 nedafor). Grunnen til at denne gruppa hamnar

[142] Dei andre ungdomane som har innslag av standarduttalen, er i hovudsak anten jenter (Linn og Ailin) eller soss/skatar-gutar (Magne, Bjørn og Sondre). Talet på belegg varierer også mykje hos ungdomen. Chris har heile 95 belegg, medan Hogne berre har 11. Resten av informantane ligg stort sett mellom 30 og 50 belegg (jf. vedlegg 8.5.3).

øvst på nivelleringsskalaen, og ikkje soss/skatar-gruppa, er at både Iris og Ailin, som totalt sett har færrast førekomstar av den tradisjonelle uttalen, høyrer heime i denne gruppa.




Figur 8.5.4 Trykkplassering i importord etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar

Kjønn, foreldrebakgrunn og sosial bakgrunn ser også ut til å slå tydeleg ut ved denne variabelen (jf. vedlegg 8.5.4). Jentene nivellerer dette trekket langt oftare enn både yrkesfags- og allmennfagsgutane. Dei med ein forelder frå staden, og også dei med akademiske foreldre bruker standarduttalen i to femtedelar av tilfella. Urban kontra lokal orientering ser også ut til å ha ein viss innverknad, medan framtidsplan ikkje har den innverknaden ein skulle vente. Dei som seier at dei vil flytte attende til Røros er dei som oftast bruker standarduttalen. Dette heng saman med at det er flest *jenter* som seier at dei kunne tenkje seg å flytte attende til Røros, inkludert Iris. Heller ikkje sentrum kontra utkant slår ut i den retninga ein kunne vente ved denne variabelen. Det at Iris og også fleire av soss/skatar gutane bur i utkanten av kommunen, gir tydeleg utslag her.

Uttrykt haldning til Røros og til rørosdialekten ser ikkje ut til å ha stort å bety for plasseringa av trykk i importord, anten ungdomane er positivt, nøytralt eller negativt innstilte til heimstaden og dialekten (jf. vedlegg 8.5.5). Den lokale varianten blir i alle høve brukt i rundt tre fjerdedelar av tilfella eller meir. Kva informantane ope meiner om Røros og om rørosdialekten har med andre ord mindre å bety for den språklege tilpassinga – i alle fall ved dette språktrekket, enn t.d. kulturell orientering og sosial bakgrunn.

8.5.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset

Dei fire vaksne tynsetinformantane plasserer alle oftast trykket på den første stavinga i importord, men dei har også førekomstar av den nivellerte varianten (jf. fig. 8.5.5 nedafor). Det gjeld særleg Ask, som har standarduttalen i om lag ein tredjedel av tilfella. Ein av grunnane til dette *kan* vere at mor hans ikkje er frå Tynset. Dette bruker han i alle fall sjølv som forklaring på kvifor han ikkje har så mange lokale former. Han nemner dette fleire gonger, også når det gjeld andre språklege variablar enn trykkplassering. Dei tre hine informantane har begge foreldra frå tynsetområdet eller frå nærområda i Nord-Østerdalen. Det er interessant å leggje merke til at Alva, som ved dei fleste andre språktrekka er den av dei vaksne tynsetinformantane som held mest på den tradisjonelle uttalen, har såpass høg prosentdel nivellert uttale ved dette språktrekket. Som vi vil kome attende til seinare, er kan hende *kjønn* ein viktigare sosial dimensjon ved denne variabelen enn ved dei hine språktrekka (jf. kap. 9, pkt. 9.2.9).[143]




Figur 8.5.5 Trykkplassering i importord hos vaksne på Tynset, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar

Hos dei unge informantane ser vi at det særleg er to som merker seg ut – Laila og Kåre (jf. fig. 8.5.6). Hos desse to informantane er standarduttalen den dominerande varianten. Hos alle dei andre ungdomane er det den tradisjonelle varianten med trykk på første staving som dominerer. Det er likevel ein del intraindividuell variasjon også hos desse informantane. Det er faktisk berre Varg som utelukkande bruker den lokale varianten. Elles finn vi større eller mindre innslag av standardvarianten, men aldri i meir enn rundt ein

[143] Talet på belegg hos dei vaksne ligg mellom 24 og 41 per informant (jf. vedlegg 8.5.6), medan talet på belegg hos dei unge varierer mellom 9 og 46 belegg per informant (jf. vedlegg 8.5.6). Varg er representert med færrast førekomstar av dette språktrekket, og Ola med flest.


fjerdedel av tilfella. Dersom vi ser på den gruppevise fordelinga, går det fram at det særleg er hos soss/skatar-gjengen at vi finn standarduttalen av dette språktrekket (jf. fig. 8.5.7 nedafor). Både Laila og Kåre høyrer heime i denne gruppa.



Figur 8.5.6 Trykkplassering i importord hos unge på Tynset, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar

Andre sosiale dimensjonar som ser ut til å vere viktige for bruken av den tradisjonelle varianten ved denne variabelen, er særleg sosial bakgrunn og kulturell orientering (jf. vedlegg 8.5.7). Ungdom med akademisk familiebakgrunn vel standardforma i nesten halvparten av tilfella. Lokalt orienterte ungdomar bruker den lokale forma i godt over fire femtedelar av tilfella, medan dei urbant orienterte har den stikk motsette fordelinga. Det å ha foreldre frå plassen ser ikkje ut til å vere utslagsgivande for variantfordelinga. Dei som ikkje har nokon av foreldra sine frå Tynset, har faktisk flest førekomstar av det tradisjonelle trekket. Dette kan kanskje henge saman med at førsteleddstrykk i importord er eit svært utbreidd trekk som finst i store delar av austlandsområdet inkludert i Oslo.

Både dei som vil bli og dei som vil flytte frå Tynset, har rundt 80 % førekomstar av den lokale forma, medan dei som kunne tenkje seg å flytte tilbake, har i underkant av 40 % tradisjonelle former. I denne siste gruppa finn vi både Laila og Kåre, dei to informantane som bruker standarduttalen av dette språktrekket desidert mest (jf. fig. 8.5.6 ovafor).



Figur 8.5.7 Trykkplassering i importord etter gruppetilhørsle, Tynset, (L3) førsteleddstrykk og (S2) trykk på seinare stavingar

Uttrykte haldningar til heimstaden og til dialekten ser ut til å ha litt større innverknad på trykkplasseringa i importord hos tynsetungdomane enn hos rørosungdomane. Men heller ikkje hos dei unge på Tynset er dette blant dei viktigaste sosiale korrelata for realiseringa av dette språktrekket (jf. vedlegg 8.5.8). Dei som er mest negativt innstilte til heimplassen sin, har om lag like mange tilfelle av den lokale forma som dei mest positivt innstilte. Den gruppa som har flest standardformer, er dei som stiller seg meir nøytrale i høve til heimstaden. Når det gjeld haldningane til eigen dialekt, er resultatet meir som forventa. Dei som er klart negativt innstilte til dialekten, har overvekt av standardformer av dette trekket. Ei av jentene frå utkanten av kommunen seier noko i intervjuet som kan tyde på at nettopp dette trekket er eitt av dei få som tynsetungdomen rettar kvarandre på (jf. også pkt. 8.4 og kap. 10, pkt. 10.2.1.1).

Unn: syskena dine då er dei sånn som deg eller?
Ane: =e= ja a X (SØSTER) ho er femten år ho er sånn som har begynt og skull' a prata enda = hæll ei sei *ikke* men X har begynte og skal ha sagt *itte* og sånn no så ho (UFF) men X (BROR) han er = ti år = han er litt mer sånn finere han si *but'ikken* og *kal'enderen* i stelle for *'butikken* og *'kalenderen* [(LATTER)] så han har begynt og lagt seg til det
Unn: [mm] mm = blir han retta på då?
Ane: ja da = "det heter ikke det da vet du" [[sei ei (LATTER) du skal si *'butikken*]]
Unn: [[(LATTER)]] ja = høyre han på deg då (LATTER)
Ane: ja han = nei ei vet ikke ei = han gjør som han vil trur ei

8.5.4 Oppsummering av variabelen TRYKK

Som vi har sett, held trykkplassering i førstestaving i importord seg relativt godt både på Røros og Tynset. På begge plassane bruker dei unge informantane den tradisjonelle varianten i kring 70 % av tilfella. Dei fleste røros- og tynsetungdomane har ein klar

overvekt av den lokale varianten. Men nokre av ungdomane har likevel gått over til standardvarianten ved dette trekket. Samla sett har faktisk dei vaksne på Røros færrast lokale variantar av dette språktrekket (66 %). Men grunnen til dette er at Tom i hovudsak bruker standardvarianten ved denne variabelen. Hovudtendensen både på Røros og Tynset er at mange av informantane varierer ein del, men at den lokale varianten likevel dominerer hos dei fleste. Hos nokre få av informantane er trekket likevel så å seie fullstendig nivellert. Busen/rånarane og dei mest lokalt orienterte er også ved denne variabelen dei som bruker den tradisjonelle varianten aller mest. Når det gjeld kven som nivellerer, ser kjønn kanskje ut til å spele ei større rolle ved dette språktrekket, enn det vi har sett ved dei føregåande variablane (meir om dette i kap. 9, pkt. 9.2.9).

8.6 Jamvekt og jamning: JAM

Dialektane på Røros og Tynset høyrer tradisjonelt til jamvektsmåla, med utjamnings- og tiljamningsformer i historiske jamvektsord, og *e*-ending i historiske overvektsord (jf. kap. 6 pkt. 6.1.6). I det følgjande vil det vere interessant å sjå nærare på om desse tiljamnings- og utjamningsformene held på den tradisjonelle forma på Røros og Tynset, eller om dei har gått over til ei anna form. I Trondheim bymål har ein som nemnt sett ein tendens til at dei tradisjonelle jamvektsorda går over til å bli handsama som historiske overvektsord, dvs. at dei blir apokoperte, og ein får former som *vær* og *kåm* i staden for *værra* og *kåmma*. Dalen (1990b:207f) tolkar dette både som ei systemforenkling og som eit kompromiss mellom det folkelege bymålet og "fintrøndersken", som ikkje har spor etter det historiske jamvektssystemet (jf. pkt. 6.1.6). Det vil her vere interessant å undersøkje om det skjer ei liknande utvikling på Røros. Det vil i tilfelle kunne peike i retning av ei regional utvikling med Trondheim som normsentrum, sidan vi her har ulike former regionalt og i standard-talemålet. Ei nivellering mot Oslo vil innebere ein overgang til former med *e*-ending som *være*, *kåmme*, *vite*, *sove* i staden for dei apokoperte formene *vær*, *kåm*, *vit*, *søv*. Historiske overvektsord blir tradisjonelt ikkje apokoperte korkje på Røros eller Tynset, men har *e*-ending som i standard austnorsk. Ein fullstendig overgang til apokope ved historiske jamvektsinfinitivar vil såleis *ikkje* kunne tolkast som ei systemforenkling her, slik tilfellet er i Trondheim, men vil tvert om oppretthalde den tradisjonelle todelinga av infinitivs-kategorien. Dersom det skulle vise seg å vere utstrekt veksling mellom fleire ulike former (t.d. jamningsformer, -*e*-ending og apokope) gir dét i så fall eit endå meir komplekst system. Overgang til -*e*-ending ved opphavlege jamvektsord ville derimot inneberer ei

homogenisering av infinitivssystemet. Vi ville då få *ei* felles form for alle infinitivane i staden for den tradisjonelle todelinga.

8.6.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset[144]

Av tabell 8.6.1 og figur 8.6.1 nedafor ser vi at dei vaksne på Røros så å seie utelukkande bruker dei tradisjonelle tiljamnings- eller utjamningsformene ved historiske jamvektsord, medan dei unge er meir vaklande i bruken. Halvparten av førekomstane hos dei unge har likevel den lokale forma. Nesten ein fjerdedel av belegga har den regionale forma med apokope og, i dei høva der det er aktuelt, endra vokalisme, som t.d. i *vær* og *gjør* i staden for *vårrå* og *gjærra*. Den resterande fjerdedelen fordeler seg på standardforma, med *e*-ending, og på mellomforma, som omfattar former med apokope, men der den lokale vokalismen er behalden som t.d. i *vår* i staden for *vårrå*. Hos dei unge har systemet slik sett vorte meir komplekst.

Dersom vi ser nærare på kva for infinitivar som har hamna i kategorien "regional variant" (R1) på Røros, altså former med apokope og endra vokalisme der det er mogleg, går det fram at det utelukkande gjeld infinitivane *være* og *gjøre* (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.6 og vedlegg 8.6.1). Desse infinitivane er svært frekvente, og står til saman for heile tre fjerdedelar av alle belegga ved denne variabelen på Røros – respektive 107 belegg på *være* og 69 belegg på *gjøre*. Av dei i alt 107 belegga av *være* har over 65 % den lokale forma *vårrå*. Den regionale forma *vær* og mellomforma *vår* har rundt 15 % kvar, medan standardforma *være* berre førekjem nokre få gonger. Dei 69 belegga på *gjøre* fordeler seg, på si side, med over 68 % av den lokale forma *gjærra*, rundt 30 % av den regionale forma *gjør* og berre eitt belegg av standardvarianten *gjøre*. I kategorien mellomvariant (M) finn vi berre forma *vår* (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.6 og vedlegg 8.6.1).

Den tradisjonelle uttalen held seg med andre ord relativt godt i desse frekvente infinitivane, men vi finn også innslag av nivellerte uttalevariantar. Dei andre opphavlege jamvektsinfinitivane opptrer anten med den tradisjonelle uttalen eller standarduttalen. Den tredje mest frekvente infinitiven *komme*, med 27 belegg, førekjem t.d. med den tradisjonelle forma *kåmmå* i om lag halvparten av tilfella, og med standardforma *komme* i den andre halvparten (jf. vedlegg 8.6.1).


[144] For fullt oversyn over belegga, sjå vedlegg 8.6.1 for Røros og 8.6.2 for Tynset.

Tabell 8.6.1 Historiske jamvektsinfinitivar etter alder, Røros, (L3) jamningsform, (M) apokope, uendra vokalisme, (R1) apokope, endra vokalisme, (S2) *-e*-ending

Kode	L3	M	R1	S2	Totalt
Unge	(80) 50.6 %	(15) 9.5 %	(37) 23.4 %	(26) 16.5 %	**158**
Vaksne	(77) 96.3 %	(1) 1.2 %	0	(2) 2.5 %	**80**
Totalt					**238**

Tabell 8.6.2 Historiske jamvektsinfinitivar etter alder, Tynset, (L3) jamningsform, (M) apokope, uendra vokalisme, (R1) apokope, endra vokalisme, (S2) *-e*-ending

Kode	L3	M	R1	S2	Totalt
Unge	(7) 6.6 %	(3) 2.8 %	(64) 60.4 %	(32) 30.2 %	**106**
Vaksne	0	0	(18) 56.3 %	(14) 43.7 %	**32**
Totalt					**138**



Figur 8.6.1 Historiske jamvektsinfinitivar etter stad og alder, (L3) jamningsform, (M) apokope, uendra vokalisme, (R1) apokope, endra vokalisme, (S2) *-e*-ending

På Tynset ser situasjonen temmeleg annleis ut (jf. tab. 8.6.2 og fig. 8.6.1). Ingen av dei vaksne informantane har belegg på den tradisjonelle lokale forma. Alle dei historiske jamvektsformene har anten avhogd ending og "standard" vokalisme (R1) eller *-e*-ending (S2). Talet på belegg er likevel relativt avgrensa. Hos dei unge informantane finst det nokre få førekomstar av den lokale forma og av mellomforma (dvs. former med apokope, men som har halde på den lokale vokalismen), men størsteparten av belegga fordeler seg på den såkalla "regionale varianten" og standardvarianten (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.6).

Også på Tynset er *være* og *gjøre* dei mest frekvente infinitivane, respektive 67 belegg på *være* og 36 belegg på *gjøre*. Samanlagt står desse to infinitivane for heile tre fjerdedelar av alle belegga ved denne variabelen på Tynset. Dei er også åleine om å ha førekomstar av det som her er kalla den "regionale varianten". Over 74 % av belegga på *være* har faktisk forma *vær*, og rundt 86 % av belegga på *gjøre* har forma *gjør* (jf. vedlegg

8.6.2). Både den lokale forma *vårrå* og mellomforma *vår* førekjem berre nokre få gonger, medan standardforma *være* står for om lag ein femtedel av dei i alt 67 belegga. Som på Røros er forma *vår* den einaste som har hamna i kategorien "mellomvariant" på Tynset. Den lokale forma *gjærra* førekjem berre ein gong, medan standardforma *gjøre* har litt fleire belegg (jf. vedlegg 8.6.2).

Både på Røros og Tynset er det, som vi har vore inne på, størst variasjon mellom ulike uttalevariantar ved dei høgfrekvente infinitivane *være* og *gjøre*. Ved desse infinitivane finn vi fire ulike uttalealternativ. Ved dei andre historiske jamvekts-infinitivane finn vi berre veksling mellom den tradisjonelle varianten og standardvarianten (jf. vedlegg 8.6.3 og 8.6.4). Av tabellane 8.6.3 og 8.6.4 nedafor ser vi at den tradisjonelle jamvektsforma er langt meir resistent ved *være/gjøre* enn ved dei andre opphavlege jamvektsinfinitivane på Røros (høvesvis 66.5 % mot 37 %). Ved nivellering går ein snarare over til mellomvarianten eller den såkalla regionale varianten enn til standardvarianten. Ved dei mindre frekvente jamvektsorda, derimot, går ein oftare over til standardvarianten (i 63 % av tilfella). Standardvarianten ser først og fremst ut til å dukke opp ved dei mindre frekvente orda både på Røros og Tynset. På Røros er 23 av totalt 28 førekomstar av standardvarianten å finne blant dei mindre frekvente jamvektsorda, og på Tynset finn vi 30 av 47 førekomstar av standardforma blant desse orda (jf. vedlegg 8.6.3 og 8.6.4). Det mest interessante for Tynset sitt vedkomande er at *være/gjøre* har det som har vorte klassifisert som regional uttalevariant, i over tre fjerdedelar av tilfella, medan dei andre historiske jamvektsinfinitivane stort sett førekjem med standarduttale (i 85.7 % av tilfella).

Tabell 8.6.3 Bruk av dei mest frekvente jamvektsinfinitivane, Røros og Tynset, (L3) jamningsform, (M) apokope, uendra vokalisme, (R1) apokope, endra vokalisme, (S2) *-e*-ending

Kode	**L3**	**M**	**R1**	**S2**	**Totalt**
være/*gjøre* Røros	(117) 66.5 %	(17) 9.7 %	(37) 21 %	(5) 2.8 %	**176**
være/*gjøre* Tynset	(2) 1.9 %	(3) 2.9 %	(81) 78.7 %	(17) 16.5 %	**103**

Tabell 8.6.4 Bruk av dei mindre frekvente jamvektsinfinitivane, Røros og Tynset, (L3) jamningsform, (M) apokope, uendra vokalisme, (R1) apokope, endra vokalisme, (S2) *-e*-ending

Kode	**L3**	**S2**	**Totalt**
Mindre frekvente jamvektsord Røros	(23) 37 %	(39) 63 %	**62**
Mindre frekvente jamvektsord Tynset	(5) 14.3 %	(30) 85.7 %	**35**

Av figur 8.6.1 og tabell 8.6.3 ovafor går det som nemnt fram at det faktisk er fleire regionale "trønderformer" på Tynset enn på Røros (78.8 % mot 21 %). Dette kan umiddelbart tykkjast noko underleg. Er det verkeleg slik at Trondheim fungerer som normsentrum for Tynset ved dette språktrekket?

Som vi har sett, er det berre infinitivane *vær* og *gjør* som har hamna i kategorien "regional variant" på Røros og Tynset. Det er likevel svært vanleg at nettopp desse to infinitivsformene *være* og *gjøre*, med schwa, blir forkorta til *vær* og *gjør* i delar av landet der ein tradisjonelt ikkje har apokope (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.6).[145] I oslomålet er det f.eks. svært vanleg at bøyingsendinga blir kutta – særleg ved hurtig tale, typen: "ska du *vær* inne?" og "vi ska *gjør* det i morra".[146] Slik schwa-stryking er svært vanleg i oslomålet, men skjer berre når infinitiven står framfor ein trykklett partikkel, som pronomen, preposisjonar el.l. I enkelte tilfelle, som framfor klitikon som byrjar med *m*, fell ikkje berre schwa bort, men også *-r*-en: "vi du *væ me*" (vil du være med). I heile e-målsområdet er det vanleg at verb blir forkorta – i alle fall framfor vokal. Det kan derfor vere misvisande å kalla dei avhogde formene eg finn i mitt materiale, for regionale, og slik tolke dei som uttrykk for ei regional utvikling. Dersom det same fenomenet også hadde ramma andre infinitivar, hadde saka vore annleis, men sidan det berre gjeld former som plar bli realiserte på ein liknande måte også andre stader i landet, er det kan hende meir tvilsamt å gi dei merkelappen "regionale".

I e-målsområdet er det likevel *ikkje* vanleg at infinitivsendinga blir kutta når ho står til slutt i ei setning. I Trondheim, derimot, finn vi apokoperte former ved opphavlege jamvektsinfinitivar både framfor vokalar, konsonantar og i slutten av setningar, av typen; "kor ska vi *vær*?". Dersom vi sjekkar distribusjonen av dei avhogde formene på Røros og Tynset, viser det seg at dei førekjem framfor klitikon av ulike slag, men òg i slutten av setningar, på same måte som i Trondheim t.d.: "Har sikkert noe med gjengan å *gjør* =" (jente frå Røros), "Mm. Ja det kan nok *vær*. Ja det, det ja." (jente frå Tynset) (for fleire døme sjå vedlegg 8.6.5). Slike døme styrkjer Trondheim og svekker Oslo sin posisjon som potensiell normeringsinstans ved dette språktrekket.[147] Men det verkar framleis pussig at

---

[145] I e-målsområde er prosessen rett nok schwa-stryking – dvs. at utgangspunktet er *være* og *gjøre*. Overgangen frå desse formene til *vær* og *gjør* er på langt nær så stor som overgangen frå *vårrå* og *gjærra* til *vær* og *gjør*.

[146] I det sørvestlandske e-målsområdet finn vi det same fenomenet, men her blir dei to infinitivane uttalt med kort vokal og skarre-r og gjeld først og fremst dei to infinitivane; *gjørr* og *spørr*. Dette er særleg vanleg i sørvestlandske bymål t.d. i Stavanger og Kristiansand.

[147] Men det utelukkar ikkje at også Oslo kan fungere som inspirasjonskjelde. Det at distribusjonen omfattar fleire posisjonar enn han gjer i Oslo, kan vere eit utslag av overgeneralisering.

Tynset skulle ta etter Trondheim nett ved dette trekket, når det ikkje er tilfellet ved nokon av dei andre språklege variablane vi har sett på (jf. pkt. 8.16).

Dersom ein vurderer Røros isolert, kunne ein tolke førekomsten av *vær* og *gjør* som ei regional, trondheimsinspirert utvikling. Det faktum at vi ikkje finn døme på slike apokoperte former anna enn ved infinitivane *være* og *gjøre*, er i og for seg ikkje noko avgjerande argument for at dette ikkje skulle kunne tolkast som ei regional utvikling. Det kan vere at vi her berre ser byrjinga av ei utvikling som etter kvart vil spreie seg også til andre opphavlege jamvektsinfinitivar, slik situasjonen er i Trondheim.[148] Eit viktig motargument mot dette er at dei andre historiske jamvektsinfinitivane frå Røros stort sett ser ut til å ha gått over til standardvarianten (i 63 % av tilfella dersom vi ser på alle informantane samla jf. tab. 8.6.4 ovafor). Dermed er det nok lite sannsynleg at vi vil kome til å få inn apokoperte former her. Som vi såg ovafor, held *være/gjøre* betre på den tradisjonelle uttalen og er altså meir resistente enn dei andre infinitivane (jf. tab. 8.6.3 ovafor). Det er derfor rimeleg å tru at endringa ved dei mindre frekvente jamvekts-infinitivane har skjedd samtidig eller kanskje til og med før endringane ved *være/gjøre*.

Tanken om at dette er ei særutvikling som berre gjeld desse to leksema, og at det ikkje er byrjinga av ei spreiing av apokopen, får særleg støtte når vi også inkluderer Tynset. Som vi såg ovafor, er den "regionale forma" den aller mest frekvente varianten både hos dei vaksne og dei unge på Tynset (jf. fig 8.6.1). Umiddelbart verkar det noko usannsynleg at Trondheim skulle vere normidealet for Tynset ved dette språktrekket, sidan dette ikkje er tilfelle ved nokon av dei andre trekka, men vi kan heller ikkje utelukke det. Dersom det var slik at apokopen var på veg inn ved opphavlege jamvektsinfinitivar etter mønster frå Trondheim, skulle ein vente at apokopen hadde spreidd seg til fleire av dei opphavlege jamvektsinfinitivane, og at vi dermed skulle finne slike apokoperte former hos dei unge på Tynset, men det gjer vi ikkje. Også hos dei unge på Tynset er dei avhogde formene avgrensa til infinitivane *være* og *gjøre*.

Sidan *vær* og *gjør* er former som er vanlege andre plassar i landet òg (både i Trondheim, Oslo og andre stader), kan det vere at røros- og tynsetinformantane har kopiert eller lånt inn desse ordformene, og at det vi ser, såleis ikkje er starten på ein prosess der dei historiske jamvektsorda generelt sett blir apokoperte. Det *treng* likevel ikkje vere snakk om

[148] Eit anna moment her, som er av metodisk art, er at vi ikkje har så mange belegg på dei andre jamvekts-infinitivane sidan belegga er henta fra løpande og ikkje elisitert tale. Dermed kan vi sjølvsagt ikkje vite om former som *kåm* og *vit* faktisk førekjem blant dei unge på Røros. Dersom vi hadde hatt like mange førekomstar av å *komme* som av å *være*, ville vi kunne konkludere med større visse.

direkte innlån. Sidan schwa-stryking er eit såpass vanleg fenomen mange stader i landet, også i område der ein ikkje har apokope, er det ikkje urimelig å tenkje at dette snarare kan vere eit døme på ei internt motivert utvikling, meir enn ei utvikling som kan tilskrivast dialektnivellering.


På Røros og Tynset er utgangspunktet vel å merke ikkje formene *være* og *gjøre* (som i område med schwa-stryking), men dei svært avstikkande jamvektsformene *vårrå* og *gjærra*. Den lingvistiske avstanden mellom dei tradisjonelle formene *vårrå* og *gjærra* og dei nivellerte formene *vær* og *gjør* er relativt stor. Både vokalismen og bøyingsendinga har vorte endra. Slik sett kan det sjå ut til at heile ordforma har vorte innlånt og at dette altså er leksikaliserte former. Eit mogleg motargument mot denne tankegangen er likevel at vi også finn former som "å *vår*" både på Røros og Tynset, der ein altså har halde på vokalismen frå den opphavlege forma, men kutta endinga. Dette gjeld likevel berre for denne infinitivsforma og ikkje f.eks. for *gjærra*. Det finst med andre ord ingen belegg på *gjær*, men mange belegg på *gjør* (jf. vedlegg 8.6.1 og 8.6.2). På Røros finn vi omtrent like mange belegg for *vår* som for *vær*, medan *vår* berre førekjem nokre få gonger hos *ein* informant på Tynset.

Ei mogleg sosiolingvistisk tolking av den store variasjonen ved *være/gjøre,* er at ein overgang til standardforma ved desse frekvente orda er "for stor" og ville bli "for markert" enn ein overgang til former som *vår*/*vær*/*gjør*. Slik sett er det kanskje mest rimeleg å tolke *vær* og *gjør* som kompromissformer på line med *vår*. Desse kompromissformene kan anten ha vorte plukka opp via Trondheim, Oslo eller andre stader – eller dei kan vere utslag av ei meir internt motivert utvikling. Ut frå det materialet vi har tilgjengeleg her, er det ikkje mogleg å kome fram til ein endeleg konklusjon her. Fleire alternativ kan vere moglege. Derfor er det betre å klassifisere dette som "mellomformer", snarare enn "regionale former", som i seg sjølv gjer krav på ei smalare, meir definitiv tolking. Etter diskusjonen ovafor meiner eg at vi kan slå fast med relativt stor visse at formene *vær* og *gjør* ikkje kan takast til inntekt for at apokopen er på frammarsj på Røros og Tynset, men at dei heller er døme på enkeltleksem som er i endring.


8.6.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Dei vaksne rørosinformantane bruker stor sett den lokale forma av dei historiske jamvekts-infinitivane (jf. fig. 8.6.2 nedafor). Informanten Eli har eit par belegg på mellomforma *vår*, medan Anna bruker å *komme* i staden for å *kåmmå* ved eit par tilfelle. Blant dei unge informantane er den intraindividuelle variasjonen langt større enn det som er tilfelle for dei

vaksne (jf. fig. 8.6.3 nedafor). Her finn vi t.d. belegg både på den lokale varianten *vårrå*, mellomvariantane *vår/vær* og standardforma *være*. [149]



Figur 8.6.2 Historiske jamvektsinfinitivar hos vaksne på Røros, (L3) jamningsform, (M) apokope og (S2) *-e*-ending




Figur 8.6.3 Historiske jamvektsinfinitivar hos unge på Røros, (L3) jamningsform, (M) apokope og (S2) *-e*-ending

Den intraindividuelle variasjonen er særleg stor hos jentene, Bente, Linn, Carola og Ailin, men òg hos Bjørn og Eirik. Dei fem informantane som har flest tilfelle av den lokale forma, er alle gutar, men dei tilhøyrer både bus, skatarar og den kulturorienterte ungdomsgruppa. Vi finn såleis ikkje den same klare fordelinga etter gruppetilhørsle ved

[149] Det totale talet på belegg hos dei vaksne ligg på 80 belegg. Desse belegga er litt ujamt fordelte mellom dei seks vaksne informantane, men ingen har mindre enn sju belegg (jf. vedlegg 8.6.6). To av gutane, Hogne og Sondre, har berre to belegg kvar ved denne variabelen, medan Truls berre har eitt belegg. Talet på belegg varierer elles mellom 4 og 26 per informant (jf. vedlegg 8.6.7).


denne variabelen som vi har funne ved fleire av dei andre variablane. Av figur 8.6.4 ser vi at busen rett nok bruker den lokale forma av dei historiske jamvektsinfinitivane i mest alle tilfella. Noko meir overraskande er det at soss/skatar-gutane også har ei klar overvekt av den lokale forma, medan vi finn størst variasjon i dei to mellomgruppene.

Figur 8.6.4 Historiske jamvektsinfinitivar etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) jamningsform, (M) apokope og (S2) -*e*-ending



Sidan gruppetilhørsle slår ut noko uventa ut her, kan det vere interessant å sjå nærare på korleis nokre av dei andre sosiale dimensjonane slår ut.[150] Av figur 8.6.5 ser vi at gutane på yrkesfagleg studieretning klart er dei som bruker flest lokale former, medan jentene på allmennfag bruker færrast. Jentene bruker derimot flest mellomformer. Elles ser vi at både familiebakgrunn, sosial bakgrunn, sosiokulturell orientering og framtidsplan er viktige sosiale korrelat for bruken av denne variabelen. Informantar med ikkje-akademisk bakgrunn, som har foreldre frå Røros, som er lokalt orienterte og som gjerne vil bli på Røros, bruker klart flest lokale former. Kor vidt informantane bur i sentrum eller i utkanten av kommunen, gir vel å merke ikkje nemneverdig utslag – begge kategoriar ser ut til å bruke den lokale forma omtrent like mykje (rundt 50 %).

[150] Alle dei sosiale variablane vil bli diskuterte meir inngåande i den meir prinsipielle korrespondanseanalysen i kap. 9. Her får vi berre ein liten smakebit, sidan gruppetilhørsle, som elles ofte summerer opp i seg mange av dei andre variablane slår uventa ut her.



Figur 8.6.5 Historiske jamvektsinfinitivar etter ulike sosiale kategoriar, Røros, (L3) jamningsform, (M) apokope og (S2) -*e*-ending

Negativ innstilling til Røros og til rørosdialekten ser også ut til ha innverknad på kva for form som blir føretrekt. Blant dei som er negativt innstilte til heimstaden og til dialekten, finn vi faktisk ingen førekomstar av den lokale forma ved dette språktrekket (jf. vedlegg 8.6.10). Dei som stiller seg meir nøytrale til heimstaden, derimot, bruker fleire lokale former enn dei som er uttrykt positive til Røros. Det er dessutan først og fremst i denne gruppa vi finn belegg på mellomforma *vår*. Når det gjeld haldning til dialekten, er dei med den mest positive innstillinga også dei som bruker den lokale forma av denne variabelen mest. Desse resultata kan tyde på at det er relativt høgt medvit kring denne variabelen. Det faktum at dei tradisjonelle formene slett ikkje blir brukt av dei som er negativt innstilte til heimstaden og til dialekten, kan tyde på at bruk av jamvektsformer fungerer som ein relativt god indikator på grad av lokal tilhørsle.

8.6.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset

Dersom vi tolkar *vær* og *gjør* som mellomformer og ikkje som regionale former, ser vi at dei vaksne på Tynset har noko fleire mellomformer enn standardformer, men ingen tradisjonelle former (jf. tab. 8.6.5 og vedlegg 8.6.8). Dei unge har nokre få innslag av den tradisjonelle forma, men også hos dei dominerer mellomformene.


Tabell 8.6.5 Historiske jamvektsinfinitivar hos unge og vaksne på Tynset, (L3) jamningsform, (M) apokope og (S2) -*e*-ending

Kode	L3	M	S2	Totalt
Unge	(7) 6.6 %	(67) 63,2 %	(32) 30.2 %	**106**
Vaksne	(18) 56.2 %	(14) 43.8 %		**32**
Totalt				**138**

Blant mellomformene finn vi hovudsakleg formene *vær* og *gjør*, men ei av informantane, Ina, har nokre få innslag av mellomvarianten *vår*. Mor til Ina er interessant nok frå Røros, og Ina seier at ho sjølv kjenner seg svært knytt til Røros, at ho kunne tenkje seg å busette seg der og at ho likar rørosdialekten betre (jf. også kap. 10, pkt. 10.2.2.2):

Ina: nei da = altså den ekte tynseting- tynsetmålet det finner du så sjeldent lenger at for meg så kjæm det langt ned etter mange andre jæ liker = Røros-- rørosing liker jæ best da
Unn: mm
Ina: skulle ønske jæ snakka rørosing egentlig [(LATTER)] det er sånn = det gir deg sånn 'identitet å snakke rørosing = så jæ ville nok- jæ synes nok ikke Tynset-- det er så sjelden du treff på den som snakker tynseting at det = =e= det får- det er lavt 'rangert [[må jæ si]] det er'kke noe enhetlig = det er litt av hvert [herta ta hørt]


Sidan vi ikkje finn denne forma hos nokon av dei andre informantane, er det rimeleg å tolke førekomsten av *vår* hos Ina som eit røroslån. Det kan vidare vere interessant å sjå om det berre er ein eller fleire av dei unge informantane som har førekomstar av den tradisjonelle varianten. Det viser seg at sju av dei tolv informantane har eitt eller to innslag av den lokale varianten (jf. vedlegg 8.6.9). Vi ser også at det totale talet på belegg varierer mykje mellom informantane – frå eitt til nitten belegg. Blant dei sju informantane som har innslag av den lokale varianten, finn vi både gutar og jenter, både unge som går på yrkesfagleg og allmennfagleg studieretning, unge med og utan foreldre frå Tynset, unge med akademisk og ikkje-akademisk foreldrebakgrunn, unge frå tynsetbyen og frå utkantane og både unge som vil bli, flytte og flytte tilbake. Men vi finn ikkje unge som høyrer heime i soss/skatar-gruppa og heller ikkje ungdom som er svært urbant orienterte (jf. fig. 8.6.6).



Figur 8.6.6 Historiske jamvektsinfinitivar etter gruppetilhørsle og urban orientering, Tynset, (L3) jamningsform, (M) apokope og (S2) *-e*-ending

8.6.4 Oppsummering av variabelen: JAM

Som vi har sett, er det markert forskjell mellom Røros og Tynset når det gjeld bruken av tiljamnings- og utjamningsformer i historiske jamvektsord. Utjamningsformer som *vårrå* og *kåmmå* førekjem på begge plassane, men, som vi har sett, berre i svært få tilfelle på Tynset. Dei unge på Tynset har i all hovudsak gått over til standardformene eller mellomformene ved desse infinitivane. På Røros held tiljamnings- og utjamningsformene seg markert betre (jf. fig 8.6.7). Både på Røros og Tynset finn vi mange førekomstar av dei avhogde formene *vær* og *gjør*. Desse vart i utgangspunktet tolka og koda som regionale former. Men desse to formene førekjem også andre stader i landet – inkludert i oslomålet. Sidan det ut frå mitt materiale ikkje er mogleg å avgjere om dette er former som er innlånt frå Trondheim, Oslo eller andre stader, eller om det er døme på ei meir språkinternt motivert utvikling, meiner eg at det er mest rimeleg å kalle dei for "mellomformer" i staden for særskilde "regionale former". Eg meiner også å ha vist at formene *vær* og *gjør* etter all sannsynlegheit ikkje kan takast til inntekt for at apokopen er på frammarsj på Røros og Tynset, men at dei heller er døme på enkeltleksem som er i endring.



Figur 8.6.7 Historiske jamvektsinfinitivar hos unge på Røros og Tynset, (L3) jamningsform, (M) apokope og (S2) *-e*-ending

På Røros er det særleg gutar på yrkesfagleg studieretning og "busen" som held på dei lokale formene ved denne variabelen (dei to gruppene er nesten, men ikkje heilt overlappande). Informantar med ikkje-akademisk bakgrunn, som har foreldre frå Røros, som er lokalt orienterte, som er positivt innstilte til dialekten og som gjerne vil bli på Røros, er dei som vel å bruke den lokale forma ved historiske jamvektsinfinitivar. Men det

språklege skiljet mellom busen og sossen er ikkje så tydeleg ved denne variabelen som ved fleire av dei andre variablane, sidan mellomgruppene faktisk har fleire nivellerte former enn sossen. Biletet er med andre ord ikkje like eintydig her.

Som nemnt innleiingsvis er det grunn til å tru at denne variabelen i høg grad er leksikalisert. Det gjeld særleg dei frekvente jamvektsinfinitivane *vårrå* og *gjærra*. Jamvektsinfinitivane omfattar relativt få ord. Nokre av dei, som *vårrå* og *gjærra*, er dessutan svært frekvente i løpande tale. Dei tradisjonelle utjamningsformene ved desse infinitivane er i tillegg svært avstikkande. Det er derfor ikkje så merkeleg at det oppstår eit behov for å "gjere noko" med desse formene. Ei rimeleg sosiolingvistisk tolking av den store variasjonen ved *være/gjøre* og det høge talet på mellomformer, er at ein overgang til standardforma ved desse frekvente orda vil vere "for stor" og "for markert" enn ein overgang til former som *vår*/*vær*/*gjør* vil vere.

8.7 Apokope i tostavingsord: APOK

Både Røros og Tynset ligg i det sørlege grenseområdet for apokope. Apokope i tostavingsord førekjem relativt sjeldan i begge områda, og heng ikkje saman med historisk overvekt, slik tilfellet er i dei fleste trønderdialektar (jf. kap. 6, pkt. 6.1.7). Ifølgje Reitan (1932:117) kan apokopen på Røros og Tynset tilskrivast analogi med nærståande former. Dei tostavingsformene som tradisjonelt blir apokoperte mest konsekvent, tilhøyrer verbklassa, og det er derfor desse eg vil sjå nærare på her (jf. kap. 7 pkt. 7.2.2.7). Infinitiv av overvektstypen blir som nemnt *ikkje* apokopert, men har i regelen utlydande *-e* (som i standardtalemålet) både på Røros og Tynset. Rørosmålet skil seg altså på dette punktet frå anna trøndermål (jf. pkt. 6.1.7).

Her vil det vere interessant å sjå på om dei formene som tradisjonelt skulle hatt apokope i rørosmålet og tynsetmålet, framleis blir apokoperte eller om dei får *e*-ending som resten av overvektsorda. For Røros sitt vedkomande er det også interessant å sjå på om overvektsorda held på uttalen med utlyds-*e*, eller om desse formene blir apokoperte som i resten av Trøndelag. Dersom apokopen skulle vere på frammarsj, ville det eventuelt kunne tyde på ei regional utvikling.

8.7.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset


Av tabellane 8.7.1, 8.7.2 og figur 8.7.1 nedafor ser vi at apokopen i tostava verbformer er forholdsvis stabil både på Røros og Tynset. På Tynset er beleggrunnlaget rett nok nokså avgrensa, men tendensen ser i alle fall ut til å vere at både unge og vaksne held på apokopen ved desse verbformene. På Røros er talet på belegg noko høgare, men også her er det grunn til å vere varsam med tolkingane. Apokopen ser likevel ut til å vere eit nokså stabilt språktrekk både hos dei unge og dei vaksne rørosinformantane. Talet på nivellerte former er likevel noko høgare her enn det som var tilfellet hos tynsetinformantane. Vi ser også at rørosungdomane bruker nokre få mellomformer. Desse mellomformene gjeld modalverbet *kunne*. Ved dette verbet finn vi nokre gonger *a*-ending i staden for apokope; /kʉɲːɑ/ *kunna*. Reitan (1932:118) nemner også denne forma som ei nydanna form i rørosmålet, og meiner at ho "må skyldes hyppig bruk". Veksling mellom *kunne* med apokope og med *a*-ending har på den måten truleg inngått i intradialektal variasjon i rørosdialekten i lang tid. Av i alt 44 belegg førekjem likevel *kunne* berre 4 gonger med *a*-ending (jf. vedlegg 8.7.1). Mellomforma er med andre ord svært marginalt representert i materialet, og ho førekjem dessutan berre hos dei unge informantane. I den vidare handsaminga vil også *kunna* bli rekna som ei lokal form.

Tabell 8.7.1 Apokope i tostava verbformer etter alder, Tynset, (L3) apokope, (M) *a*-ending og (S2) -*e*-ending

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(16) 84.2 %	(3) 15.8 %	**19**
Vaksne	(16)100 %	0	**16**
Totalt			**35**

Tabell 8.7.2 Apokope i tostava verbformer etter alder, Røros, (L3) apokope, (M) *a*-ending og (S2) -*e*-ending

Kode	L3	S2	M	Totalt
Unge	(97) 76.4 %	(26) 20.5 %	(4) 3.1 %	**127**
Vaksne	(94) 95 %	(5) 5 %		**99**
Totalt				**226**



Figur 8.7.1 Apokope i tostava verbformer etter stad og alder, (L3) apokope, (M) *a*-ending og (S2) *-e*-ending

Eit anna spørsmål er om apokopen spreier seg til nye omgivnader. Under handsaminga av den førre variabelen JAM, såg vi at *vårrå* og *gjærra* har fått avhogd ending i infinitiv både på Røros og Tynset (jf. pkt. 8.6). Dette er likevel ikkje utelukkande eit trønderfenomen, og eg valde derfor å tolke dette som mellomformer, og ikkje som eksempel på at apokopen spreier seg. Dersom det er slik at former med apokope er på frammarsj, skulle ein kunne vente at apokoperte former tek over for *-e*-endinga i historiske overvektsord. Som vi ser av tabell 8.7.3 nedafor, held *-e*-endinga i historiske overvektsinfinitivar seg svært godt. Det er med andre ord *ingen* tendens til at apokopen spreier seg på Røros som ledd i ei regional utvikling. Heller ikkje på Tynset fann eg nokon førekomst av apokope i historiske overvektsinfinitivar. Dette forholdet stør avgjerda om å tolke *vær* og *gjør* som mellomformer, og ikkje som apokoperte former etter mønster frå Trondheim bymål.


Tabell 8.7.3 Historiske overvektsinfinitivar hos unge og vaksne på Røros, (L5) *-e*-ending og (R2) apokope

Kode	**L5**	**R2**	**Totalt**
Unge	(333) 98.8 %	(4) 1.2 %	**337**
Vaksne	(160) 99.4 %	(1) 0.6 %	**161**
Totalt	**(493) 99 %**	**(5) 1.00**	**498**

På Røros held altså apokopen seg rimeleg godt i infinitiv av *ja*-verb og i fortidsforma av verba *måtte*, *kunne*, *skulle* og *gjorde,* og han trengjer *ikkje* inn i nye omgivnader som f.eks. i infinitiv av overveksttypen. Det er faktisk heller ein svak tendens til at apokopen er på vikande front i rørosmålet. Noko under ein fjerdedel av alle belegga hos dei unge endar anten på *-e* (S2) eller på *-a* (M) (jf. tab. 8.7.2 og fig. 8.7.1).


8.7.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Dersom vi ser på den individuelle fordelinga av lokale kontra nivellerte former blant dei vaksne på Røros, ser vi at dei fleste held seg til berre den lokale uttalen av dei aktuelle verbformene. Tom er den einaste av dei vaksne som har innslag av standardforma her (jf. fig. 8.7.2 nedafor). Blant dei unge rørosinformantane finn vi ein del både inter- og intra-individuell variasjon (jf. fig. 8.7.3 nedafor). Dersom vi reknar mellomforma som ei lokal form, har ti av fjorten informantar ei klar overvekt av lokale former ved denne variabelen.[151] Med unntak av Iris, som berre har førekomst av standardforma med *-e*-ending, varierer jentene ein del mellom dei ulike uttalevariantane. Det same gjeld dei to soss/skatar-gutane Sondre og Bjørn. Samanlagt har likevel jentene høgast nivellerings-frekvens ved dette trekket.




Figur 8.7.2 Apokope i tostava verbformer hos vaksne på Røros, (L3) apokope+*a*-ending og (S2) *-e*-ending

[151] Magne hadde ingen belegg ved denne variabelen. Informanttalet er derfor redusert med ein. Trym og Truls har berre to belegg ved denne variabelen, og er dermed noko meir usikre. Elles varierer talet på belegg mellom fire og 45 per person (jf. vedlegg 8.7.3).



Figur 8.7.3 Apokope i tostava verbformer hos unge på Røros, (L3) apokope+-*a*-ending og (S2) -*e*-ending

Dersom vi ser på den gruppevise fordelinga, går det fram at busen har klart størst prosentdel av lokale former, medan soss/skatar-gutane har størst innslag av standardformer med -*e*-ending (ca. 30 %) (jf. fig. 8.7.4 nedafor). Alle gruppene har likevel ei klar overvekt av belegg med apokope eller *a*-ending, altså dei lokale formene.



Figur 8.7.4 Apokope i tostava verbformer etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) apokope+*a*-ending og (S2) -*e*-ending

8.7.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset

Det totale talet på belegg er som nemnt svært avgrensa på Tynset. Dermed har det mindre meining å skulle sjå på denne variabelen i høve til individuell variasjon og gruppetilhørsle.

Tre av dei unge informantane, Ane, Laila og Varg, har ingen belegg ved denne variabelen. Talet på belegg ligg elles stort sett på eitt eller to per person (jf. vedlegg 8.7.4). Berre Åsne, Alva og Oskar har noko fleire belegg – alle med apokope. Det er derfor umogleg å skulle seie noko meir generelt om dette på individ- og gruppenivå. Dei aller fleste belegga har den lokale forma. Innslag av standardformer med utlydande *-e* finst berre hos tre unge informantar, Ina, Mia og Ola. Dei er alle det vi kan kalle for "mainstream-ungdomar". Sidan talet på belegg er så lite, er det umogleg å avgjere om det er tilfeldig eller ikkje at det dukkar opp nokre former med *e*-ending nett hos desse ungdomane.

8.7.4 Oppsummering av variabelen APOK

Apokope ved infinitiv av *ja*-verb og fortidsforma av verba *måtte*, *kunne*, *skulle* og *gjorde* held seg etter måten godt både på Røros og Tynset. På Tynset er rett nok talet på belegg såpass avgrensa at det er vanskeleg å seie noko sikkert, men på Røros er tendensen i alle fall tydeleg i favør av den lokale forma, sjølv om vi også finn nokre innslag av nivellerte former. Verbet *kunne* førekjem nokre få gonger med *-a*-ending i staden for apokope på Røros. Desse formene har derfor vorte rekna saman med dei lokale formene her, sjølv om dei altså i utgangspunktet vart koda som mellomformer. Dei blir sjølvsagt òg rekna saman med den lokale forma ved korrespondanseanalysen (jf. kap. 9).

Som vi har sett, er bruken av apokope relativt stabil på Røros og Tynset. Samtidig er det ikkje noko teikn til at apokopen spreier seg. Infinitiv av historiske overvektsverb held t.d. på den tradisjonelle *e*-endinga både på Røros og Tynset. Ei regional trønderutvikling med spreiing av apokope, ser vi altså ikkje noko spor av på Røros.

8.8 Bestemt form fleirtal av substantiv: BFPL

Dei aller fleste substantiv både i femininum, maskulinum og nøytrum får tradisjonelt endinga *-an* eller *-n* i bestemt form fleirtal nominativ både på Røros og på Tynset (jf. kap. 6, pkt. 6.1.8). Nokre få omlydssubstantiv i femininum får endinga *-en* (*bok – bøken*), og nokre nøytrumsord endar på *-a* i bestemt form fleirtal (*tak – taka*). Den tradisjonelle varianten omfattar såleis endingane *-an, -n* og *-a*. I tillegg kjem dativformene i bestemt form fleirtal: *-om* på Røros og *-öm* på Tynset. Her er det for det første interessant å sjå om dei tostava formene (med endingane *-an/-n/-a* eller dativ *-om/-öm*) held seg, eller om dei blir nivellerte til den trestava standardforma med *-ene* som ending. Det er også interessant

å sjå på om *-an*-endinga, som er den vanlegaste av fleirtalsendingane både på Røros og Tynset, spreier seg til feminina av typen *bok* og til nøytrumsord av typen *tak*. Det vil i tilfelle kunne peike i retning av ei regional utvikling, sidan *-an*-endinga også ser ut til å spreie seg ved analogi i trondheimsmålet (jf. Dalen 1990b:207).

Former som tradisjonelt *ikkje* har fleirtalsendinga *-an*, men som har det her, har vorte koda som regionale former (R2). Dette gjeld likevel ikkje dativformene. Sidan bruk av dativ er såpass marginal, har endinga *-an* vorte koda som ei lokal form også i dei tilfella der ein etter det tradisjonelle systemet skulle hatt dativendinga *-om*. Former som etter tradisjonen har fleirtalsendinga *-an*, men som har *-a-* eller *-en*-ending her, har vorte koda som mellomformer (M) (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.8). Sidan eg berre har funne mellomformer med *-a-* og ingen med *-en*-ending, vil eg i det følgjande likevel referere til mellomforma som *-a*-ending.

8.8.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset[152]

Av tabell 8.8.1, 8.8.2 og figur 8.8.1 nedafor ser vi at dei tradisjonelle endingane i bestemt form fleirtal held seg svært godt både hos unge og vaksne på Røros og Tynset. Dette gjeld alle dei tradisjonelle fleirtalsendingane med uttak av dativformene. Alle tynset-informantane og dei fleste rørosinformantane bruker fleirtalsendinga *-an* i staden for dativendinga *-om* i dei tilfella der ein ut frå det opphavlege systemet skulle hatt dativ.[153] Her ser vi med andre ord eit døme på at *-an*-endinga har spreidd seg. Sidan dativbruk ikkje er ein variabel her, har eg ikkje teke stilling til kor vidt nokre av nominativsformene "skulle" ha vore dativformer, eller motsett, i samsvar med det tradisjonelle systemet, men har rekna *-an* endinga som den lokale forma.

Hos rørosungdomen finn vi nokre få døme på mellomforma – dvs. *-a*-ending ved substantiv som tradisjonelt skulle hatt endinga *-an*. Men vi finn ingen døme på at *-an* spreier seg til nye omgivnader. Det finn vi likevel nokre få døme på hos dei *vaksne* rørosinformantane. Her er det hankjønnssubstantivet *føttene* som tradisjonelt har forma *føtn* som har fått forma *fotan* (jf. vedlegg 8.8.1).

På Tynset finn vi litt større variasjon mellom dei ulike variantane – særleg hos ungdomen. Her finn vi både innslag av standardvarianten *-ene*, mellomvarianten *-a* og den

[152] For oversyn over kva for ord som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.8.1 for Røros og 8.8.2 for Tynset.
[153] På Røros hadde 25 av dei i alt 233 belegga dativendinga *-om*. Desse dativformene fann vi hos to av dei unge informantane, og hos fem av dei vaksne informantane (jf. vedlegg 8.8.3). På Tynset fann vi ingen døme på dativendinga *-öm* korkje hos dei unge eller dei vaksne informantane.


regionale varianten *-an*. Blant dei orda som har fått koden regional variant på Tynset, finn vi eit ord som *sted*. Tradisjonelt ville ein ikkje brukt denne ordforma i det heile, men *stelle,* bestemt form fleirtal *stella(n)*. No har *sted* kome inn som ei konkurrerande form. Dei tre gongene dette leksemet førekjem i fleirtal i tynsetmaterialet, er det med endinga *-an: stedan* eller *stean.* Sjølv om datagrunnlaget er lite, kan dette tyde på at *-an*-endinga er ekspansiv, og at ho altså blir brukt ved nye ordformer som blir henta inn i tynsetmålet. Etter det tradisjonelle systemet skulle eit ord som *sted* – eit nøytrumsord som ikkje endar på trykklett *-e* i ubestemt form eintal – ha endinga *-a* og ikkje *-an*.

Tabell 8.8.1 Bestemt form fleirtal av substantiv etter alder, Røros, (L3) *-an/-n/-a/-om/-öm* (M) *-a*, (R2) *-an* og (S2) *-ene*

Kode	L3	M	R2	S2	Totalt
Unge	(136) 95.8 %	(5) 3.5 %	0	(1) 0.7 %	**142**
Vaksne	(88) 96.7 %	0	(3) 3.3 %	0	**91**
Totalt					**233**

Tabell 8.8.2 Bestemt form fleirtal av substantiv etter alder, Tynset, (L3) *-an/-n/-a/-om/-öm* (M) *-a*, (R2) *-an* og (S2) *-ene*

Kode	L3	M	R2	S2	Totalt
Unge	(80) 86 %	(5) 5.4 %	(5) 5.4 %	(3) 3.2 %	**93**
Vaksne	(42) 91.3 %	(3) 6.5 %	0	(1) 2.2 %	**46**
Totalt					**139**



Figur 8.8.1 Bestemt form fleirtal av substantiv etter stad og alder, (L3) *-an/-n/-a/-om/-öm* (M) *-a*, (R2) *-an* og (S2) *-ene*


8.8.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Alle dei vaksne informantane på Røros, med unntak av Eli, bruker utelukkande dei tradisjonelle formene i bestemt form fleirtal av substantiv (jf. fig. 8.8.2 nedafor).[154] Eli har tre førekomstar av den regionale forma *fotan* i staden for *føtn*. Hos dei vaksne finn vi altså nokre døme på at *-an*-endinga spreier seg, men ikkje på at ho blir fortrengt. Også dei unge rørosinformantane held seg stort sett til dei tradisjonelle variantane ved dette språktrekket. Tre av informantane, Linn, Tore og Bjørn, har nokre få innslag av mellomforma (*-a* for *-an* t.d. *foreldra* i staden for *foreldran*, *helga* i staden for *helgan*), medan berre ein av informantane, Iris, har eitt innslag av standardvarianten med *-ene* (jf. fig. 8.8.3 nedafor).


Dei fire informantane som har innslag av andre variantar enn dei tradisjonelle variantane ved dette språktrekket, fordeler seg på alle dei fire ungdomsgruppene. Bjørn, som har flest mellomformer, høyrer heime i soss/skate-gruppa. Tore tilhøyrer bus-gjengen, Linn skule/idretts-gruppa og Iris skule/kultur-gruppa. Dermed ser vi at kvar av gruppene har eit ørlite innslag av ein annan variant enn dei tradisjonelle formene. Alle gruppene har vel å merke godt over 90 % lokale variantar ved dette språktrekket (jf. vedlegg 8.8.5).

Ein kan spørje om det kanskje finst ein *annan* sosial fellesnemnar for desse fire informantane. Etter det eg kan sjå, gjer det ikkje det. Dei fordeler seg stort sett ulikt på dei forskjellige sosiale variablane. Det vil seie at korkje foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn, kulturell orientering eller nokon av dei andre sosiale dimensjonane fortel oss noko om kvifor nett desse fire har nokre innslag av andre variantar enn dei lokale ved dette språktrekket. Sidan det er såpass liten variasjon ved denne variabelen, og innslaget av andre variantar er såpass marginalt, gir det lita meining å skulle sjå vidare på den sosiale distribusjonen her.

[154] Talet på belegg blant dei vaksne ligg på mellom 12 og 20 per informant (jf. vedlegg 8.8.4). Blant dei unge varierer talet på belegg mellom 3 og 18 per informant (jf. vedlegg 8.8.4).




Figur 8.8.2 Bestemt form fleirtal av substantiv hos vaksne på Røros, (L3) *-an/-n/-a/-om* og (R2) *-an*



Figur 8.8.3 Bestemt form fleirtal av substantiv hos unge på Røros, (L3) *-an/-n/-a/-om* (M) *-a*, og (S2) *-ene*

8.8.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset

Også dei vaksne informantane på Tynset held seg stort sett til dei tradisjonelle variantane av dette språktrekket. Berre ein av dei, Ask, har nokre få innslag av mellomvarianten og standardvarianten (jf. fig. 8.8.4 nedafor). Ask seier t.d. *unga* og *foreldra* i staden for *ungan* og *foreldran*. Ask er den av dei vaksne informantane som har flest belegg ved denne variabelen.



Figur 8.8.4 Bestemt form fleirtal av substantiv hos vaksne på Tynset, (L3) *-an/-n/-a* (M) *-a* og (S2) *-ene*

Hos dei unge tynsetinformantane finn vi noko større variasjon enn hos dei vaksne, men også hos ungdomen dominerer bruken av dei tradisjonelle formene ved dette trekket (86 % framleis med unntak av dativforma). Dette er dermed eitt av relativt få trekk, som er bevart i si tradisjonelle uttaleform blant dei unge på Tynset (jf. pkt. 8.16).[155]


Som vi kan sjå av figur 8.8.5 nedafor, held den tradisjonelle uttalen seg relativt godt hos alle dei unge tynsetinformantane. Dei to ungdomane som varierer mest, er Ina og Kåre. Hos desse to finn vi innslag av alle dei fire variantane – lokal-, regional-, standard- og mellomvarianten. Men også hos Kåre og Ina dominerer dei tradisjonelle variantane.

Ina har flest innslag av mellomvarianten og den regionale varianten, dvs. former med *-a* og *-an*. Ho seier t.d. *bønda*, *gutta* og *unga* i staden for *bøndan*, *guttan* og *ungan* – og ho seier *fagan* i staden for *faga*. Ina har berre ein førekomst av standardvarianten med *-ene,* i ordet *menneskene*. Det *kan* likevel vere at ho bruker denne forma som "effekt" i eit sitat. Dermed er det tvilsamt om dette i det heile burde telje som belegg.

Kåre har ein del førekomstar av den regionale forma. Alle tilfella gjeld ordet *sted,* som vi kommenterte ovafor. Han seier altså *stedan*, men ved eitt tilfelle seier han også *stedene*. Det kan dermed sjå ut til at det er noko variasjon med omsyn til bruken av dette ordet. Kåre varierer også mykje ved andre språklege variablar, og er saman med Laila den som har det mest nivellerte talemålet av alle tynsetinformantane. Laila bruker påfallande

[155] Talet på belegg hos dei vaksne varierer mellom 7 og 24 per informant (jf. vedlegg 8.8.6). Blant dei unge varierer talet på belegg mellom 1 og 20 per informant (jf. vedlegg 8.8.6). Varg har berre eitt belegg, Hans har to og Ane og Bo har tre belegg kvar ved denne variabelen. Vi lyt rimelegvis vere varsame med å leggje for mykje i variantfordelinga hos desse fire informantane.

nok berre den tradisjonelle varianten ved dette trekket. Ho er dessutan den av dei unge informantane som har flest belegg her (jf. vedlegg 8.8.6).



Figur 8.8.5 Bestemt form fleirtal av substantiv hos unge på Tynset, (L3) *-an/-n/-a* (M) *-a*, (R2) *-an* og (S2) *-ene*

Trass i at talet på belegg er noko avgrensa for fleire av informantane ved denne variabelen, kan vi likevel konkludere med at dette ser ut til å vere ein av dei få språklege variablane som held godt på den tradisjonelle forma på Tynset. Hos enkelte informantar er bestemt form fleirtal av substantiv omtrent det einaste ein kan halde seg til for å heimfeste vedkomande. Eitt innslag av *-an* fortel med ein gong at dette ikkje er ein ungdom frå Oslos austkant – noko ein kanskje elles ville ha tippa på ut frå bruken av trykk på førstestaving, *dem* i staden for *de*, men altså elles få lokale trekk.

Dersom vi ser på den gruppevise variantfordelinga ved denne variabelen, går det fram at rånarane berre bruker endinga *-an* – oftast i samsvar med den lokale tradisjonen, men også i ord som ikkje har hatt denne endinga tradisjonelt (dvs. R2). Dei to andre gruppene har begge små innslag av den regionale varianten, standardvarianten og mellom-varianten, men dei tradisjonelle variantane førekjem i over 80 % av tilfella i begge gruppene (jf. vedlegg 8.8.7).

8.8.4 Oppsummering av variabelen BFPL

Som vi har sett, held den tradisjonelle uttalen seg svært godt ved dette trekket både på Røros og Tynset. Den mest vanlege endinga i bestemt form fleirtal er som sagt *-an*. Denne

forma dukkar også opp i nokre få tilfelle der ho ikkje finst tradisjonelt i nominativ. Det er likevel såpass få tilfelle det her er snakk om, at ein knappast kan konkludere med at *-an*-endinga er på frammarsj, slik ein meiner at ho er t.d. i Trondheim (jf. Dalen 1990b:207). Nominativsendinga *-an* har erstatta dativendingane *-om* på Røros og *-öm* på Tynset, men det er snarare fordi dativen meir generelt har forsvunne enn fordi *-an*-endinga er ekspansiv. Men det er i alle fall heilt sikkert at standardforma *-ene* slett ikkje har vunne noko innpass korkje på Røros eller Tynset.

8.9 Ubestemt form fleirtal av substantiv: UFPL

Denne variabelen gjeld berre for rørosmålet, og er eitt av dei få trekka som tradisjonelt skil måla i Nord-Østerdalen frå dialektane i Sør-Trøndelag (jf. kap. 6, pkt. 6.1.9). I det tradisjonelle rørosmålet endar dei aller fleste substantiv på *-a* i ubestemt form fleirtal, medan dei endar på *-er* i tynsetmålet. Vi finn dei same unntaka for *-a* i ubestemt form som for *-an*-ending i bestemt form. Nokre utjamningssubstantiv vil også kunne ende på andre vokalar enn *-a*. Her vil det vere interessant å sjå på om *-a/-Ø* og *utjamnings*endingane held seg på Røros, eller om ending på *-er* er på veg inn. Det vil også vere interessant å sjå om *-a*-endinga spreier seg til former som tradisjonelt har hatt *-Ø* eller utjamning (t.d. *føt* > *fota*, *vukku(a)* > *uka*). I trondheimsmålet er tendensen at *-a*-endinga tek over til fordel for den tradisjonelle *-e*-endinga (jf. Dalen 1990b:207).

8.9.1 Variasjon i forhold til alder, Røros[156]

Av tabell 8.9.1 og figur 8.9.1 nedafor går det fram at dei tradisjonelle endingane i ubestemt form fleirtal av substantiv held seg etter måten godt både hos unge og vaksne på Røros. Hos dei vaksne finn vi nokre få førekomstar av standardvarianten *-er*, men i all hovudsak er det dei tradisjonelle formene som blir brukte ved denne variabelen.


Hos dei unge informantane finn vi noko meir variasjon, men også her dominerer dei tradisjonelle bøyingsendingane. Vi har nokre få døme på at *-a*-endinga spreier seg til ord som ikkje har hatt denne endinga tradisjonelt – det gjeld ordformene *uka* i staden for *vukku(a)* og *ganga* i staden for *gong*. Det vil seie at *-a*-endinga kjem inn ved ordformer som tradisjonelt har hatt utjamningsform eller nullending. Vi finn også nokre døme på at

[156] For oversyn over kva for ord som er rekna som belegg og variantfordelinga deira, sjå vedlegg 8.9.1.

endinga blir avhogd der ho opphavleg skulle vore *-a*. Desse førekomstane har vorte koda som mellomformer. Dette gjeld utelukkande ordet *stykker* – der *stykk* kjem inn i staden for *stykka*. Av i alt 13 belegg på dette ordet har 7 den lokale forma i ubestemt form fleirtal *stykka*, 5 har avhogd ending *stykk* og ein har standardforma *stykker* (jf. vedlegg 8.9.1). Det er særleg nokre informantar som varierer uttalen av dette ordet (jf. pkt. 8.9.2 nedafor).

Tabell 8.9.1 Ubestemt form fleirtal av substantiv etter alder, Røros, (L3) *-a*/*-Ø*/utjamning, (M) *-Ø*, (R2) *-a* og (S2) *-er*

Kode	L3	M	R2	S2	Totalt
Unge	(356) 86.2 %	(5) 1.2 %	(7) 1.7 %	(45) 10.9 %	**413**
Vaksne	(144) 94.1 %	0	0	(9) 5.9 %	**153**
Totalt					**566**




Figur 8.9.1 Ubestemt form fleirtal av substantiv etter alder, Røros, (L3) *-a*/*-Ø*/utjamning, (M) *-Ø*, (R2) *-a* og (S2) *-er*

8.9.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros


Slik det går fram av figur 8.9.2 nedafor, bruker dei vaksne rørosinformantane så å seie berre dei tradisjonelle variantane ved dette språktrekket. Ragnar og Tom har nokre få innslag av standardvarianten med *-er*-ending, men dei tradisjonelle variantane dominerer også hos dei.[157]

[157] Talet på belegg blant dei vaksne varierer mellom 4 og 48 per informant (jf. vedlegg 8.9.2). Anna har berre fire belegg, medan Tom har heile 48. Dette kan sjølvsagt skape ein viss ubalanse i materialet. Talet på belegg blant dei unge varierer mellom 3 og 46 per informant. Hogne har berre tre førekomstar ved denne variabelen (jf. vedlegg 8.9.2). Resten av informantane har frå 11 belegg og oppover.

Dei unge informantane bruker også i hovudsak dei tradisjonelle formene ved dette språktrekket, men her finn vi noko større variasjon (jf. fig. 8.9.3 nedafor). Vi finn blant anna ein del innslag av den regionale varianten, dvs. bruk av *-a*-ending der ein opphavleg har hatt nullending eller ei utjamningsform. Vi finn t.d. nokre få førekomstar av *-a*-ending ved ordet *ganger*. Tradisjonelt har ein apokope i ubestemt form fleirtal av dette substantivet: fleire *gong*. Fire av i alt 32 førekomstar av dette substantivet førekjem med *-a*-ending (jf. vedlegg 8.9.1). Vi finn også nokre førekomstar *a*-ending ved ordet *uke*. Den tradisjonelle forma her er *vukku(a)* – altså med ending på *-u*, eller *-ua*. Den nye forma som har kome inn er *uka* – dvs. utan utjamning og berre med *-a*-ending. Ein av bus-gutane, Tore, har særleg mange førekomstar av den regionale varianten. Standardvarianten, som vi også finn ein del av hos dei unge informantane, førekjem særleg hyppig hos dei tre jentene; Iris, Linn og Ailin. Hos Iris ender nesten tre femtedelar av dei 37 førekomstane ho har av dette språktrekket, på *-er* (jf. fig. 8.9.3 og vedlegg 8.9.2).




Figur 8.9.2 Ubestemt form fleirtal av substantiv hos vaksne på Røros, (L3) *-a/-Ø*/utjamning, (M) *-Ø*, (R2) *-a* og (S2) *-er*



Figur 8.9.3 Ubestemt form fleirtal av substantiv hos unge på Røros, (L3) *-a/-Ø*/utjamning, (M) *-Ø*, (R2) *-a* og (S2) *-er*

Av figur 8.9.4 nedafor ser vi at mellomgruppa skule/kultur er den som har færrast lokale variantar ved dette språktrekket. Men også i denne ungdomsgruppa dominerer dei tradisjonelle uttalevariantane. Det at denne gruppa har såpass mange innslag av standard-varianten, kjem først og fremst av at Iris høyrer heime i denne gruppa.



Figur 8.9.4 Ubestemt form fleirtal av substantiv etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) *-a/-Ø*/utjamning, (M) *-Ø*, (R2) *-a* og (S2) *-er*

Bus-gjengen har stort sett berre dei lokale bøyingsendingane her, men dei har også eit lite innslag av mellomvarianten, dvs. apokope i staden for *-a*-ending. Dei to andre ungdoms-gruppene har begge rundt 90 % lokale former. Den resterande ti prosenten er fordelt på den regionale varianten og standardvarianten for skule/idrett-gjengen, og desse to variantane pluss mellomvarianten for soss/skatar-gjengen. Denne sistnemnde gruppa merker seg med andre ord ikkje spesielt ut ved denne variabelen, slik ho gjer ved mange av dei andre språklege variablane. Nå det gjeld dei andre sosiale dimensjonane, viser det seg at både

foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn og kulturell orientering har ein viss innverknad på bruken av dette trekket (jf. vedlegg 8.9.3). Lokalt orientert ungdom med ikkje-akademisk bakgrunn og begge foreldre frå Røros, har relativt sett flest tradisjonelle bøyingsendingar ved dette trekket. Forskjellane er vel å merke ikkje store. Også urbant orientert ungdom med akademisk bakgrunn bruker stort sett dei tradisjonelle variantane ved dette språktrekket. Kjønn ser likevel ut til å spele ei noko større rolle her – særleg når det gjeld bruken av standardforma *-er* (jf. vedlegg 8.9.3). Tre av jentene, Ailin, Linn og Iris, har alle eit relativt høgt innslag av standardvarianten ved dette språktrekket (høvesvis 20, 25 og 60 prosent jf. fig. 8.9.3 ovafor).

8.9.3 Oppsummering av variabelen UFPL

Som vi har sett ovafor, er bøyingsendinga i ubestemt form fleirtal av substantiv eit ganske stabilt språktrekk både i dei unge og dei vaksne sitt talemål på Røros. Dette harmonerer bra med det resultatet vi fann når det gjeld bøyingsendinga i bestemt form fleirtal (jf. pkt. 8.8).

Vi har sett ein svak tendens til analogisk spreiing av *-a*-ending til former som opphavleg har hatt anten apokope eller ei utjamningsform i ubestemt form fleirtal. Det er likevel såpass få tilfelle det er snakk om at ein knappast kan konkludere med at *-a*-endinga er på frammarsj, slik ein meiner at ho er t.d. i Trondheim (jf. Dalen 1990b:207). Dei fleste av dei nivellerte formene er dessutan ikkje regionale. Standardforma med bøyingsending på *-er* er den som førekjem hyppigast både blant dei vaksne og dei unge røros-informantane. Innslag av standardformer er likevel ikkje noko generelt trekk hos informantane, men snarare noko som dukkar opp hos nokre få enkeltinformantar – særleg hos jentene.

8.10 Presens sterke verb og *ja*-verb: PRES.ST

Både rørosmålet og tynsetmålet har tradisjonelt kortformer i presens av sterke verb. Der det er aktuelt, har desse korte presensformene også omlyd, t.d. *kjæm*, *grev*, *søv*. Gruppa svake *ja*-verb har normalt hatt same utvikling som dei sterke verba, slik at variabelen omfattar begge desse verbtypane (jf. kap. 6, pkt. 6.1.10). Her vil det vere interessant å sjå på om kortformene held seg, eller om det er i ferd med å skje ein generell overgang frå kort- til langformer. Det vil i tillegg vere interessant å sjå på om dei omlydde kortformene er meir utsette for nivellering enn dei andre kortformene.

8.10.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset[158]

Som vi ser av tabell 8.10.1 og figur 8.10.1 nedafor, held kortformene i presens av sterke verb og *ja*-verb seg svært godt både blant vaksne og unge på Røros. Trekket held seg også svært godt hos dei vaksne på Tynset, men er noko mindre resistent hos tynsetungdomen (jf. tab. 8.10.2). På Røros finn vi ein del former som korkje fell inn under kategorien tradisjonell variant eller standardvariant. Desse mellomvariantane gjeld først og fremst verbet *sier* som tradisjonelt har forma *sei* i presens, men som hos nokre informantar får forma *si* (jf. vedlegg 8.10.1).[159] Dei andre verbformene som har vorte koda som mellomformer, er slike som har fått inn schwa i presens slik at det heiter t.d. *hive*, *treffe*, *renne* og *hølle* i staden for *hiv*, *treff*, *renn* og *høll*. Det betyr at dei opphavleg einstava presensformene blir tostava, men dei følgjer likevel ikkje standardforma med *-er*-ending. Desse mellomformene finn vi berre på Røros, ikkje på Tynset.


Tabell 8.10.1 Presens av sterke verb etter alder, Røros, (L3) kortform, (M) si/*-e*- ending og (S2) langform med *-er*-ending

Kode	L3	M	S2	Totalt
Unge	(281) 91.8 %	(24) 7.9 %	(1) 0.3 %	**306**
Vaksne	(235) 99.2 %	(2) 0.8 %	0	**237**
Totalt				**543**

[158] For oversyn over kva for ord som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.10.1 for Røros og 8.10.2 for Tynset.
[159] Verbet å *seie* (norr. *segja*) er streng teke ikkje eit *ja*-verb, men eit *e*-verb. Eg har likevel teke med dette verbet her fordi det tilnærma oppfører seg som eit *ja*-verb (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.10).

Tabell 8.10.2 Presens av sterke verb etter alder, Tynset, (L3) kortform, (M) si/-*e*- ending og (S2) langform med -*er*-ending

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(189) 71.9 %	(74) 28.1 %	**263**
Vaksne	(77) 97.5 %	(2) 2.5 %	**79**
Totalt			**342**




Figur 8.10.1 Presens av sterke verb etter stad og alder, (L3) kortform, (M) si/-*e*- ending og (S2) langform med -*er*-ending

Både omlydde og ikkje-omlydde verb held godt på den einstava bøyinga på Røros. Det ordet som blir nivellert oftast, er verbet å *seie,* der mellomforma *si* kjem inn i staden for den lokale forma *sei*. Heller ikkje på Tynset ser det ut til at omlydde former blir nivellerte oftare enn ikkje-omlydde former. Blant dei tradisjonelle omlydsformene har verbet å *kome* høgast frekvens blant tynsetinformantane. Samanlikna med dei andre omlydde verba førekjem å *kome* relativt sett ofte med standardforma *kommer*, men den lokale forma *kjæm* dominerer likevel også på Tynset (jf. vedlegg 8.10.2). Å *seie* er eit anna frekvent verb som blir nivellert relativt hyppig på Tynset. Nesten 30 % av førekomstane av dette verbet har standardforma *sier* i staden for den lokale forma *sei*. Som vi har sett, er denne variabelen relativt resistent både på Røros og Tynset, og det er altså ingen tendens til ein generell overgang frå kortformer til langformer i presens av sterke verb og *ja*-verb.

8.10.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros


Dei vaksne rørosinformantane har så å seie berre førekomstar av dei tradisjonelle einstava formene ved denne variabelen. Berre to av informantane, Gunn og Tom, har nokre få innslag av mellomvarianten (jf. fig. 8.10.2 nedafor). Hos dei unge rørosinformantane finn

vi noko meir variasjon, men også her er bruken av den tradisjonelle varianten temmeleg stabil. Dei andre variantane vi finn innslag av, er først og fremst mellomformer og ikkje standardformer (jf. fig. 8.10.3 nedafor). Det er faktisk berre *ein* informant, Iris, som har *ein* førekomst av den tostava standardforma.[160]



Figur 8.10.2 Presens av sterke verb hos vaksne på Røros, (L3) kortform og (M) si/-*e*-ending

Dersom vi ser på den gruppevise fordelinga, går det fram at busen utelukkande bruker den tradisjonelle varianten ved dette språktrekket. Også i dei andre ungdomsgruppene dominerer bruken av dei einstava sterke presensformene, men i dei to gruppene skule/ kultur og soss/skatar er det også nokre førekomstar av mellomformene (jf. vedlegg 8.10.5).




Figur 8.10.3 Presens av sterke verb hos unge på Røros, (L3) kortform, (M) si/-*e*-ending og (S2) langform med -*er*-ending


[160] Iris bruker forma *sier* ein gong i staden for den lokale forma *sei* el. mellomforma *si*. Talet på belegg varierer svært mykje (jf. vedlegg 8.10.4), t.d. har Trym berre fire belegg, medan Eli har heile 76 belegg. Dei fleste informantane har likevel rundt 20-30 belegg kvar.

8.10.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset

Dei vaksne informantane på Tynset held seg også stort sett til dei einstava presensformene. Njål og Oskar har likevel ein førekomst kvar av den tostava standardforma med *-er*-ending (jf. fig. 8.10.4 nedafor og vedlegg 8.10.5). Sju av dei tolv unge informantane bruker også utelukkande den lokale forma ved dette språktrekket (jf. fig. 8.10.5 nedafor). Ina og Ola har nokre innslag av standardforma, men dei har begge rundt 80 % av den tradisjonelle varianten. Arne har 50/50-fordeling av den lokale forma og standardforma, medan Kåre og Laila har 80 % eller meir av standardforma.




Figur 8.10.4 Presens av sterke verb hos vaksne på Tynset, (L3) kortform og (S2) langform *-er*-ending



Figur 8.10.5 Presens av sterke verb hos unge på Tynset, (L3) kortform og (S2) langform med *-er*-ending

Dersom vi ser på den gruppevise fordelinga blant tynsetungdomen, avteiknar det seg eit svært tydeleg mønster. Rånarane bruker berre den tradisjonelle forma, i skule/idretts-

gruppa finn vi nokre få førekomstar av standardforma, mens i soss/skatar-gruppa dominerer standardforma (jf. fig. 8.10.6).



Figur 8.10.6 Presens av sterke verb etter gruppetilhørsle, Tynset, (L3) kortform og (S2) langform med *-er*-ending

Også andre sosiale dimensjonar slår tydeleg ut ved denne variabelen. Det gjeld særleg sosiokulturell orientering, framtidsplanar og haldningar til Tynset og tynsetdialekten (jf. vedlegg 8.10.6 og 8.10.7). Sosial bakgrunn og sentrum/utkant har også ein viss innverknad, men slår ikkje så tydeleg ut som dei førnemnde. Lokalt orienterte ungdomar som er positivt innstilte til Tynset og til tynsetdialekten, bruker utelukkande einstava presens-former ved sterke verb og svake *ja*-verb. Den lokale varianten er også klart dominerande hos dei som har ein ikkje-akademisk bakgrunn, som bur i utkanten av kommunen og som kunne tenkje seg å busette seg på Tynset.

8.10.4 Oppsummering av variabelen PRES.ST

Som vi har sett, er kortformene i presens av sterke verb og i svake *ja*-verb relativt resistente både på Røros og Tynset. Dei unge på Tynset varierer rett nok noko meir mellom kortformer og langformer enn rørosungdomen, men også hos tynsetungdomen dominerer den lokale varianten hos dei fleste. Dei ungdomane som bruker den nivellerte forma ved dette trekket, er først og fremst urbant orienterte soss/skatar-ungdomar som er negativt innstilte til tynsetdialekten.

8.11 Presens svake verb: PRES.SV

På line med dei alle fleste dialektar i landet har både rørosmålet og tynsetmålet tradisjonelt bortfall av trykklett endings *-r* i tostava presens av svake a- og e-verb (jf. kap. 6, pkt. 6.1.11). Grensene for *-r*-bortfall i presens av svake verb følgjer stort sett grensene for *-r*-bortfall i ubestemt form fleirtal av substantiv, men tynsetmålet har vel å merke *ikkje -r*-bortfall i ubestemt form fleirtal av substantiv (jf. pkt. 8.9). Her er det interessant å sjå nærare på om utlyds-*r* i presens av svake verb er på veg inn i røros- og tynsetmålet og slik nærmar seg standardforma, eller om den tradisjonelle uttalen utan *-r* held seg.

8.11.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset[161]

Som vi ser av tabell 8.11.1 og figur 8.11.1 nedafor, er den tradisjonelle uttalen utan endings-*r* i svake a- og e-verb svært stabil på Røros. Både dei vaksne og dei unge bruker så å seie utelukkande den lokale varianten ved denne variabelen. På Tynset er situasjonen litt annleis. Dei vaksne held seg stort sett til den tradisjonelle uttalen, men hos ungdomen finn vi ein god del variasjon. Over ein fjerdedel av alle belegga hos tynsetungdomen har utlyds-*r* i tostava presens av svake verb (jf. tab. 8.11.2 og fig. 8.11.1).


Tabell 8.11.1 Presens av svake verb etter alder, Røros, (L3) *-r*-bortfall og (S2) ståande *-r*

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(609) 99.7 %	(2) 0.3 %	**611**
Vaksne	(279) 100 %		**279**
Totalt			**890**

Tabell 8.11.2 Presens av svake verb etter alder, Tynset, (L3) *-r*-bortfall og (S2) ståande *-r*

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(297) 73.3 %	(108) 26.7 %	**405**
Vaksne	(123) 97.6 %	(3) 2.4 %	**126**
Totalt			**531**

[161] For oversyn over kva for ord som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.11.1 for Røros og 8.11.2 for Tynset.



Figur 8.11.1 Presens av svake verb etter stad og alder, (L3) *-r*-bortfall og (S2) ståande *-r*


8.11.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros og Tynset

Som vi såg ovafor, bruker både vaksne og unge på Røros så å seie utelukkande den lokale varianten av dette språktrekket. Det er faktisk berre ein av informantane, Iris, som har eit par innslag av standardvarianten med utlyds-*r* (jf. vedlegg 8.11.3). Også ved fleire andre variablar er Iris den av rørosinformantane som har flest nivellerte uttalevariantar. Ved denne variabelen held ho seg rett nok for det meste til den tradisjonelle uttalen, men det er symptomatisk at det nett er Iris som har eksempel på standarduttale ved eit så resistent språktrekk som *-r*-bortfall i tostava presens av svake verb.[162]


På Tynset finn vi langt større variasjon enn på Røros ved dette trekket. Dei vaksne informantane bruker stort sett den lokale varianten, men både Ask, Njål og Oskar har eitt belegg kvar på standardvarianten med utlyds-*r* (jf. vedlegg 8.11.4 og 8.11.5). Hos tynset-ungdomen finn vi langt større variasjon. Det er faktisk berre to av ungdomane, Varg og Ane, som utelukkande bruker den tradisjonelle varianten ved dette språktrekket. Både Varg og Ane går på yrkesfagleg studieretning, dei er lokalt orienterte og kunne tenkje seg å busette seg på Tynset. Ane er i tillegg frå ein gard i utkanten av kommunen. Resten av dei unge har større eller mindre innslag av standardvarianten med utlyds-*r* (jf. vedlegg 8.11.4 og fig. 8.11.2 nedafor). Men det er likevel berre to av informantane, Kåre og Ola, som har 50 % eller meir av standardvarianten. Ni av dei tolv ungdomane har over 70 % av den

[162] Blant rørosinformantane varierer talet på belegg mellom 11 og 61 per informant (jf. vedlegg 8.11.3), og blant tynsetinformantane mellom 13 og 48 per informant (jf. vedlegg 8.11.4).

tradisjonelle varianten. Det betyr at *r*-bortfall i tostava presens av svake verb er eit ganske stabilt språktrekk blant fleirtalet av ungdomane.



Figur 8.11.2 Presens av svake verb hos unge på Tynset, (L3) -*r*-bortfall og (S2) ståande –*r*



Figur 8.11.3 Presens av svake verb etter gruppetilhørsle, Tynset, (L3) -*r*-bortfall og (S2) ståande -*r*

Dersom vi ser på den gruppevise variantfordelinga av dette trekket, viser det seg at rånarane held mest på den tradisjonelle uttalen og følgjeleg har færrast innslag av standardvarianten, medan soss/skatar-gruppa har flest innslag av standardvarianten (jf. fig. 8.11.3 ovafor). Rundt 35 % av belegga hos denne gruppa førekjem med utlyds-*r*.

Dersom vi ser på dei andre sosiale dimensjonane, går det fram av korkje foreldre-bakgrunn eller kvar ein bur i kommunen, ser ut til å ha stort å seie for variantfordelinga ved denne variabelen. Derimot har både sosial bakgrunn, sosiokulturell orientering og framtids-planar klar innverknad på bruken av dette trekket (jf. vedlegg 8.11.6). Lokalt orienterte

ungdomar på yrkesfagleg studieretning, som har ein ikkje-akademisk bakgrunn og som gjerne vil bli på Tynset, bruker desidert mest av den lokale varianten. Medan urbant orienterte ungdomar på allmennfagleg studieretning, som kjem frå ein akademisk familie og som ser for seg at dei skal flytte frå Tynset, har flest nivellerte variantar av dette trekket. Det er likevel viktig å leggje merke til at den lokale uttalen dominerer i alle sosiale grupper og kategoriar (jf. vedlegg 8.11.6 og fig. 8.11.3 ovafor).

8.11.3 Oppsummering av variabelen PRES.SV

Som vi har sett ovafor, er bortfall av utlyds-*r* i tostava presens av svake verb eit språktrekk som held seg svært godt på Røros, men som er noko mindre resistent på Tynset. Den lokale uttalen dominerer likevel også hos dei fleste ungdomane på Tynset. Berre to av tynsetungdomane har like mange eller fleire belegg av standardvarianten som av den tradisjonelle varianten. Dette er såleis ikkje eit trekk som ser ut til å bli erstatta av standardvarianten med det første. Lokalt orienterte rånarar med ikkje-akademisk bakgrunn og som gjerne vil busette seg på Tynset, er dei som held mest på den tradisjonelle varianten, men den lokale uttalen dominerer også i alle dei andre sosiale gruppene og kategoriane.

8.12 Supinum av sterke verb: SUP

Rørosmålet og tynsetmålet har tradisjonelt tostava sterke supinumsformer med *-e*-ending (*dreve*, *såve*). Det har også dialektane i store deler av Trøndelag inkludert Trondheim, i Østerdalen og på Sør- og Vestlandet (jf. kap. 6, pkt. 6.1.12). Det folkelege oslomålet har *-i*-ending, medan standardtalemålet har *-et*-ending i tostava sterke supinumsformer (*drevet*, *såvet*) eller einstava svake partisippformer *-t/-tt* (*vært*, *gitt*, *tatt*).

Verba *gå*, *få*, *stå, sjå, gi* og *be* har lenge hatt einstava svak supinumsbøying også på Røros og Tynset, og er såleis ikkje tekne med som belegg her. Verba *slå*, *ta*, *gli* og *svi* vekslar derimot mellom tostava og einstava former, og er dermed tekne med (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.12). Her vil det vere interessant å sjå om rørosmålet og tynsetmålet held på dei tostava sterke supinumsformene med *-e*-ending, eller om dei har gått over til *-et*-ending eventuelt til einstava svake former.

8.12.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset[163]

Som vi ser av tabell 8.12.1 og 8.12.2 og figur 8.12.1 nedafor, held dei tostava sterke supinumsformene seg etter måten godt på Røros, medan det same ikkje kan seiast å vere tilfelle på Tynset. Dei vaksne på Røros bruker så å seie berre dei tradisjonelle formene, men har òg nokre innslag av kortformene *blitt*, *dratt*, *slått* og *tatt*. Vi finn ingen belegg på tostava standardformer med *-et* hos dei vaksne rørosinformantane (jf. vedlegg 8.12.1). Det gjer vi heller ikkje hos dei unge rørosinformantane. Også i denne gruppa er det kortformer med *-t*/*-tt* som erstattar dei opphavlege tostava supinumsformene med *-e*, men vel å merke ikkje i staden for *-et*-ending. Dei formene som blir nivellerte, er altså dei som har einstava svake supinumsformer som einaste moglege alternativ (med unntak av *treft* sjå nedafor).

Hos dei unge på Røros finn vi ein god del innslag av forma *vært* istf. *vørre*: 29 av i alt 125 belegg har forma *vært* (jf. vedlegg 8.12.2). Den lokale forma *vørre* dominerer altså framleis hos rørosungdomen. Elles finn vi også kortformene *blitt*, *lest*, *tatt* og *vokst*. Kortforma *blitt* er ei innlånt form som i nokre tilfelle erstattar den lokale forma *vørte*. Den tradisjonelle forma *vørte* er likevel framleis klart mest frekvent både hos dei vaksne og dei unge på Røros.

I tillegg til kortformer som er samanfallande med dei tilsvarande standardformene, finn vi også døme på ei noko meir uvanleg kortform som her har hamna i kategorien mellomform. Det gjeld verbet *treffe*, som har supinumsforma *truffe* lokalt og forma *truffet* i standardtalemålet, men som her opptrer med kortforma *treft.* Som nemnt er det ikkje uvanleg at svake former kjem inn i perfektum partisipp av sterke verb. Dette verbet følgjer såleis eit svært vanleg mønster. Verba held på vanleg sterk bøying, men supinumsforma blir einstava og får altså svak bøying. Men nett denne forma, *treft*, er ikkje vanleg – enno – i standardtalemålet.

Som vi var inne på ovafor, finn vi berre førekomstar av svake einstava standard-former hos rørosungdomane, og ikkje sterke tostava standardformer med *-et*-ending. Overgang til *-et*-ending vil nok for dei fleste rørosingar kjennest som eit "for stort sprang". Denne forma blir hovudsakleg brukt i standardtalemålet, og blir nok i sterk grad assosiert med det "pene oslomålet". Dei svake einstava supinumsformene er derimot svært vanlege i store delar av landet, og er former som er på frammarsj mange plassar i landet. Slike svake former er mest utbreidde på Austlandet og elles i mange bymål, men dei spreier seg også

[163] For oversyn over kva for ord som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.12.1 og 8.12.2 for Røros og 8.12.3 og 8.12.4 for Tynset.

på Vestlandet, i Nord-Noreg og i Trøndelag (jf. Skjekkeland 1997:177, Røyneland 1994:202). I Sør-Noreg endar desse formene til vanleg på *-tt*, men i Nord-Noreg og dessutan i Trondheim vil dei, ifølgje Skjekkeland (loc. cit.), oftast ende på *-dd*: *gådd*, *tadd*. På Røros har eg ikkje funne nokon døme på svake partisippformer på *-dd*. Både hos dei unge og dei vaksne endar dei svake formene på *-tt*. Det ser med andre ord ut til at det er den søraustnorske forma som spreier seg, og ikkje den nordnorske eller trøndske.

Tabell 8.12.1 Supinumsformer etter alder, Røros, (L3) sterk bøying med *-e*, (M) svak bøying med *-t*og (S2) sterk bøying *-et* el. svak bøying *-t*/*-tt*


Kode	L3	M	S2	Totalt
Unge	(140) 76.9 %	(2) 1.1 %	(40) 22 %	**182**
Vaksne	(100) 93.5 %	(1) 0.9 %	(6) 5.6 %	**107**
Totalt				**289**

Tabell 8.12.2 Supinumsformer etter alder, Tynset, (L3) sterk bøying med *-e*, (M) svak bøying med *-t* og (S2) sterk bøying *-et* el. svak bøying *-t*/*-tt*

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(21) 22.6 %	(72) 77.4 %	**93**
Vaksne	(26) 70.3 %	(11) 29.7 %	**37**
Totalt			**130**

På Tynset ser det ut til at dei sterke supinumsformene med *-e* er mykje mindre resistente enn på Røros. Dei vaksne på Tynset har færre lokale former enn dei unge på Røros, og dei unge på Tynset har under ein fjerdedel tradisjonelle former ved dette språktrekket (jf. tab. 8.12.1 ovafor og fig. 8.12 1 nedafor). Det ser med andre ord ut til at Tynset, også ved dette språktrekket, ligg ein generasjon framfor Røros i endringshastigheit. Talet på belegg hos dei vaksne på Tynset er vel å merke svært avgrensa, så ein lyt vere varsam med å trekkje for bastante konklusjonar. Også blant dei vaksne på Tynset er det kortformer med *-t*/*-tt* som tek over for dei opphavlege formene. Vi finn former som *blitt*, *slått* og *vært*, men *vørte* er meir frekvent enn *blitt* og *vørre* noko meir frekvent enn *vært* (jf. vedlegg 8.12.3).

Hos ungdomen ser den innlånte kortfoma *blitt* i større grad ut til å erstatte den lokale forma *vørte*, og standardforma *vært* dominerer heilt klart framfor den tradisjonelle forma *vørre* (jf. vedlegg 8.12.4). Hos dei unge tynsetinformantane finn vi også nokre få førekomstar av standardforma med *-et*; *kommet*, men i hovudsak blir dei sterke supinumsformene med *-e* erstatta med svake kortformer. Det vil seie at det primært er dei verba som har ei svak kortform som alternativ, som blir nivellerte. Ved sida av *vært* og *blitt* finn vi også formene *slått* og *vokst*.




Figur 8.12.1 Supinum av sterke verb etter stad og alder, (L3) sterk bøying med *-e*, (M) svak bøying med *-t* og (S2) sterk bøying *-et* el. svak bøying *-t*/*-tt*


8.12.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Som vi ser av figur 8.12.2 nedafor, held dei vaksne på Røros seg stort sett til dei tostava sterke supinumsformene med *-e*-ending.[164] Blant rørosungdomen finn vi noko meir variasjon, både inter- og intraindividuelt, men også her er dei sterke supinumsformene relativt resistente (jf. fig. 8.12.3 nedafor). Åtte av dei femten ungdomane bruker *berre* den lokale varianten ved dette språktrekket. Hos ytterlegare tre informantar dominerer den lokale varianten. Det betyr at standardvarianten i hovudsak blir brukt av fire informantar – Sondre, Iris, Truls og Bjørn, men også Magne, Ailin og Linn har eit visst innslag av standardvarianten. Bjørn bruker utelukkande standardvarianten ved dette språktrekket. Også hos Iris, Truls og Sondre dominerer standardvarianten med einstava svake former med ending på *-t*/*-tt*.

[164] Stein, Ragnar og Tom har nokre få innslag kvar av svake kortformer, og Eli har ein førekomst av mellomforma *treft*. Anna har berre fire belegg på dette språktrekket, medan Stein og Tom har heile 26 belegg kvar (jf. vedlegg 8.12.5). Hos ungdomen varierer talet på belegg mellom 2 og 28 per informant. Tore, Hogne og Trym har høvesvis to, tre og fire belegg kvar. Ein lyt derfor ta tala for desse informantane med eit visst atterhald. Hos resten av ungdomane ligg talet på belegg på seks og oppover (jf. vedlegg 8.12.5).




Figur 8.12.2 Supinum av sterke verb hos vaksne på Røros, (L3) sterk bøying med *-e*, (M) svak bøying med *-t* og (S2) svak bøying *-t*/*-tt*



Figur 8.12.3 Supinum av sterke verb hos unge på Røros, (L3) sterk bøying med *-e*, (M) svak bøying med *-t* og (S2) svak bøying *-t*/*-tt*

Dersom vi ser på den gruppevise fordelinga av dette språktrekket, går det fram at busen *berre* bruker den lokale varianten, medan soss/skatar-gjengen har eit relativt stort innslag av standardvariantane (jf. fig. 8.12.4 nedafor). I dei to mellomgruppene dominerer den tradisjonelle varianten, men også hos dei skule- og kulturorienterte ungdomane finn vi eit visst innslag av standardvarianten.



Figur 8.12.4 Supinum av sterke verb etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) sterk bøying med *-e*, (M) svak bøying med *-t* og (S2) svak bøying *-t*/*-tt*


Andre sosiale dimensjonar som ser ut til å ha innverknad på variantfordelinga ved denne variabelen, er først og fremst foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn og kulturell orientering (jf. vedlegg 8.12.6). Kjønn, bustad i sentrum eller utkanten av kommunen, og kor vidt informantane vil bli eller flytte, gir mindre utslag ved denne variabelen. Her er variant-fordelinga nokså lik. Haldning til Røros og til rørosdialekten ser derimot ut til å vere eit svært viktig korrelat for bruken av dei ulike variantane (jf. vedlegg 8.12.7). Ungdomar som er positivt innstilte til heimstaden og til dialekten, bruker mest utelukkande den tradisjonelle varianten, medan dei som er negativt innstilte til heimstaden og til dialekten, har ei klar overvekt av standardvarianten ved dette språktrekket.

8.12.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset


Blant dei vaksne tynsetinformantane er det berre Alva som utelukkande held seg til den tradisjonelle uttalen av sterke verb i supinum. Dei tre andre informantane har større eller mindre innslag av standardvarianten med *-t*/*-tt*: *blitt*, *slått* og *vært* (jf. fig. 8.12.5 nedafor og vedlegg 8.12.3).[165] Blant dei unge tynsetinformantane er det berre Ane og Varg som utelukkande held seg til sterk bøying med *-e*-ending i supinum av sterke verb. Resten av informantane varierer eller bruker berre standardvariantane ved dette språktrekket (jf. fig.

[165] Njål og Ask har begge flest førekomstar av den lokale varianten, medan Oskar har flest førekomstar av standardvarianten. Talet på belegg varierer mellom 6 og 12 per informant blant dei vaksne på Tynset (jf. vedlegg 8.12.8). Talet på belegg blant dei unge varierer mellom 1 og 19 per informant. Varg og Hans har berre eitt belegg kvar. Resultata for desse to informantane må dermed takast med store atterhald. Her har vi altfor lite materiale å basere oss på. Gunnar har berre tre belegg. Det må dermed ikkje leggjast for mykje i resultata for hans del heller. Resten av informantane har frå seks belegg og oppover.

8.12.6 nedafor). Arne har 50/50-fordeling av dei ulike variantane, mens hos dei andre informantane dominerer standardvariantane.




Figur 8.12.5 Supinum av sterke verb hos vaksne på Tynset, (L3) sterk bøying med *-e* og (S2) svak bøying *-t/-tt*



Figur 8.12.6 Supinum av sterke verb hos unge på Tynset, (L3) sterk bøying med *-e* og (S2) sterk bøying *-et* el. svak bøying *-t/-tt*

Gruppevis er variantfordelinga svært klar blant ungdomen på Tynset. Hos rånarane dominerer den lokale varianten av dette språktrekket knipent over standardvariantane. Hos dei to andre gruppene, derimot, er standardvarianten klart dominerande.



Figur 8.12.7 Supinum av sterke verb etter gruppetilhørsle, Tynset, (L3) sterk bøying med *-e* og (S2) sterk bøying *-et* el. svak bøying *-t*/*-tt*

Andre sosiale variablar som ser ut til å bety noko for bruken av dette trekket, er særleg sosial bakgrunn, kulturell orientering, sentrum/utkant og framtidsplan (jf. vedlegg 8.12.9). Lokalt orientert ungdom med ikkje-akademisk bakgrunn, som bur i utkanten av kommunen og som vil bli på Tynset, er karakteristisk nok dei som bruker flest lokale variantar ved dette språktrekket. Dei urbant orienterte ungdomane, derimot, har faktisk ingen innslag av den tradisjonelle varianten i det heile. Uttrykte haldningar til Tynset ser ikkje ut til å ha så stor innverknad på variantfordelinga (jf. vedlegg 8.12.10). Her er fordelinga temmeleg lik mellom dei som er positivt, nøytralt eller negativt innstilte til Tynset. Uttrykte haldningar til tynsetdialekten ser derimot ut til å ha ein viss innverknad. Dei som er positive til dialekten, er også dei som har flest lokale variantar av dette språktrekket. Hos dei som er nøytrale eller negative til tynsetdialekten finn vi mest ingen lokale variantar.

8.12.4 Oppsummering av variabelen SUP

Sterke partisippformer med *-e*-ending er relativt resistente på Røros, medan dei ser ut til å vere på veg ut av dei unge sitt talemål på Tynset. Både på Røros og Tynset er det først og fremst lokalt orienterte ungdomar som tilhøyrer bus/rånar-gjengen og som er positivt innstilte til dialekten, som bruker den tradisjonelle varianten av dette trekket. Dei urbant orienterte ungdomane med akademisk bakgrunn og som gjerne høyrer heime i soss/skatar-gruppa er dei som har flest nivellerte former av denne variabelen.

Blant dei nivellerte formene på Røros finn vi utelukkande svake kortformer med *-t*/*-tt*-ending, og ingen døme på sterk bøying med *-et*-ending. Også på Tynset er det i hovudsak sterke verb som kan bytast ut med svake partisippformer med *-t*/*-tt*-ending som

blir nivellerte, men vi finn også nokre få døme på at sterke supinumsformer med -*et*-ending har kome inn. Ei utvikling der svake former kjem inn i perfektum partisipp av sterke verb er svært vanleg mange stader i landet, og er såleis ikkje nødvendigvis eit uttrykk for ei vertikal nivellering, altså påverknad frå standardtalemålet. Sidan dette er ein prosess som går føre seg mange stader, og som dessutan finst i verbbøying generelt – dvs. at sterke verb har ein tendens til å bli bøygd svakt, er dette kanskje vel så gjerne eit uttrykk for ei språkintern utvikling etter analogiprinsippet. Men det eine utelukkar ikkje det andre.

I delar av Trøndelag inkludert Trondheim og i Nord-Noreg får dei svake supinumsformene ofte endinga -*dd*, ikkje -*tt* som lenger sør i landet. Etter regionaliseringshypotesen skulle ein vente at det var desse formene som spreidde seg også på Røros, men det er altså ikkje tilfellet. På Røros fann eg berre innslag av former med -*tt*-ending. Det ser med andre ord ut til at det er den søraustnorske forma som spreier seg, og ikkje den nordnorske eller trøndske.

Innslaga av sterk supinumsbøying med -*et*-ending er på si side rimeleg å tolke som ei eintydig vertikal nivellering mot standardtalemålet. Vi finn likevel svært få døme på sterke partisippformer med -*et*-ending på Tynset. Derimot finn vi massiv overgang frå *vørre* til *vært*. Dette er svært frekvente og markerte former. *Vørre* er ei utprega dialektal form, medan *vært* er ei utprega standardform. Dermed vil bruk av den eine eller andre forma vere med på å gi eit bestemt preg til og forme korleis vi oppfattar eit talemål. Utstrekt bruk av *vært* i staden for *vørre* vil altså kunne gi eit meir standardnært preg, og er såleis døme på ei vertikal nivellering. Bruken av *vørre/vært* hos dei unge på Røros og Tynset er såleis symptomatisk og illustrerande for utviklinga på dei to plassane. På Røros har over 76 % av dei 125 belegga hos dei unge den lokale forma *vørre*, medan berre rundt 12 % av dei 76 belegga hos dei unge på Tynset har den lokale forma (jf. vedlegg 8.12.2 og 8.12.4).

8.13 Personleg pronomen 1. pers. sg. subj. form PERS.1

I rørosdialekten blir første person eintal av det personlege pronomenet tradisjonelt uttalt *je*. Her skil Røros lag med størsteparten av Trøndelag (jf. kap. 6, pkt. 6.1.13). I tynsetmålet er den tradisjonelle forma i første person personleg pronomen ikkje *je*, men *ei* (jf. Reitan 1926:36). Det ser likevel ut til at *je* så å seie fullstendig har teke over som lokal form også på Tynset. Både *je* og *ei* blir dermed rekna som lokale former på Tynset (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.13).

8.13.1 Variasjon i forhold til alder, Røros og Tynset

Som nemnt under presentasjonen av variablane, er første person personleg pronomen ein av dei variablane som potensielt ville kunne avdekkje ei eventuell regional utvikling for Røros sitt vedkomande, fordi vi her har ulike former lokalt, regionalt og i standarden (jf. kap. 6, pkt. 6.1.13). Den tradisjonelle rørosforma *je* held seg likevel svært godt blant dei unge på Røros, med heile 73 % av førekomstane (jf. tab. 8.13.1 nedafor). Berre ein svært liten del av belegga har standardforma *jæi* (4.5 %) og ein tilsvarande del den regionale forma *æ* (5.5 %). Vi observerer altså at dei konkurrerande formene i liten grad ser ut til å fortrenge den lokale varianten, og at fordelinga mellom standardforma og den regionale forma er nokolunde lik. I tillegg førekjem mellomforma, *e*, i rundt 17 % av tilfella. Dersom ein reknar denne forma som ei lokal form, noko som slett ikkje er urimeleg sidan ho oftast ser ut til å dukke opp når pronomenet står trykklett, og dermed kan tolkast som ei slags kortform av *je*, er heile 90 % av førekomstane blant dei unge informantane lokale. Konklusjonen må vere at den tradisjonelle pronomenforma *je/e* er eit svært stabilt trekk på Røros. Hos dei vaksne informantane førekjem korkje den regionale varianten *æ* eller standardvarianten *jæi/jæ*. Det at desse formene i det heile førekjem i rørostalande sitt språk, ser altså ut til å vere eit relativt nytt fenomen (sjølvsagt kan også eldre rørosingar tenkjast å ha desse formene i sitt repertoar, men det finst det altså ingen belegg på det i dette materialet).

Tabell 8.13.1 1. pers. pron. sg. etter alder, Røros, (L3) *je*/*ei,* (M) *e,* (R2) *æ* og (S2) *jæi/jæ*


Kode	L3	M	S2	R1	Totalt
Unge	(404) 73 %	(93) 17 %	(25) 4.5 %	(31) 5.5 %	**553**
Vaksne	(250) 96 %	(11) 4 %	0	0	**261**
Totalt					**814**

På Tynset er situasjonen ganske annleis. Den tradisjonelle tynsetforma var som nemnt *ei,* men denne forma er så å seie ikkje representert i materialet i det heile. Forma førekjem berre nokre få gonger hos to av tynsetinformantane – ein av dei vaksne mennene frå Stasjonsbyen, Oskar, og ei av dei unge jentene frå utkanten av kommunen, Ane. Elles ser forma *je* ut til å ha teke heilt over som lokal form. Alle dei vaksne informantane bruker i hovudsak denne forma, og det er også denne forma som stort sett blir brukt av dei unge, vel å merke i den grad dei bruker ei lokal form. Hovudtendensen blant ungdomen er likevel ein overveldande overgang til standardforma *jæi/jæ*. Som det går fram av tabell 8.13.2 nedafor, har heile 77 % av førekomstane hos dei unge informantane denne forma. Rundt 20 % av belegga har ei av dei lokale formene *je/ei* og 6 % mellomforma *e*. Dersom vi slår dette saman, har om lag ein fjerdedel av belegga ein eller annan lokal variant. Det er temmeleg slåande at ungdomane på Tynset i så stor grad har gått over til å bruke standardforma av denne variabelen. Som vi har vore inne på tidlegare, er første person personleg pronomen eit svært salient og viktig trekk, fordi det er så nært knytt opp mot identitetskjensla hos dei fleste. Det er dette ordet vi bruker for å referere til og snakke om oss sjølve. Fleire studiar av flyttarar viser at dette trekket oftast er blant dei siste ein vil endre på (jf. t.d. Mæhlum 1986, Røyneland 1994). Det er dermed svært markert at så mange av ungdomane har gått over til å bruke standardforma av det personlege pronomenet.

Tabell 8.13.2 1. pers. pron. sg. etter alder, Tynset, (L3) *je*/*ei,* (M) *e,* (R2) *æ* og (S2) *jæi/jæ*

Kode	L3	S2	M	Totalt
Unge	(73) 17 %	(337) 77 %	(28) 6 %	**431**
Vaksne	(121) 76,5 %	(33) 21 %	(4) 2,5 %	**158**
Totalt				**596**


Dersom vi ser på dei samla tala for pronomenbruken på dei to plassane, viser det seg ein temmeleg slåande forskjell mellom Røros og Tynset (jf. fig. 8.13.1 nedafor). Medan dei unge rørosinformantane bruker den lokale forma i over tre fjerdedelar av tilfella, har tynsetungdomane berre lokale former i ein fjerdedel av tilfella. Den tradisjonelle forma *je* er med andre ord svært stabil på Røros, men temmeleg ustabil på Tynset.



Figur 8.13.1 1. pers. pron. sg. etter stad og alder, (L3) *je*/*ei,* (M) *e,* (R2) *æ* og (S2) *jæi/jæ*

8.13.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Det som likevel ikkje går fram av tala i tabellane og figurane ovafor, er graden av inter- og intraindividuell variasjon blant informantane på Røros og Tynset. Sidan dei vaksne informantane på Røros bruker den lokale varianten så å seie gjennomført, er det mest teneleg å sjå nærare på den individuelle variasjonen blant ungdomane her. Av figur 8.13.2 går det fram at den intraindividuelle variasjonen er relativt liten hos dei unge rørosinformantane. Nokre få av informantane står for det meste av variasjonen. Chris, Magne, Sondre, Truls og Bjørn (i hovudsak soss/skatar-gutar) vekslar særleg mykje mellom den lokale forma *je* og mellomforma *e*. Bruk av standardforma *jæi/jæ* finn vi likevel særleg hos ei av jentene, Iris, men også litt hos eit par andre jenter og elles hos Bjørn, ein av skatargutane. Iris er den rørosinformanten som har størst intraindividuell variasjon når det gjeld dette trekket. Ho bruker alle formene – både den lokale, mellomforma, standardforma og den regionale forma. Ein av soss/skatar-gutane, Truls, er likevel den som bruker den regionale forma *æ* aller mest. Han vekslar også ein del mellom den lokale forma og mellomforma. Magne, ein annan av soss/skatar-gutane, bruker mellomforma *e* aller mest. Vi ser med andre ord at ein viss type gutar pluss nokre av jentene er dei som varierer i bruken av dette trekket. Resten av ungdomane held seg til den tradisjonelle uttalen.




Figur 8.13.2 1. pers. pron. sg. hos unge på Røros, (L3) *je,* (M) *e,* (R2) *æ* og (S2) *jæi/jæ*


Sidan bruken av den regionale forma *æ* og standardforma *jæi/jæ* er såpass marginal blant rørosinformantane, er det hos desse først og fremst interessant å sjå nærare på bruken av mellomforma. Dersom vi ser på fordelinga i bruken av den lokale forma og mellomforma blant dei *unge* rørosinformantane, går det fram at ein av informantane, Magne, har ein særleg hyppig bruk av mellomforma. Han uttalar mellomforma som ein tydeleg lang */e:/* også i trykksterk posisjon, noko som tyder på at mellomforma i dette tilfellet ikkje berre er ei kortform av *je* som resultat av hurtig tale eller svak aksentuering, men ei tydeleg kompromissform. Hos resten av dei unge rørosinformantane er det likevel meir uklart om denne *e*-en er ei reell mellomform eller ei kortform.

Figur 8.13.3 nedafor viser fordelinga mellom den lokale forma og mellomforma blant rørosungdomen. Som vi ser, står den lokale forma svært sterkt hos ungdomane. Dei vaksne rørosinformantane bruker mest berre den lokale pronomenforma, og er derfor ikkje tekne med her.

Dersom vi ser på bruken av pronomenformene i dei ulike ungdomsgruppene, går det fram at soss/skatar-gutane relativt sett har flest tilfelle av mellomforma og den regionale forma, medan skule/kultur-gruppa har flest standardformer. Alle gruppene har ei klar overvekt av den lokale forma *je,* men bus-gutane har desidert flest førekomstar av den lokale forma, medan soss/skatar-gutane har færrast (jf. vedlegg 8.13.3 og fig. 8.13.4 nedafor).



Figur 8.13.3 1. pers. pron. sg. – den lokale forma og mellomforma hos dei unge på Røros, (L3) *je* og (M) *e*



Figur 8.13.4 1. pers. pron. sg. etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) *je*, (M) *e*, (R2) *æ* og (S2) *jæi/jæ*


Eit oversyn over fleire av dei sosiale kategoriane viser at både foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn og kulturell orientering gir utslag i forhold til pronomenbruk (jf. vedlegg 8.13.4). Derimot ser ikkje kjønn og sentrum/utkant ut til å slå nemneverdig ut. Framtidsplanar, dvs. om informantane vil bli, flytte eller flytte tilbake, gir heller ikkje store utslag, men dei som vil bli, har likevel klart fleire lokale former enn som vil flytte, anten dei vil attende eller ikkje. Faktisk har dei som kunne tenkje seg å flytte tilbake, færrast lokale former. Dette heng nok mellom anna saman med at Iris plasserer seg i denne kategorien.

Uttrykte haldningar til heimstaden og til den lokale dialekten ser ikkje ut til å vere særskilt viktige sosiale korrelat for pronomenbruken blant rørosungdomane (jf. vedlegg 8.13.5). Alle gruppene har ei klar overvekt av den lokale forma. Det einaste som kunne

vere interessant å merke seg, er at vi finn flest regionale former blant dei som er negativt innstilte til Røros og rørosdialekten. Orienteringa mot Trondheim ser med andre ord ut til å vere sterkast i denne gruppa. Ein annan interessant observasjon er at vi finn flest mellomformer blant dei som stiller seg meir nøytrale til heimstaden og til dialekten.

8.13.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset

På Tynset finn vi vesentleg større variasjon i bruken av det personlege pronomenet enn det vi fann på Røros – også blant dei vaksne informantane. To av dei vaksne, Alva og Njål, bruker så å seie berre den lokale pronomenforma *je*, medan Ask og Oskar begge varierer ein god del (jf. fig. 8.13.5). Oskar har også nokre få innslag av den gamle pronomenforma *ei*.




Figur 8.13.5 1. pers. pron. sg. hos dei vaksne på Tynset, (L3) *ei/je*, (M) *e* og (S2) *jæi/jæ*

Fleire av dei unge tynsetinformantane vekslar mellom *je/e* og *jæi/jæ*, men variasjonen mellom ungdomane er likevel større enn variasjonen hos den enkelte (jf. fig. 8.13.6). To av soss/skatar-gutane, Arne og Kåre, bruker stort sett berre standardforma av pronomenet. Resten av gutane vekslar ein del mellom den lokale forma, mellomforma og standardforma. Bruken av den lokale forma *je* er relativt sett størst blant gutane – og særleg blant rånargutane, Varg og Gunnar. Dei tre stasjonsjentene Laila, Ina og Mia bruker mest berre standardforma av pronomenet. Hos utkantjentene Åsne og Ane, derimot, finn vi ein del veksling mellom dei lokale formene *ei/je* og standardforma *jæi/jæ*. Begge desse jentene er altså frå utkanten av kommunen, og Ane, som har størst innslag av den lokale forma av dei to, er i tillegg svært lokalt orientert. Ho er dessutan den einaste av dei unge informantane på Tynset som har innslag av den opphavlege pronomenforma *ei*. På spørsmål om kva som

er karakteristisk for hennar eigen dialekt, seier Ane i intervjuet (jf. også kap. 10, pkt. 10.2.1.1):


Unn [mm] nei = kva er det som er typisk for din dialekt då?
Ane nei ((LATTER)) je vet ikke = det =
Unn men som du tenker på at =e= det er forskjellig fra sånn som dei snakkar på tynsetbyen liksom
Ane ja je tenker på = =e= pronomenan og sånn da sånn *ei* og = *dekk* og *de* og *me* og [((LATTER))] sånn og så = = = nei je vet ikke je

Som det går fram av figur 8.13.6 nedafor, har likevel dei fleste av tynsetungdomane gått over til å bruke standardforma av pronomenet.




Figur 8.13.6 1. pers. pron. sg. hos dei unge på Tynset, (L3) *ei/je*, (M) *e* og (S2) *jæi/jæ*

Av figur 8.13.7 ser vi at bruken av standardforma av pronomenet blant dei unge tynset-informantane formar ei bratt s-liknande kurve. Informantane bruker, som vi ser, anten standardforma av pronomenet eller så bruker dei i hovudsak den lokale forma. To av informantane har under 10 % standardformer, åtte har over 80 %, medan to har ei nokolunde lik fordeling mellom lokale former og standardforma.



Figur 8.13.7 Standardforma av 1. pers. pron.sg. hos dei unge på Tynset, (S2) *jæi/jæ*

Dersom vi ser på pronomenbruken i ulike ungdomsgrupper på Tynset, går det fram at rånarane er dei som har flest lokale pronomenformer, medan soss/skatar-gjengen mest ikkje har den lokale forma av første person personleg pronomen i det heile (jf. vedlegg 8.13.6 og fig. 8.13.8 nedafor). Variasjonen mellom ulike pronomenformer er størst i rånargjengen. I dei to hine gruppene er bruken av den lokale forma mest heilt borte.



Figur 8.13.8 1. pers. pron. sg. etter gruppetilhørsle, Tynset, (L3) *ei/je*, (M) *e* og (S2) *jæi/jæ*

Andre sosiale kategoriar som ser ut til å tyde noko for bruken av lokale former av det personlege pronomenet, er blant anna kjønn, foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn, kulturell orientering og framtidsplan (jf. vedlegg 8.13.7). Sentrum/utkant ser ut til å ha mindre innverknad. Jentene bruker desidert færrast lokale pronomenformer, medan gutane på yrkesfagleg studieretning bruker flest. Dei som har begge foreldra sina frå tynsetområdet, ikkje akademisk bakgrunn, er lokalt orientert og vil bli på plassen, har flest av dei lokale

formene. Lokal kontra urban orientering ser særleg ut til å vere viktige sosiale dimensjonar i høve til pronomenbruken. Eksplisitt uttrykte haldningar til heimstaden og til dialekten slår også tydeleg ut. Dei som er opent negativt innstilte til heimstaden og til tynsetdialekten, bruker klart fleire standardformer enn dei som er positivt eller nøytralt innstilte (jf. vedlegg 8.13.8)

8.13.4 Oppsummering av variabelen PERS.1

Som vi har sett, er bruken av den lokale forma *je* svært stabil blant dei unge på Røros, medan ho mest har gått heilt ut av bruk hos dei unge på Tynset. Den eldre tynsetforma *ei* førekjem så å seie ikkje i det heile. Også hos dei vaksne på Tynset finn vi ein del variasjon i pronomenbruken. Dette kan tyde på at overgangen frå *ei/je* til *jæi/jæ* ikkje er av heilt ny dato. Gruppetilhørsle, foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn og kulturell orientering ser ut til å vere dei viktigaste sosiale korrelata for val av personlege pronomenformer både på Røros og Tynset. Uttrykte haldningar til heimstaden og den lokale dialekten ser ut til å ha innverknad på pronomenbruken på Tynset, men ikkje i same grad på Røros, i og med at alle gruppene her i hovudsak bruker den lokale pronomenforma. Det er likevel interessant at førekomsten av den regionale forma *æ* er størst blant dei som er negativt innstilte til Røros. For denne gruppa er altså den regionale forma eit meir aktuelt alternativ enn standardforma. På Tynset derimot, bruker dei som er negativt innstilte til Tynset og tynsetdialekten, standardforma i mest 100 % av tilfella. Sjølv om tala er små, kan vi likevel ane ei viss regional trøndersk orientering hos dei minst "patriotiske" rørosungdomane.

8.14 Personleg pronomen 3. person pl. subjektsform: PERS.3

Rørosmålet følgjer resten av målføra i Trøndelag når det gjeld pronomenbruken i tredje person fleirtal, med forma *dæm* både i subjekts- og objektsposisjon. Tynsetmålet følgjer resten av måla i Østerdalen og delar av flatbygdene på Austlandet, og har tradisjonelt forma *døm* som subjekts- og objektsform, men også forma *dæm* blir nytta her (jf. kap. 6, pkt. 6.1.14 for skildring av variabelen).

Så å seie alle norske dialektar har ei og same form i tredje person fleirtal, uavhengig av syntaktisk funksjon. Dette trekket har såleis brei regional støtte. Berre det bokmålsbaserte standardtalemålet og bokmål skil mellom *di* som subjektsform og *dem* som objektsform. Systemet med ei form både i subjekt- og objektsposisjon finn vi også i det tradisjonelle folkemålet i Oslo. Bruken av *dem* eller *døm* som subjektsform inngår frå gamalt i den sosiolingvistiske variasjonen i byen, og er knytt til eit sosialt stigma. "Redsla" for *dem* viser seg bl.a. ved at hyperkorrekte *di*-former gjerne kjem inn i objektsposisjon.

Her vil det vere interessant å undersøkje om systemet med *ei* form både i subjekts- og objektsposisjon held seg, eller om eit todelt system etter modell frå bokmål og konservativt oslomål er på veg inn i dei to dialektane. Det vi vil sjå nærare på her, er først og fremst om *di,* subjektsforma i standardtalemålet, kjem inn i staden for *dæm*/*døm* på Røros og Tynset. For Tynset er det også interessant å sjå på om den gamle forma *døm* held seg, eller om den nyare forma *dæm* ekspanderer.

8.14.1 Variasjon etter alder, Røros og Tynset

Som vi ser av tabell 8.14.1 og 8.14.2 og figur 8.14.1 nedafor, er dei tradisjonelle variantane av det personlege pronomenet i tredje person fleirtal subjektsform svært stabile både på Røros og Tynset (totalt sett rundt 95 % tradisjonelle former på Røros og 90 % på Tynset). Det tyder av det tradisjonelle systemet med *ei* felles form i subjekts- og objektsposisjon blir halde oppe.

På Tynset finn vi både formene *døm* og *dæm*, der den førstnemnde er den eldste forma (jf. Reitan 1926:36). Som vi ser av tabell 8.14.2 nedafor, er den nyare forma *dæm* på frammarsj i tynsetmålet. Dei unge på Tynset bruker forma *dæm* i over 73 % av tilfella. Forma *døm* har ei noko meir avgrensa geografisk utbreiing enn *dæm,* og blir truleg mest


assosiert med flatbygdmålet på Austlandet. *Døm* er dessutan ei meir avstikkande form enn *dæm* i høve til objektsforma i standardtalemålet; *dem*. Dermed kan det vere at denne forma er meir sosialt stigmatisert enn *dæm*. Dette kan vere med på å forklare den slåande overgangen frå *døm* til *dæm* på Tynset (jf. tab. 8.14.2 nedafor). Uttalen av *"dæm"* varierer vel å merke mellom *æ* og *e* både blant vaksne og unge på Tynset. Ofte er det korkje ein tydeleg *æ*- eller *e*-uttale som blir brukt, men noko midt i mellom. Sjølv om det i mange tilfelle ikkje er mogleg å avgjere om det er *dæm* eller *dem* som blir brukt, har eg valt å kalle forma for *dæm*, men gjer altså merksam på at uttalen kan varierer noko. Uttalen ligg i alle høve nærare standardforma i objektsposisjon, *dem*, enn det den tradisjonelle forma *døm* gjer. Standardforma i subjektsposisjon, *di,* førekjem berre nokre få gonger både på Røros og Tynset, men er relativt sett noko meir frekvent på Tynset enn på Røros.

Tabell 8.14.1 3. pers. pron. pl. subjektsform etter alder, Røros, (L3) *dæm* og (S2) *di*

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(401) 97.3 %	(11) 2.7 %	**412**
Vaksne	(194) 92.8 %	(15) 7.2 %	**209**
Totalt			**621**

Tabell 8.14.2 3. pers. pron. pl. subjektsform etter alder, Tynset, (L2) *døm*, (L3) *dæm* og (S2) *di*


Kode	L2	L3	S2	Totalt
Unge	(51) 14.4 %	(259) 73.4 %	(43) 12.2 %	**353**
Vaksne	(31) 23.8 %	(86) 66.2 %	(13) 10 %	**130**
Totalt				**483**



Figur 8.14.1 3. pers. pron. pl. subjektsform etter stad og alder, (L3/L2) *dæm, døm* og (S2) *di*

8.14.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Som vi har sett ovafor, er bruken av den tradisjonelle forma *dæm* som subjektsform relativt stabil på Røros. Både unge og vaksne held seg stort sett til den lokale forma med tydeleg *æ*-uttale av vokalen. Vi finn likevel eit lite innslag av standardforma *di* i begge aldersgruppene. Dei vaksne rørosinformantane har faktisk noko fleire førekomstar av standardforma enn ungdomen.[166] Dersom vi ser på den individuelle fordelinga hos dei vaksne informantane på Røros, går det fram at det berre er mennene som har førekomstar av standardforma *di* (jf. fig. 8.14.2 nedafor). Ragnar og Stein har nokre få innslag av standardforma, medan Tom har rundt 30 % standardformer ved dette språktrekket. Også ved dei andre variablane er Tom den av dei vaksne rørosinformantane som har flest nivellerte variantar (jf. dei samla tala under pkt. 8.16).




Figur 8.14.2 3. pers. pron. pl. subjektsform hos vaksne på Røros, (L3) *dæm* og (S2) *di*

Hos dei unge rørosinformantane er det berre Iris, Sondre, Bjørn og Magne som har innslag av standardforma *di* (jf. fig. 8.14.3 nedafor). Alle dei andre informantane bruker utelukkande den tradisjonelle forma *dæm* som subjektsform. Alle desse fire kjem frå akademiske familiar der berre ein av foreldra er frå Røros. Sondre, Bjørn og Magne høyrer alle til i soss/skatar-gruppa, medan Iris høyrer heime blant dei skule- og kulturorienterte ungdomane. Iris, Magne og Sondre bur i utkanten av kommunen, dei går på allmennfagleg studieretning og dei ser føre seg at dei skal flytte frå Røros – i alle fall for ein periode. Bjørn skil seg ut ved at han bur i sentrum, går på yrkesfagleg studieretning og gjerne kunne

[166] Talet på belegg hos dei unge og dei vaksne på Røros varierer mellom 8 og 47 per informant (jf. vedlegg 8.14.1 for oversyn over talet på belegg og variantfordelinga per informant).

tenkje seg å busette seg på Røros. Han er også den minst urbant orienterte av dei fire. Dei tre hine er alle mest opptekne av og orienterte mot ein urban livsstil.

Ut frå det vi no veit om dei fire ungdomane som har førekomstar av standardforma *di* som subjektsform, er det klart at det hovudsakleg er i soss/skatar-gjengen at vi finn eksempel på bruk av denne forma (jf. vedlegg 8.14.3). Både busen og idrettsungdomen bruker utelukkande den tradisjonelle forma *dæm* som subjektsform. Vi har også sett at foreldrebakgrunn og sosial bakgrunn spelar ei viss rolle i tillegg til kulturell orientering.



Figur 8.14.3 3. pers. pron. pl. subjektsform hos unge på Røros, (L3) *dæm* og (S2) *di*


8.14.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset

Bruken av dei tradisjonelle pronomenformene i subjektsposisjon er også relativt stabil på Tynset, sjølv om innslaget av standardforma *di* er noko høgare her enn på Røros. Den opphavlege forma *døm* ser dessutan ut til å bli fortrengt av den nyare forma *dæm* (jf. tab. 8.14.2 ovafor og fig. 8.14.1 nedafor).[167]


Blant dei vaksne tynsetinformantane er det berre hos Alva at *døm* dominerer (jf. fig. 8.14.5 nedafor). Njål bruker mest berre *dæm*. Denne forma dominerer også hos Ask, men her finn vi også innslag av både *døm* og *di* som subjektsform. Oskar er den av dei vaksne som har størst intraindividuell variasjon. Han vekslar hyppig mellom dei to lokale variantane, og har dessutan svært mange førekomstar av standardforma *di*. Oskar bruker faktisk standardforma i heile 47 % av tilfella. Samla finn vi altså relativt stor både inter- og

[167] Talet på belegg varierer mellom 9 og 49 per informant på Tynset (jf. vedlegg 8.14.2 for oversyn over talet på belegg og variantfordelinga per informant).

intraindividuell variasjon ved dette språktrekket blant dei vaksne på Tynset. Totalt sett dominerer forma *dæm* i denne aldersgruppa, medan forma *døm* tydeleg er på tilbaketog.




Figur 8.14.4 3. pers. pron. pl. subjektsform etter alder, Tynset, (L2) *døm*, (L3) *dæm* og (S2) *di*




Figur 8.14.5 3. pers. pron. pl. subjektsform hos vaksne på Tynset, L2 *døm*, (L3) *dæm* og (S2) *di*

Også hos tynsetungdomen er *døm* i ferd med å bli fortrengt av *dæm*. Berre fire av dei unge informantane, Åsne, Mia, Ane og Gunnar, har innslag av den opphavlege forma *døm* (jf. fig. 8.14.6. nedafor). Dei tre jentene er alle frå utkanten av kommunen. Med unntak av Åsne og Mia har alle dei andre ungdomane flest førekomstar av den nyare forma *dæm*. Fleire av informantane har også innslag av standardforma *di*. Faktisk er det berre to av informantane, Varg og Bo, som ikkje har nokon førekomstar av *di* i det heile. Desse to gutane held seg utelukkande til den lokale uttalevarianten *dæm*. Standardforma *di* førekjem likevel relativt sjeldan hos dei fleste ungdomane. Berre hos dei to soss/skatar-gutane Kåre og Arne førekjem *di* noko hyppigare (i rundt 30 % av tilfella).



Figur 8.14.6 3. pers. pron. pl. subjektsform hos unge på Tynset, L2 *døm*, (L3) *dæm* og (S2) *di*

Dersom vi ser på den gruppevise fordelinga, går det fram at den nyare lokale forma *dæm* dominerer i alle gruppene. I soss/skatar-gruppa finn vi relativt sett flest førekomstar av standardforma *di*, medan skule/idrett-gruppa relativt sett har flest førekomstar av den opphavlege tynsetforma *døm* (jf. fig, 8.14.7 nedafor).



Figur 8.14.7 3. pers. pron. pl. subjektsform etter gruppetilhørsle, Tynset, L2 *døm*, (L3) *dæm* og (S2) *di*

Ved sida av gruppetilhørsle har også kjønn, familiebakgrunn, sosial bakgrunn og busetnad i kommunen innverknad på bruken av høvesvis den opphavlege forma *døm* og standardforma *di* (jf. vedlegg 8.14.4). Forma *døm* finn vi i hovudsak hos jenter som bur i utkanten av kommunen, som kjem frå ein ikkje-akademisk familie og som har begge foreldra sine frå plassen. Hos dei med akademisk familiebakgrunn finn vi ingen

førekomstar av forma *døm*. Det gjer vi heller ikkje hos dei som ikkje har foreldre frå Tynset. Derimot finn vi særleg førekomstar av standardforma *di* hos gutar frå akademiske familiar som anten berre har ein eller ingen av foreldra frå Tynset. Ein annan sosial dimensjon som ser ut til å slå ut her, er haldningar til Tynset og tynsetdialekten (jf. vedlegg 8.14.5). Hos dei som er negativt innstilte til tynsetdialekten, finn vi ingen førekomstar av *døm*. Det finn vi derimot hos dei som er positive til dialekten og til heimstaden. Standardforma *di* finn vi først og fremst hos dei som er anten nøytrale eller negative til Tynset og tynsetdialekten.

8.14.4 Oppsummering av variabelen PERS.3

Som vi har sett, held systemet med *ei* pronomenform i 3. person fleirtal seg godt både på Røros og Tynset. På Røros bruker ein framleis forma *dæm*. På Tynset er det også forma *dæm* som dominerer. Opphavleg var det *døm* som var den tradisjonelle forma på Tynset. Her har det med andre ord skjedd ein overgang frå *døm* til *dæm*. Den eldste forma blir hovudsakleg brukt av dei som bur utkantane av Tynset kommune, som kjem frå ikkje-akademiske familiar og som har begge foreldra sine frå plassen. Standardforma *di* kjem berre unntaksvis inn i subjektsposisjon hos nokre få informantar på Røros. På Tynset kjem *di* inn hos fleire av informantane, men det er stort sett berre snakk om ganske få førekomstar også her. Både på Røros og Tynset finn vi særleg eksempel på standardforma blant soss/skatar-gutane.

8.15 Resiproke og spørjepronomen: K/KV/H

Rørosmålet har tradisjonelt bortfall av *v*- i spørjande og pronominale adverbial som *kva*, *kven*, *kvifor*, *kvar* osb. Desse blir såleis uttalt som *ke*, *kem*, *keffer*, *kelles* og *kerr* på Røros. I det tradisjonelle tynsetmålet vart også gamalnorsk *hv*- uttalt *kv*- eller *k*- i ord som *kvit*, *kvenn* og *keffer*, men fleire av spørjepronomena har her gått over til *h*-: *håkken* (for *kven*), *håssen* (for *korleis*), men ein har framleis former som *keffer* og *kerr* (jf. skildringa av variabelen kap. 6, pkt. 6.1.15). Former med *h*- i tynsetmålet, som jo også skil seg frå standardtalemålet, er tekne med her (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.15). I standardtalemålet blir desse orda uttalt med *v*-: *vem*, *va*, *vor*, *vorfor, vordan* osb. Her vil vi undersøkje om dei

tradisjonelle formene med *k-/kv-* eller *h-* held seg, eller om former med *v-* er i ferd med å ta over.

8.15.1 Variasjon etter alder, Røros og Tynset[168]


Slik det går fram av tabell 8.15.1 og figur 8.15.1 nedafor, er former med *k-/kv-* relativt stabile på Røros. Både hos dei vaksne og dei unge informantane er dei tradisjonelle formene klart dominerande, men vi finn også eit visst innslag av former med *v-* i begge aldersgruppene. På Tynset er situasjonen ganske annleis. Her har faktisk ingen av ungdomane ein einaste førekomst av dei tradisjonelle formene. Hos dei vaksne er standardformene med *v-* også i fleirtal, men her finn vi i tillegg nokre førekomstar av dei tradisjonelle variantane med *k-/kv-/h-* (jf. tab. 8.15.2 og fig. 8.15.1 nedafor).Talet på belegg er vel å merke ikkje særskilt høgt her, og enkelte av informantane har, som vi vil kome attende til nedafor, svært få førekomstar av dette språktrekket.

Tabell 8.15.1 Resiproke og spørjepronomen etter alder, Røros, (L3) *k-/kv-/h-* og (S2) *v-*

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	(110) 72.8 %	(41) 27.2 %	**151**
Vaksne	(65) 82.3 %	(14) 17.7 %	**79**
Totalt			**230**

Tabell 8.15.2 Resiproke og spørjepronomen etter alder, Tynset, (L3) *k-/kv-/h-* og (S2) *v-*

Kode	L3	S2	Totalt
Unge	0	(139) 100 %	**139**
Vaksne	(17) 39.5 %	(26) 60.5 %	**43**
Totalt			**182**




Figur 8.15.1 Resiproke og spørjepronomen etter stad og alder, (L3) *k-/kv-/h-* og (S2) *v-*

[168] For fullt oversyn over dei orda som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.15.1 for Røros og 8.15.2 for Tynset.

8.15.2 Variasjon på individ- og gruppenivå, Røros

Som vi ser av figur 8.15.2 nedafor, er det berre Tom blant dei vaksne rørosinformantane som bruker standardforma med *v-* i staden for dei tradisjonelle uttalevariantane med *k-/kv*. Alle dei andre vaksne held seg til dei tradisjonelle formene. Som nemnt fleire gonger tidlegare, er Tom den av dei vaksne som generelt har flest nivellerte former ved dei ulike språktrekka. Han er tydeleg klar over at dialekten hans er temmeleg nivellert eller "avslipt" som han seier sjølv, og meiner at han har "øydelagt" dialekten sin etter fleire år vekke frå bygda. Han meiner altså at han hadde ein meir tradisjonelle rørosdialekt då han var yngre.




Figur 8.15.2 Resiproke og spørjepronomen hos vaksne på Røros, (L3) *k-/kv-* og (S2) *v-*

Hos ungdomane på Røros finn vi noko meir variasjon – både inter- og intraindividuelt. Ni av ungdomane bruker likevel utelukkande den tradisjonelle forma, fem varierer og ein bruker berre standardforma med *v-*. Som nemnt ovafor, er talet på belegg svært lågt, i alle fall for enkelte av informantane.[169]


Hos dei tre soss/skatar-gutane Bjørn, Truls og Magne dominerer standardvariantane av dette språktrekket. Den siste av soss/skatar-gutane, Sondre, har også ein god del innslag av standardvariantane, men han har likevel flest førekomstar av dei tradisjonelle formene med *k-/kv-*. Dei to kulturorienterte jentene Ailin og Iris bruker også standardvariantane ein god del. Ailin varierer mykje, medan Iris mest berre bruker standardvariantane med *v-*. Iris er, som vi hugsar, dottera til Tom og er blant dei av rørosungdomane som har flest nivellerte former også ved dei andre språktrekka (jf. profil av Iris i kap. 10, pkt. 10.1.1.1).

[169] Hogne har berre eit belegg, Linn tre og Tore fire belegg. Vi lyt dermed ta tala for desse tre informantane med eit viss atterhald. Resten av informantane har frå fem belegg og oppover til 24 (jf. vedlegg 8.15.3).



Figur 8.15.3 Resiproke og spørjepronomen hos unge på Røros, (L3) *k-/kv-* og (S2) *v-*

Vi ser altså at det også ved dette språktrekket er soss/skatar-gutane og dei skule- og kulturorienterte jentene som har flest nivellerte former. Busen og idrettsungdomen held seg til dei tradisjonelle formene (jf. fig. 8.15.4 nedafor).



Figur 8.15.4 Resiproke og spørjepronomen etter gruppetilhørsle, Røros, (L3) *k-/kv-/h-* og (S2) *v-*

Andre sosiale dimensjonar som slår svært tydeleg ut her, er foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn og kulturell orientering (jf. vedlegg 8.15.5). Dei som har begge foreldra frå rørosområdet og som kjem frå ikkje akademiske familiar, bruker så å seie berre dei lokale formene, mens dei som berre har ein forelder frå Røros og som kjem frå akademiske familiar, har flest standardformer ved dette språktrekket. På same måte bruker dei lokalt orienterte ungdomane berre dei tradisjonelle formene, mens dei urbant orienterte har størst prosentdel standardformer. Dimensjonane skuleretning, kjønn, sentrum/utkant og framtids-

plan slår ikkje særleg ut her. Det gjer derimot uttrykte haldningar til Røros og røros-dialekten. Dess meir negative ungdomane er til heimplassen og til eigen dialekt, dess fleire standardformer bruker dei (jf. vedlegg 8.15.6).

8.15.3 Variasjon på individ- og gruppenivå, Tynset

På Tynset har, som vi har sett, ingen av ungdomane førekomstar av dei lokale formene ved dette språktrekket (jf. tab. 8.15.2 og fig. 8.15.1 ovafor). Standardformene dominerer også hos dei vaksne, men her finn vi ein god del belegg på dei tradisjonelle former også. Men dersom vi ser nærare på den individuelle fordelinga blant dei vaksne, går det fram at det faktisk berre er ein av informantane, Alva, som bruker dei lokale variantane (jf. tab. 8.15.3 nedafor). Dei tre andre vaksne tynsetinformantane bruker berre standardvariantane med *v*-. Også ved dei fleste andre variablane er Alva den av dei vaksne informantane som bruker flest tradisjonelle variantar, og som altså snakkar mest tradisjonelt tynsetmål. Alva bur i utkanten av kommunen og meiner sjølv at ho snakkar ein noko "avslipt bondedialekt".

Tabell 8.15.3 Resiproke og spørjepronomen hos vaksne på Tynset, (L3) *k-/kv-/h-* og (S2) *v-*

Kode	L3	S2	Totalt
Ask	0	(7)100 %	**7**
Alva	(17) 94.4 %	(1) 5.6 %	**18**
Njål	0	(11)100 %	**11**
Oskar	0	(7) 100 %	**7**
Totalt	(17) 39.5 %	(26) 60.5 %	**43**

8.15.4 Oppsummering av variabelen K/KV/H

Dei tradisjonelle formene *ke*, *kelles*, *keffer* osb. er framleis i flittig bruk både blant unge og vaksne på Røros. På Tynset, derimot, har standardformene *va*, *vordan*, *vorfor* osb. fortrengt dei lokale formene *ke*, *håssen*, *keffer* osb. Berre ein av dei vaksne informantane på Tynset har førekomstar av dei tradisjonelle variantane. Talet på belegg er vel å merke noko avgrensa både på Røros og Tynset. Vi lyt derfor ta eit visst atterhald her. Resultatet kunne kanskje ha vorte eit anna med eit større beleggrunnlag, men vi kan i alle fall lese tydelege tendensar ut av det materialet vi har.

8.16 Samanfatting av variabelanalysen

I dette kapittelet har vi gått gjennom og diskutert kvar einskild variabel. Vi har sett på fordelinga mellom dei ulike variantane, og har detaljdiskutert dei ulike førekomstane. Vi

har sett på variantfordelinga hos unge og vaksne, og diskutert den inter- og intra-individuelle variasjonen ved kvar variabel. I tillegg vi har diskutert fordelinga langs nokre sosiale dimensjonar som gruppetilhørsle, foreldrebakgrunn, sosial bakgrunn, kulturell orientering, haldningar osb. Korleis denne veven av sosiale dimensjonar verkar saman, er forhold som vil bli nærare diskutert i kapittel 9. Ved bruk av korrespondanseanalyse vil eg her prøve å kartleggje den kunnskapen som er å finne i *kombinasjonen* av dei ulike sosiale variablane.


I det følgjande vil eg freiste å samanfatte analysen og gi eit bilete av alle dei språklege variablane samla. I denne samanfattinga vil mellomformer, regionale former og standardformer bli slått saman til ein kategori; *nivellerte former*.[170] Då får vi altså berre motsetnaden mellom lokale former på den eine sida og nivellerte former på den andre (den same forenklinga vil bli gjort i korrespondanseanalysen i neste kapittel). Målet er her, i første omgang, å sjå på grad av nivellering totalt sett, uavhengig av om denne er vertikal (dvs. mot standardtalemålet) eller horisontal (dvs. mot andre dialektar i regionen). I andre omgang vil spørsmålet om regionalisering som prosess og produkt bli diskutert.

Sidan alder er den viktigaste dimensjonen når det gjeld å finne ut om ei endring er i frammarsj, vil eg framleis sjå på dei to aldersgruppene separat. Eg vil samanlikne unge og vaksne på kvar av plassane, og eg vil samanlikne unge og vaksne på Røros med høvesvis unge og vaksne på Tynset. Eg vil også sjå på den samla gjennomsnittlege nivelleringsprosenten for dei variablane som er felles for dei to plassane, fordelt på dei to aldersgruppene. I tillegg vil eg også undersøkje om vi kan avdekkje hierarkiske relasjonar mellom dei ulike variablane.

[170] I nokre få tilfelle er mellomforma likevel slått saman med den lokale forma. I dei tilfella der dét gjeld, vil dette bli kommentert.

8.16.1 Utviklinga av rørosmålet, unge og vaksne på Røros

Alle dei språklege variablane vi har sett på i dette kapittelet, er relativt resistente i dei vaksne rørosinformantane sitt språk. Ingen av variablane blir nivellerte i meir enn nokre og tretti prosent av tilfella (jf. fig. 8.16.1 nedafor).



Figur 8.16.1 Variantfordelinga for alle variablane hos dei vaksne på Røros, (L) lokale variantar og (N) nivellerte variantar

Hos dei vaksne informantane er den palatale uttalen av *n* og *l* blant dei trekka som relativt sett er mest utsette for nivellering. Desse alveolarane blir nivellerte i 33 % av tilfella (jf. A-PAL). [171] Dei to andre alveolarane, *d* og *t*, ligg også høgt oppe på nivelleringsskalaen for dei vaksne. Dei blir nivellerte i om lag 30 % av tilfella. Dei nivellerte formene inkluderer altså her både den postalveolare mellomvarianten og den alveolare standardvarianten.


Trykkplassering på førstestaving i importord er også blant dei mindre resistente trekka hos dei vaksne rørosinformantane (jf. TRYKK). Men som vi såg under

[171] Eg har her valt å slå saman alveolarane *n* og *l* til A-PAL, medan *d* og *t* har vorte slått saman til variabelen D/T-PAL. Eg har altså ikkje slått saman alle alveolarane til ein variabel; A-PAL. Grunnen til dette er for det første at det berre er *n* og *l* som har vorte analysert for begge plassane. D/T-PAL er altså berre med for Røros og ikkje for Tynset. For det andre oppfører dei to alveolarane *n* og *l* seg temmeleg likt hos respektive unge og vaksne på Røros, medan *d* og *t* blir nivellert vesentleg mindre blant dei unge rørosinformantane (jf. fig. 8.16.2 nedafor). Som det gjekk fram av variabelanalysen, ligg alveolarane *n* og *l* på nokolunde same nivelleringsnivå i kvar av aldersgruppene på kvar av plassane (jf. pkt. 8.2). I variabelanalysen er dei ulike alveolarane handsama separat, men står likevel saman under kategorien A-PAL.

handsaminga av dette trekket, er det først og fremst Tom som er ansvarleg for den høge nivelleringsprosenten her. Han har svært mange belegg ved dette trekket, (113 totalt, 98 av dei er nivellerte), og medverkar på den måten mykje til det totale gjennomsnittstalet (jf. pkt. 8.5.2). Rørossjibboletten er også blant dei trekka som ligg på ein nivelleringsprosent på over 20 hos dei vaksne (jf. S-PAL). Resten av variablane er relativt stabile og blir alle nivellerte i under 20 prosent av tilfella.[172] Vi ser altså at det er dei *fonologiske* variablane som er minst resistente, relativt sett, hos dei vaksne rørosinformantane.

Dersom vi ser på dei samla tala for rørosungdomen, viser det seg at det er dei fonologiske variablane som er minst resistente også i denne aldersgruppa (jf. fig. 8.16.2 nedafor). Aller øvst på nivelleringsskalaen finn vi rørossjibboletten, som blir nivellert i nesten 70 % av tilfella. Totalt står denne variabelen svært ustøtt i dei unge sitt språk. Som vi såg under handsaminga av variabelen, teiknar bruken av dei nivellerte variantane ei klar s-forma kurve. Det vil seie at det er liten intraindividuell variasjon ved dette trekket, og at det dermed er eit trekk ungdomane anten har eller ikkje har i språket sitt. Hos enkelte ungdomar blir rørossjibboletten brukt konsekvent. Desse ungdomane er oftast lokalt orienterte gutar som vil bli buande på Røros og som høyrer heime blant "busen". Også palatal uttale av *l* og *n* står temmeleg ustøtt hos dei unge. Dei to alveolarane blir nivellerte i godt over halvparten av tilfella (jf. A-PAL).


[172] Ved variabelen MON, dvs. monoftongering av *ei*, har eg her berre teke med dei tilfella der den monoftongerte uttalen skil seg frå standardtalemålet, som t.d. i orda *rese*, *heme* osb. Ved variabelen APOK, dvs. apokope i infinitiv av svake *ja*-verb og fortidsforma av nokre verb, er mellomforma *kunna* slått saman med den lokale forma.



Figur 8.16.2 Variantfordelinga for alle variablane hos dei unge på Røros, (L) lokale variantar og (N) nivellerte variantar

Forholdet mellom dei unge og dei vaksne når det gjeld nivelleringsgrad og kva for trekk som blir nivellerte mest og minst i dei to aldersgruppene, går tydeleg fram av figur 8.16.3 nedafor. Her ser vi at dei fonologiske variablane blir nivellerte mykje både hos dei unge og dei vaksne, men nivelleringa har tydeleg skote fart hos ungdomen. Det er vidare interessant å leggje merke til at jamningsformene i historiske jamvektsinfinitivar er svært stabile hos dei vaksne, medan ungdomen har mest 50 % nivellerte variantar av dette språktrekket (jf. JAM). Også monoftongering av *ei* i ord som *heme* og *rese* blir nivellert vesentleg oftare hos ungdomen (jf. MON). Det same gjeld 1. pers personleg pronomen (jf. PERS.1). Dei vaksne har så å seie berre den lokale forma her, medan dei unge har eit relativt stort innslag av nivellerte former.[173] Dei einaste trekka der dei vaksne har fleire nivellerte former enn dei unge, er trykkplassering i importord og 3. person personleg pronomen, subjektsform (jf. TRYKK og PERS.3).[174] Det sistnemnde trekket er likevel svært stabilt i begge aldersgruppene. Det er for så vidt også trykkplassering på førstestaving, sjølv om vi finn noko meir variasjon her.

[173] Dei nivellerte formene inkluderer her mellomforma *e*, den regionale forma *æ* og standardformene *jæ/jæi* (jf. pkt. 8.13).
[174] Tom må vel å merke ta "hovudansvaret" for at trykkplassering i importord har ein såpass høg nivelleringsprosent hos dei vaksne rørosinformantane.



Figur 8.16.3 Nivellerte former hos unge og vaksne på Røros

Av figur 8.16.3 ovafor går det fram at nesten alle språktrekka blir nivellerte hyppigare hos dei unge enn hos dei vaksne informantane. Dersom vi slår saman nivelleringsprosenten for alle dei språklege variablane, finn vi at dei vaksne har ein gjennomsnittleg nivelleringsprosent på 13,5 %, medan gjennomsnittstalet for dei unge er 28 %. Dette kan tyde på at den tradisjonelle rørosdialekten er relativt stabil også hos rørosungdomen. Her må ein sjølvsagt ta høgd for at ikkje alle språktrekk i rørosdialekten har vorte undersøkte her. Ein kan ikkje sjå bort i frå at trekk som ikkje har vore under lupa her, kan vere i endring. Det gjeld ikkje minst på det leksikalske nivået.[175] Men det mest lokalt markerande trekket av dei alle, nemleg rørossjibboletten S-PAL, dvs. postalveolar uttale av *s* framfor *k*, står svært ustøtt. Det gjer også andre sentrale trekk, som palatale alveolarar og jamvektsinfinitivar. Konklusjonen må derfor bli at rørosdialekten er i endring, trass i at mange trekk er stabile.


[175] Dei tradisjonelle preposisjonsformene *åt*, *tå* og *ti* (for *til*, *av/for* og *i*) er eksempel på trekk som nok er på veg ut av rørosdialekten. Svært få av dei unge brukte dei tradisjonelle formene her. Eit anna døme er bruken av diskurspartikkelen *sju/sjø*, som er svært karakteristisk for rørosdialekten og for trønderdialektar generelt (*sjø* i Trondheim). Partikkelen førekjem berre nokre få gonger hos sju av rørosungdomane. Totalt er det berre 16 førekomstar av *sju/sjø* i denne aldersgruppa. Derimot ser det ut til at andre diskurspartiklar, som t.d. *liksom*, er på full fart inn i dialekten. *Liksom* førekjem i alt 165 gonger i ungdomsgruppa og vi finn han hos alle dei unge rørosinformantane. Diskurspartiklar har ofte relativt høg frekvens i løpande tale, særleg hos ungdom, og har på den måten stor innverknad på korleis talen som heilskap blir oppfatta. Mykje bruk av *sju/sjø* gir eit lokalt eller ev. regionalt preg, medan mykje bruk av andre partiklar som f.eks. *liksom* gir eit meir urbant/nasjonalt preg.

8.16.2 Utviklinga av tynsetmålet, unge og vaksne på Tynset


Den palatale uttalen av lange alveolarar og jamningsformer i historiske jamvekstinfinitivar er dei trekka som er aller minst resistente blant dei vaksne på Tynset (jf. A-PAL og JAM i fig. 8.16.4 nedafor). (Desse trekka er også aller minst resistente blant dei unge på Røros). Hos dei unge på Tynset er desse trekka mest ikkje å spore i si lokale form i det heile teke (jf. fig. 8.16.5 nedafor). Dei palatale alveolarane er erstatta av den alveolare standard-varianten og dei historiske jamvektsformene førekjem berre unntaksvis i si tradisjonelle form.

Den tradisjonelle forma *itte* er langt på veg erstatta av standardforma *ikke* i begge aldersgruppene (jf. NEG). Dei tradisjonelle formene *keffer* og *håkken* står heller ikkje særskilt støtt hos dei vaksne, og er heilt fråverande hos dei unge (jf. K/KV/H). Dei lokale formene i 1. person personleg pronomen, *ei/je*, er relativt stabile hos dei vaksne, men blir så å seie ikkje brukte av dei unge tynsetinformantane.[176] Dei lokale formene er på veg ut til fordel for standardforma *jæ/jæi*. Tostava sterke supinumsformer med *-e*-ending, står også svært ustøtt hos dei unge (jf. SUP). Som vi såg i pkt. 8.12, er det dei tostava supinumsformene som kan erstattast med einstava svake former, som først og fremst blir bytta ut, men dei unge har også nokre førekomstar av tostava former med *-et*-ending. Monoftongert uttale i ord som ikkje har monoftong i Oslo-området, som *rese* og *heme,* blir nivellert i over 60 % av tilfella hos dei unge (jf. MON). Først når vi kjem til trykkplassering i importord, går nivelleringsraten vesentleg ned hos dei unge tynset-informantane. Rundt 30 % av tilfella blir nivellerte her (jf. TRYKK). Det betyr altså at dette er eit relativt resistent trekk. Det same gjeld dei tradisjonelle formene i presens av sterke og svake verb, apokope, substantiv i bestemt form fleirtal og 3. person personleg pronomen (jf. PRES.ST, PRES.SV, APOK, BFPL og PERS.3). Alle desse trekka er relativt resistente både hos dei unge og dei vaksne informantane på Tynset. Som på Røros, er det altså dei morfologiske trekka som er mest stabile også på Tynset.


[176] Som nemnt blei pronomenforma *ei* brukt på Tynset tidlegare. Det er likevel så å seie ingen døme på denne forma i mitt materiale. Forma *je* ser for lengst ut til å ha teke over som lokal form, og det er stort sett denne forma som blir brukt av dei vaksne informantane.



Figur 8.16.4 Variantfordelinga for alle variablane hos dei vaksne på Tynset, (L) lokale variantar og (N) nivellerte variantar



Figur 8.16.5 Variantfordelinga for alle variablane hos dei unge på Tynset, (L) lokale variantar og (N) nivellerte variantar



Figur 8.16.6 Nivellerte former hos unge og vaksne på Tynset


Størst forskjell mellom dei unge og dei vaksne på Tynset finn vi ved variablane PERS.1, SUP og MON (jf. fig. 8.16.6 ovafor). Her er nivelleringsprosenten vesentleg høgare hos ungdomane enn hos dei vaksne. Også variablane NEG og K/KV/H blir nivellert noko hyppigare hos ungdomen enn hos dei vaksne. Men her er nivelleringsprosenten relativt høg også hos dei vaksne (over 60 %). Når det gjeld den palatale uttalen av lange alveolarar og jamningsformer i historiske jamvektsord, er resultatet om lag det same i begge aldersgruppene. Korkje dei unge eller dei vaksne bruker dei tradisjonelle variantane ved desse variablane.

8.16.3 Samanlikning av utviklinga på Røros og Tynset


Når vi jamfører nivelleringsprosenten hos vaksne på Røros og Tynset for dei 13 språkelege variablane som er felles for dei to plassane, ser vi at dei vaksne på Tynset stort sett ligg langt framom dei vaksne på Røros i nivelleringsrate (jf. fig. 8.16.7 nedafor). Forskjellen er særleg stor ved jamvektsinfinitivane, palatalisering av lange alveolarar, nektingsadverbialet og resiproke og spørjepronomen (jf. JAM, A-PAL, NEG og K/KV/H). Dette er trekk som anten er svært stabile eller som inngår i noko variasjon blant dei vaksne på Røros. Blant dei vaksne på Tynset, derimot, dominerer dei nivellerte variantane ved desse språktrekka. Berre ved variablane TRYKK og APOK ligg nivelleringa blant dei vaksne

rørosinformantane noko framom dei vaksne tynsetinformantane, men begge desse variablane er ganske stabile på begge plassane.

Dersom vi jamfører dei unge informantane på dei to plassane, ser vi meir eller mindre det same mønsteret som for dei vaksne. Nivelleringsraten er jamt over langt høgare hos tynsetungdomane enn hos rørosungdomane (jf. fig. 8.16.8 nedafor). Det er også stort sett dei same variablane som blir nivellerte mest og minst i denne aldersgruppa som hos dei vaksne. Forskjellane i nivelleringsprosent mellom dei unge på Røros og dei unge på Tynset gjeld likevel fleire variablar enn hos dei vaksne. Hos ungdomen er forskjellen også stor ved 1. person personleg pronomen, supinum av sterke verb og monoftongering i ord av typen *rese* og *heme* (jf. PERS.1, SUP og MON). Hos dei vaksne var det særleg forskjell i nivelleringsprosent ved fem av variablane, mens hos dei unge er forskjellen stor ved åtte av dei undersøkte språktrekka. *Avstanden i nivelleringsrate mellom dei to plassane har med andre ord auka hos ungdomen.*



Figur 8.16.7 Nivellerte former hos vaksne på Røros og vaksne på Tynset




Figur 8.16.8 Nivellerte former hos unge på Røros og unge på Tynset

For begge plassane og i begge aldersgruppene sett under eitt, er dei tradisjonelle formene mest resistente ved variablane apokope, presens av sterke og svake verb, substantiv i bestemt form fleirtal, tredje person personleg pronomen og trykkplassering i importord (jf. APOK, PRES.ST, PRES.SV, BFPL, PERS.3 og TRYKK i fig. 8.16.9 nedafor).

Vi har sett at dei vaksne på Tynset har langt fleire nivellerte former enn dei vaksne på Røros, og at dei unge på Tynset ligg langt framom dei unge på Røros i nivelleringsgrad. Det kunne vidare vere interessant å sjå nærare på forholdet mellom dei vaksne på Tynset og dei unge på Røros. Av figur 8.16.9 nedafor går det fram at dei vaksne på Tynset faktisk har ein høgare nivelleringsprosent enn dei unge på Røros ved fleire av variablane (jf. SUP, K/KV/H, NEG, A-PAL og JAM). Det er rimeleg å gå ut frå at fleire av dei tradisjonelle variantane av desse variablane gradvis gjekk ut av bruk i sentrum av Tynset i samband med etableringa av Stasjonsbyen og innflyttingsbølgja sørfrå, og at det altså er lenge sidan desse variablane var aktuelle på tynsetbyen. Det gjeld særleg jamningsformene, palatalane, nektingsadverbialet *itte* og pronomen med *k-/kv-/h-*. Dei to sistnemnde variantane blir berre brukt av Alva, som er frå utkanten av Tynset kommune (jf. pkt. 8.3 og 8.15). Ingen av dei unge informantane, korkje dei frå utkanten eller frå sentrum, bruker dei tradisjonelle variantane av desse variablane. Desse tradisjonelle variantane har no altså gått ut av bruk også *utafor* Tynset sentrum.

Berre ved fire av variablane ligg nivelleringsprosenten noko høgare hos rørosungdomane enn hos dei vaksne på Tynset (jf. APOK, TRYKK, MON og PERS.1). Dei tradisjonelle variantane av desse variablane er likevel relativt stabile i begge gruppene.




Figur 8.16.9 Nivellerte former hos unge på Røros og vaksne på Tynset

Figur 8.16.10 nedafor gir eit oversynsbilete av den generelle utviklinga hos unge og vaksne på respektive Røros og Tynset. Figuren viser den gjennomsnittlege nivelleringsprosenten for dei 13 variablane som er felles for dei to plassane. Av figuren ser vi tydeleg framstilt det mønsteret eg har prøvd å skildre ovafor. Dei vaksne på Røros har i gjennomsnitt berre 12 % nivellerte former og er såleis den gruppa som bruker flest tradisjonelle variantar. Rørosungdomen kjem på ein andreplass med 24 % nivellerte former. Dei vaksne på Tynset har 33 % nivellerte former, og har altså i gjennomsnitt fleire nivellerte former enn dei unge på Røros. Tynsetungdomen toppar nivelleringsskalaen med gjennomsnittleg om lag 60 % nivellerte former.

Vi ser altså at Tynset ligg minst ein generasjon framfor Røros i nivellerings-hastigheit. No er det sjølvsagt likevel ikkje sikkert at vi vil kome til å få den same utviklinga i tida framover på Røros som den vi har hatt på Tynset. Det er med andre ord slett ikkje opplagt at dei 13 fellesvariablane vil gå i same retning på Røros som dei har gjort på Tynset. Palatal uttale av lang *l* og til dels *n* ser t.d. i stor grad ut til å bli erstatta av ein mellomvariant hos dei unge på Røros, mens den alveolare standardvarianten har teke


over på Tynset. Fleire av trekka ser i det heile teke ut til å vere svært stabile på Røros, og det er liten grunn til å vente at dei vil kome til å endre seg med det første. Likevel ser vi at dei variablane som er mest stabile på Røros, også er blant dei mest stabile på Tynset, medan dei trekka som har høg nivelleringsprosent på Tynset også er i ferd med å få ein ganske høg nivelleringsprosent blant dei unge på Røros (jf. fig. 8.16.9 ovafor).



Figur 8.16.10 Gjennomsnittleg nivelleringsprosent for vaksne og unge på høvesvis Røros og Tynset

Ein annan viktig faktor her er at utviklinga på Tynset ikkje berre er eit utslag av regional dialektnivellering, men også må sjåast i samanheng med innflyttinga frå det sentrale austlandet i samband med framveksten av Stasjonsbyen (jf. kap. 2 og 3). Språksituasjonen på Tynset i dag må såleis *delvis* forståast som eit resultat av migrasjon med påfølgjande målbryting og koineisering. Dei historiske, sosiale og kulturelle føresetnadene for dei endringane vi kan observere på dei to plassane i dag, er såleis på mange måtar noko ulike.

Viss vi utelukkar dei fire tradisjonelle språktrekka som mest sannsynleg har vore ute av tynsetmålet ei stund, dvs. jamningsformene, palatalane, nektingsadverbialet *itte* og pronomen med *k-/kv-/h-* (jf. ovafor), ser vi likevel framleis det same mønsteret i forholdet mellom Røros og Tynset, sjølv om nivelleringsprosenten for kvar av gruppene er noko lågare (jf. fig. 8.16.11 nedafor). I tillegg er den relative avstanden mellom dei unge og dei vaksne tynsetinformantane sin nivelleringsprosenten faktisk litt større no enn han var når alle variablane var inkluderte. Det betyr at det faktisk *er* ein god del dialektnivellering på gang hos dei unge på Tynset, og at dette *ikkje* kan tilskrivast framveksten av stasjonsby-målet tidleg på 1900-talet (meir om dette i kap. 11).



Figur 8.16.11 Gjennomsnittleg nivelleringsprosent for vaksne og unge på høvesvis Røros og Tynset for ni av variablane

8.16.4 Samvariasjonsrestriksjonar

Vi har sett at dei fonologiske variablane jamt over ser ut til å vere mindre resistente enn dei morfologiske både på Røros og Tynset. Leksikalske eller leksikaliserte variablar som spørjeord og jamvektsinfinitivar, er også mindre resistente enn dei morfologiske variablane. Prosodiske forhold som trykkplassering i importord hamnar i ei slags mellom-stilling. Det vi likevel ikkje veit noko om, er om det finst implikasjonelle strukturar i form av skalaer eller hierarki mellom dei ulike variablane. Slike implikasjonelle strukturar kan ein sjå etter på ulike lingvistiske nivå – det vere seg tekstnivå eller ordnivå.

Såkalla implikasjonsanalytiske modellar søkjer å finne ein indre struktur i den språklege variasjonen på *tekstnivå* ved å setje språktrekka opp i eit skalogram (jf. DeCamp 1971).[177] Ved å kartleggje korleis språktrekk kan rangerast i det språklege hierarkiet, vil ein kunne sjå kva for trekk som har høgast og lågast utskiftingsfrekvens, og det vil vere mogleg å sjå om det er ein intern samanheng mellom dei ulike trekka og utskiftinga av dei. Ved hjelp av ein implikasjonsanalyse vil ein med andre ord på ein systematisk måte kunne observere korleis interaksjonen mellom dei aktuelle varietetane går føre seg, og ein vil kunne finne ut om nokre språktrekk er meir utsette for nivellering enn andre. Implikasjons-analysen blei utvikla og har først og fremst vorte brukt innafor kreolstudiar av forskarar som Derek Bickerton, Charles Bailey og David DeCamp (jf. t.d. Rickford 2002), men har

[177] Analysen av den intraindividuelle variasjonen blir illustrert ved hjelp av Guttmanns skalogram (som opphavleg var laga for interindividuelle vekslingar) (jf. DeCamp 1973).

seinare vorte brukt i andre samanhengar også t.d. om forholdet mellom dialekt og standard (jf. t.d. Bailey 1973, Thelander 1979, Kristensen & Thelander 1984, Pedersen 1985).[178] Sjølv om Guttmans skalogram ikkje har vorte brukt i analysane ovafor, har vi likevel sett korleis variablane på eit slikt meir overordna nivå relaterer seg til kvarandre.

Det eg likevel er interessert i å sjå nærare på her, er om vi kan finne implikasjonelle strukturar på *ordnivået*. Ein måte å gjere dette på er å undersøkje såkalla samvariasjons-restriksjonar. Termen er ei omsetting av det engelske "co-occurence restrictions", og refererer til det faktum at lingvistiske variablar oftast ikkje opptrer fritt innafor ei gitt prosodisk eining, som t.d. eit fonologisk ord, frase eller liknande einingar, men at der er visse restriksjonar mellom variable former (jf. t.d. Auer 1997). Spørsmålet er altså kva for variantar av dei ulike variablane som kan opptre saman innafor eitt og same ord. Er det t.d. mogleg å ha ein nivellert variant av bøyingsmorfemet, men ein lokal variant av ein av dei fonologiske variablane? Er ei form som /baʃːene/ mogleg, sjølv om palatalisering av lange alveolarar overordna sett har ein langt høgare nivelleringsprosent enn bøyingsendinga i bestemt form fleirtal? Eller er det slik at ein nivellert variant av ein morfologisk variabel vil utløyse ein nivellert variant også av den fonologiske variabelen? Eller sagt på ein annan måte, vil variablar med høg nivelleringsprosent aldri førekome i lokal form saman med ein nivellert variant av ein variabel med lågare nivelleringsprosent?

For å finne ut av dette kan ein sjå nærare på dei orda som har vorte koda meir enn ein gong, og undersøkje kva for kombinasjonar av variantar vi reint faktisk finn i materialet. Alle variablane opptrer vel å merke ikkje i kombinasjon med andre variablar. Leksikalske eller leksikaliserte variablar som personlege pronomen, nektingsadverbial, spørjeord og jamvektsinfinitivar fell utafor her. Dei variablane som finst i kombinasjon med andre innafor eit og same ord, er på Røros ulike variantsamansetningar av dei fonologiske variablane S-PAL, A-PAL og MON, den prosodiske variabelen TRYKK og dei morfo(fono)logiske variablane UFPL, BFPL, PRES.ST, PRES.SV., APOK og SUP. På Tynset finn vi ulike variantkombinasjonar av variablane TRYKK, MON, BFPL, PRES.ST, PRES.SV., APOK og SUP. Sidan A-PAL har gått ut av bruk på Tynset, er ikkje det ein aktuell variabel å sjå nærare på.

---

[178] Tekstbaserte implikasjonsskalaer har vorte kritiserte for å sette fram for sterke prediksjonar. Dei hevdar at eit gitt trekk A vil implisere eit trekk B for heile det tekstdomenet som er undersøkt. Samvariasjons-restriksjonar på ordnivå gjer ingen slike prediksjonar. Sidan det fonologiske ordet eller frasen er studieobjektet, vil førekomsten av eit trekk A kunne inkludere eller ekskludere førekomsten av trekk B innafor ordet eller frasen, men det seier ingenting om eventuell inklusjon eller eksklusjon på tekstnivå (jf. Auer 1997:82).

Samvariasjonsrestriksjonar er oftast uni-laterale, dvs. einsidige, og dermed lause nok til å tillate framvekst av mellomformer mellom t.d. dialekt og standard. Einsidige restriksjonar mellom variantar er, ifølgje Auer (1997:70), nettopp ein av grunnane til at morfofonologiske kontinuum eller kvasikontinuum mellom varietetar som dialekt og standard oppstår i språkbrukarane sine repertoar. Bi-laterale, dvs. gjensidige, og dermed obligatoriske restriksjonar mellom variantar betyr snarare at vi har med kodeveksling eller varietetsskifte å gjere, meir enn variabilitet innom eit system. Det eg er interessert i her, er altså ikkje om mikrovariasjonen er lekk i ein makrovariasjon i Thelanders (1979II) terminologi, eller i kodeveksling, men i å sjå nærare på kontinuumet mellom dialekt og andre kontaktvarietetar. [179]

For å finne ut om det er restriksjonar på kva for variantar som kan opptre saman, har eg sett på lister over alle ordformer som er koda meir enn ein gong dvs. ord som er belegg for fleire variablar samtidig.[180] Av desse listene går det fram at det er relativt klare hierarkiske relasjonar mellom ulike variablar – særleg i rørosmaterialet.

8.16.4.1 Røros

I rørosmaterialet går det mest tydelege skiljet mellom dei morfologiske variablane på den eine sida og dei fonologiske variablane og til dels trykkplassering på den andre. Nivellering av variablane BFPL, UFPL, PRES.ST, PRES.SV og SUP impliserer etter alt å døme nivellering av variablane S-PAL, A-PAL og TRYKK, men ikkje motsett. Nivellering av APOK, som er meir ein morfofonologisk enn ein reint morfologisk variabel, impliserer nivellering av S-PAL, men ikkje av A-PAL. Vi finn altså *ingen* klare samvariasjons-restriksjonar mellom APOK og A-PAL. Både [skʉlː] og [skʉʎːə] er former som førekjem i rørosmaterialet. I boksane nedafor ser vi kva for einsidige relasjonar som er å finne mellom

[179] Dette skil seg altså frå Thelander (1979:II) som undersøkte om variantvekslinga på mikronivå var eit resultat av ei overordna varietetsveksling, eller ein såkalla *integrert* mikrovariasjon. Høg grad av samvariasjon mellom dei ulike variantane er ifølgje Thelander eit viktig indisium på om dette er tilfellet. Variantveksling som ikkje er underordna ein makrovariasjon, blir kalla for *isolert* mikrovariasjon. I denne studien er distribusjonen av konkurrerande variantar av enkeltståande språktrekk det sentrale, altså mikrovariasjon i Thelanders terminologi, og ikkje om denne variasjonen er del i ein overordna makro-variasjon. Studium av korleis heile språkstrukturar varierer mellom ulike talarkategoriar og ulike talarsituasjonar, relaterer seg dessutan til det meir overordna tekstnivået og ikkje primært til ordnivået. I studium av kodeveksling vil restriksjonane, som nemnt, vere gjensidige og ikkje einsidige.

[180] Knut Hofland ved AKSIS, UiB har laga eit søkeprogram som gjer det mogleg å søkje ut lister over alle desse ordformene. Programmet plukkar ut ord som finst i ulike filer og som er koda meir enn ein gong uavhengig av om koden er lik eller ulik.

dei ulike variablane (talet på belegg for dei ulike uni-laterale kombinasjonane står i parentes).

S-PAL

L		**N**	
A-PAL	⊃	S-PAL	(8)
TRYKK	⊃	S-PAL	(15)
UFPL	⊃	S-PAL	(6)
PRES.SV	⊃	S-PAL	(10)
APOK	⊃	S-PAL	(10)

A-PAL

L		**N**	
BFPL	⊃	A-PAL	(12)
UFPL	⊃	A-PAL	(21)
PRES.SV	⊃	A-PAL	(50)
PRES.ST	⊃	A-PAL	(12)
SUP	⊃	A-PAL	(3)

TRYKK

L		**N**	
BFPL	⊃	TRYKK	(5)
UFPL	⊃	TRYKK	(26)
PRES.SV	⊃	TRYKK	(17)

Vi ser altså at høvesvis S-PAL, A-PAL og TRYKK kan vere nivellerte *utan* at variablane til venstre også er det. Derimot fann eg ingen eksempel på at variablane til venstre er nivellerte utan at også variablane til høgre er det. (I dei aller fleste tilfella er likevel begge variablane anten lokale eller nivellerte).

Slik det går fram av oppsettet ovafor, finn vi også hierarkiske relasjonar internt mellom dei fonologiske variablane. Nivellering av TRYKK impliserer nivellering av S-PAL, men ikkje motsett, og nivellering av A-PAL impliserer nivellering av S-PAL, men ikkje motsett, slik at vi kan setje opp følgjande hierarki:

TRYKK ⊃ A-PAL ⊃ S-PAL

Det er vel å merke ingen klare samvariasjonsrestriksjonar mellom TRYKK og A-PAL. Vi finn døme på at TRYKK er nivellert og ikkje A-PAL og motsett. Vi finn altså både former som [’in:dʉstri] og [iɲ:dʉ’stri]. Røros *s*-en ser ut til å kunne nivellerast utan at han dreg med seg andre variablar. Men viss trykkplassering på førstestaving i importord er nivellert, vil det også dra med seg røros *s*-en, men altså ikkje nødvendigvis palatalisering av lange alveolarar. Vi har her tilnærmingsvis eit implikasjonshierarki mellom dei tre variablane som i praksis gir oss fem moglege alternativ for ei ordform som inneheld alle tre variablane (eller sju når vi reknar med mellomformene av A-PAL). Pluss står for lokal form og minus for nivellert form (standardform eller mellomform):

TRYKK ⊃⊂	A-PAL ⊃	S-PAL	
+	+	+	[’ɑʎ:ærgiʃk]
+	+	-	[’ɑʎ:ærgisk]
+	-	-	[’ɑl:ærgisk]/[’ɑl̩:ærgisk]
-	+	-	[ɑʎ:’ærgisk]
-	-	-	[ɑl:’ærgisk]/?[ɑl̩:’ærgisk]

Mønster som er utelukka:

TRYKK	A-PAL	S-PAL	
-	+	+	*[ɑʎː'ærgiʃk]
-	-	+	*[ɑlː'ærgiʃk]
+	-	+	*['ɑlːærgiʃk]/['ɑl̩ːærgiʃk]

Det finst ingen eksempel i rørosmaterialet på at nivellering av monoftongering av *ei* førekjem *før* nivellering av røros *s*-en, men derimot nokre få døme på det motsette (*skreik*, *skreiv*: [ʃkɾɛːk] > [skɾɛːk] *[ʃkɾeik]). Både *skreik* og *skreiv* kan vel å merke vere med og utan diftong i standardtalemålet. Det finst ingen døme på nivellering av monoftongar av typen *rese* i kombinasjon med S-PAL. Datagrunnlaget er derfor her for spinkelt til å kunne seie om det også er uni-laterale restriksjonar mellom MON og S-PAL. Materialet er også for tynt til å kunne seie noko om forholdet mellom MON og dei andre variablane (MON er dessutan i høg grad ein leksikalisert variabel jf. pkt. 8.3).

I tabell 8.16.1 nedafor ser vi eit oversyn over ulike kombinasjonsmoglegheiter mellom ulike variablar. Oppsettet illustrerer det lingvistiske mangfaldet av variantar som finst i kontinuumet mellom den lokale ordforma og ordforma slik ho vert uttalt i standard austnorsk. Tabellen tek føre seg dei fleste av dei ulike variablane der vi med stor sannsynlegheit finn samvariasjonsrestriksjonar (jf. boksane ovafor). Ordformer som er markerte med stjerne er slike som svært lite truleg vil førekome på Røros ut frå desse restriksjonane. Spørsmålsteikn betyr at ordformene er sannsynlege, men at det ikkje finst belegg i materialet på den aktuelle kombinasjonen av variantar.

Tabell 8.16.1 Røros dialekt–standard-kontinuum

Opphavleg rørosdialekt

s-pal/a-pal/apok	**s-pal/a-pal**	**s-pal/a-pal/trykk/**	**s-pal/sup**	**s-pal/pres.sv**	**a-pal/sup**	
[ʃkuʎː]	[kʉɲːʃkɑp]	['ɑʎːærgiʃk]	[ʃkɾɛːvə]	[hʉːʃkə]		[høʎːə]
[skuʎː]	[kʉɲːskɑp]	['ɑʎːærgisk]	[skɾɛːvə]	[hʉːskə]	[høl̩ːə]	
[skʉʎːə]		[ɑʎː'ærgisk]		*[hʉːʃkəɾ]		
[skul̩ː]	?[kʉɳ̩ːʃkɑp]	?['ɑl̩ːærgisk]	*[ʃkɾɛːvət]		[hølːə]	
?[skʉl̩ːə]	*[kʉnːʃkɑp]	?[ɑl̩ː'ærgisk]				
[skʉlː]		['ɑlːærgisk]				
[skʉlːə]	[kʉnːskɑp]	[ɑlː'ærgisk]	[skɾɛːvət]	[hʉːskəɾ]		[hɔlt]
skulle	*kunnskap*	*allergisk*	*skrevet*	*husker*	*holdt*	

Standard/oslomål

Opphavleg rørosdialekt

s-pal/trykk/ufpl	**a-pal/trykk/bfpl**	**a-pal/pres.sv**	**a-pal/pres.st**	**trykk/pres.sv**
[ʼslitaʃɛʃkadɑ]	[ʼɑbuɲːɛntɑn]	[fyʎːə]	[fiɲː]	[ʼɛksistɛrə]
[ʼslitaʃɛskadɑ]	[ʼɑbuɳːɛntɑn]	[fyl̩ːə]	[fiɳː]	[ɛksisʼtɛrə]
*[sliʼtaʃɛʃkadɑ]	[ʼɑbunːɛntɑn]	[fylːə]	[finː]	*[ʼɛksistɛrər]
[sliʼtaʃɛskadɑ]	?[ɑbuʼɳːɛntɑn]	*[fyʎːər]	*[fiɲːər]	
*[ʼslitaʃɛskadɛr]	[ɑbuʼnːɛntɑn]	?[fyl̩ːər]	?[fiɳːər]	
[sliʼtaʃɛskadɛr]	[ɑbuʼnːɛntɛnə]	[fylːər]	[finːər]	[ɛksisʼtɛrər]
slitasjeskader	*abonnentene*	*fyller*	*finner*	*eksisterer*

Standard/oslomål

Opphavleg rørosdialekt

trykk/ufpl	**trykk/bfpl**
[ʼɑkʃuːnɑ]	[ʼelɛːvɑn]
*[ʼɑkʃuːnɛr]	[elʼɛːvɑn]
[ɑkʼʃuːnɑ]	*[ʼelɛvɛnə]
[ɑkʼʃuːnɛr]	[elʼɛvɛnə]
aksjoner	*elevene*

Standard/oslomål

8.16.4.2 Tynset

I tynsetmaterialet finn vi langt færre samvariasjonsrestriksjonar. I praksis er det berre restriksjonar mellom monoftongering av *ei* og presens av svake verb, og mellom trykkplassering i importord og bestemt form fleirtal av substantiv: PRES.SV ⊃ MON (5) og BFPL ⊃ TRYKK (5). Vi finn ingen einsidige restriksjonar mellom TRYKK og PRES.SV, men finn både eksempel på at TRYKK er nivellert og ikkje PRES.SV og motsett. Det finst altså både ordformer som *ʼfungerer* og *fungʼere* i tynsetmaterialet. I tabell 8.16.2 ser vi eit oversyn over eit tenkt kontinuum mellom den lokale ordforma og ordforma slik ho vert uttalt i standard austnorsk for dei aktuelle variabelkombinasjonane:

Tabell 8.16.2 Tynset dialekt–standard-kontinuum


Opphavleg tynsetdialekt

mon/pres.sv	**trykk/bfpl**	**trykk/pres.sv**
[rese]	[ʼpeʃunɑn]	[ʼfʉŋerə]
[reise]	[peʃʼunɑn]	[ʼfʉŋerər]
*[reser]	*[ʼpeʃunene]	[fʉŋʼerə]
[reiser]	[peʃʼunene]	[fʉŋʼerər]
reiser	*personene*	*fungerer*

Standard/oslomål

8.16.4.3 Oppsummering og konklusjon

Vi har sett at dei fleste og mest tydelege samvariasjonsrestriksjonane går mellom dei morfologiske variablane på den eine sida og dei fonologiske/prosodiske på den andre. Desse relativt klare samvariasjonsrestriksjonane kan indikere eit "bleeding–feeding" forhold, der bruk av morfologisk form bestemmer kva for fonologiske former som er moglege og ikkje. På Røros gir t.d. standardforma i bestemt form eintal *-ene* berre eit alternativ, nemleg alveolar uttale av lange alveolarar, medan dialektforma *-an* både opnar for palatal og alveolar uttale. På Tynset gir standardforma *-ene* berre eit alternativ når det gjeld trykkplassering, nemleg trykk på seinare stavingar, medan *-an* opnar for trykkplassering både på førstestaving og på seinare stavingar (tynsetmaterialet er vel å merke såpass spinkelt at eg først og fremst vil konsentrere meg om rørosmaterialet i denne oppsummeringa). Eit anna eksempel frå Røros er:



Dette indikerer igjen at morfologi går føre fonologi og prosodi. Dette stemmer godt overeins med det mønsteret som Auer (1997) kom fram til i sine analysar av tyske dialektdata. Ei rekkje av samvariasjonsrestriksjonane i desse dataa kan etter det Auer seier, oppsummerast under følgjande generelle prinsipp: "standard morphology prescribes standard phonology, but dialect morphology allows either phonological packaging (Auer op. cit.:87). Han seier vidare:

> This is indicative of a sociolinguistic situation in which dialect morphology is less "salient" than dialect phonology, while standard morphology has a relatively strong position, being a marked structure within the repertoire of the speakers which entails certain phonological adaptations.

Også i mitt materiale ser det ut til at dei morfologiske dialekttrekka er mindre saliente enn dei fonologiske dialekttrekka. Men denne måten å tenkje kring samvariasjonsrestriksjonar, er likevel ikkje tiltrekkjeleg, noko Auer også seier. Som vi såg ovafor, finn vi også hierarkiske (eller kvasi-hierarkiske) relasjonar mellom dei fonologiske variablane internt og mellom desse og den prosodiske variabelen TRYKK i rørosmaterialet. Desse restriksjonane kan altså ikkje forklarast med forholdet mellom morfologi og fonologi. Her

er det andre forhold som er viktigare. Restriksjonane heng truleg mest saman med kva for språktrekk som av ulike grunnar (språkinterne eller språkeksterne) er mest "saliente" (t.d. fordi dei er mest produktive, frekvente, lokale, rurale, stigmatiserte el.l.). Dei ulike variablane er dessutan svært heterogene. Som Auer peiker på, vil ulike variablar kunne vere meir og mindre fonologiske eller morfologiske og meir og mindre leksikaliserte. Ein bør derfor for det første vurdere dei ulike prosessane langs eit fonologi/morfologi kontinuum, og for det andre langs eit kontinuum mellom maksimalt produktive og maksimalt leksikaliserte fenomen. Dess meir leksikalisert ei form er, dess mindre vil sjansane for å kunne velje fonologisk eller morfologisk form vere. Viss ein av to variablar (fonologisk eller morfologisk) er meir leksikalisert enn den andre, vil som regel dialektvarianten av den mest leksikaliserte gi dialektvarianten av den andre variabelen, medan standardvarianten av den mest leksikaliserte variabelen er kompatibel både med standard- og dialektvarianten av den mindre leksikaliserte variabelen. Dette kan kanskje vere med på å forklare kvifor ein både finn former som *vår* og *vær* på Røros, medan ei form som *værrå* ville vere utenkjeleg (jf. pkt. 8.6). Men eg har vel å merke ikkje handsama vokalismen som ein eigen variabel, og har derfor ikkje sett på hierarkiske restriksjonar her.

Det har ikkje vore høve til å gå djupare inn i dei ulike variablane si plassering i høve til slike kontinuum her. Eg meiner likevel at dei variablane eg har vurdert i høve til samvariasjonsrestriksjonar, i hovudsak er nokså klare med omsyn til plassering langs fonologi/morfologi-aksen. APOK plasserer seg som nemnt i ein mellomposisjon, og ved denne variabelen finn vi heller ikkje så klare samvariasjonsrestriksjonar. Dei meir leksikalske eller leksikaliserte variablane, som JAM, K/KV/H, NEG, PERS.1 og PERS.3, har eg ikkje sett på i denne samanhengen.

Ein viktig metodisk konsekvens av uni-laterale restriksjonar mellom ulike variablar, er at ein strengt teke ikkje bør rekne variablar som står i eit strengt hierarkisk forhold til kvarandre, uavhengig av kvarandre, sidan språkbrukarane ikkje lenger står heilt fritt til å velje. Ved standardform av t.d. ubestemt form fleirtal på Røros (jf. eksempelet ovafor), burde eg altså i prinsippet ikkje ha talt med standardforma av rørossjibboletten, sidan den så å seie følgjer med på lasset. Denne metodiske reservasjonen gjeld kanskje likevel først og fremst for meir leksikaliserte variablar, der heile ordformer og ikkje enkeltvariablar blir skifta ut.